

## Tilleggsinnkalling

av  
Eldreråd

**Møtedato:** 03.10.2022

**Møtestad:** Alver rådhus - kantina

**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til på epost til arthur.kleiveland@alver.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
041/22	Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland

29. september 2022

Olav Magnus Steinsland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-130

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 25.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
041/22	Eldreråd	03.10.2022
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver kommunestyre	

## Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg, ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjera i kommunestyret

### Bakgrunn

Vestland fylke har sendt ut framlegg til regional plan for kultur, idrett og frivillighet 2023–2035 på høyring. Planframlegget har fått tittelen *Kultur bygger samfunn*. Høyringsfrist er 4. november.

Planen vert den første kulturplanen for heile Vestland fylke, og femner om eit breitt kulturomgrep i eit 12-årsperspektiv.

Det er tre dokument på høyring:

1. Regional plan for kultur, idrett og frivillighet – temaplan
2. Regional plan for kultur, idrett og frivillighet – aktør og fagplan
3. Handlingsprogram 2023 – 2026

Planen skal vere retningsgivande for planlegging på andre forvaltningsnivå, og ein felles plan for heile Vestland fylke.

Alver kommune deltar i planarbeidets administrative styringsgruppe, som overordna referansegruppe for planen.

### Saksopplysningars:

Planframlegget er omfattande og strukturert i tre delar. Saksutgreiinga oppsummerer ikkje desse av

omfangsomsyn, men referer til dei tre plandokumenta som ligg ved saka.

Kommunedirektøren tilrår uttale til planframlegget som følgjande:

**Høyringsuttale Alver kommune:**

Alver kommune ser det som positivt med ein ny og brei kulturplan for heile fylket, og ser fram til vidare godt samarbeid om utviklinga av det breie kulturfeltet framover.

Alver kommune har nyleg vedtatt samfunnsdel med følgjande hovudmål:

- *Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga*
- *Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender*
- *Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse*
- *Alver har eit berekraftig næringsliv, med Mongstad som landets fremste industrikklyng*

Til dette ligg tydelege målformuleringar og vegval, som på ulikt vis treff det breie kulturfeltet innan alle hovudmåla. Dette følgjast opp i prosessen knytt til kommande kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, som har tilsvarende tidshorisont som fylkeskulturplanen.

**Alver kommune vil særleg peike på følgjande tema:**

- Alver kommune ønskjer å framheve moglegheiter for felles innsats og utvikling når regional og lokal planlegging skjer i same tidsrom og for same tidshorisont.
- Alver kommunes samfunnsdel har som delmål *Alver har kulturhus og svømmehall i regionssenteret*. Ei slik utvikling vil oppfylle fylkeskulturplanens mål på fleire område. Alver kommune ser det som viktig og ønskjeleg med eit godt og tydeleg samarbeid med regionalt nivå om saka, og at fylkeskulturplanen i størst mogleg grad legg til rette for satsingar som støtter opp om desse viktige prosjekta i Nordhordland.
- Regionale verkemidlar og satsingar innan kulturfeltet må ha med seg Alvers særlege posisjon mellom tettstad, forstad og tradisjonsrike bygder, der kommunens kulturutviklingsbehov treff både som by og som bygd. Planframlegget omtalar Bergen og sterke regionsenter. Dei særskilde dimensjonane knytt til regionscenter som ligg nært byen må også takast omsyn til i fylkeskulturplanen.

Nye tal viser at nærleik til byens kultur- og idrettstilbod *ikkje betyr* at innbyggjarane i Alver i særleg stor grad nyttar dette. Samstundes har dei i liten grad slike tilbod i eigen kommune. Fylkeskulturplanen bør ta mål om seg å bidra til auka kulturtildot og -aktivitet i kommunane som ligg i kulturtildotsskuggen av Bergen.

- Seniorkultur, barne- og ungdomskultur, frivilligsentralar og utstyrssentralar er lite synleg i aktør- og

fagplanen. Dette er sentrale delar av kulturfeltet og bør få tydelegare omtale og retning i planen.

- Alver kommune ser generelt mål- og strategiformuleringane i handlingsprogrammet som dekkande og retningsgivande for fireårsperioden, men vil peike på at planen ser i liten grad ut til å prioritere.

#### **Generelle innspel:**

- Alver kommune ser at planen med fordel kan tydeleggjere samanhengane mellom målformuleringane i plandokumentet, handlingsprogrammet og måla i aktør- og fagplanen.
- I plandokumentet vert omgropa *mål og satsingar* nytta, mens i handlingsprogrammet er omgropa for same formuleringar *mål og delmål*. Det kan framstå uklart om det er ulike forventingar knytt til *satsing* kontra *delmål*.
- Alver kommune ser at det kan komme tydelegare fram korleis måla i aktør- og fagplanen er meint å oppfylle mål, satsingar og delmål i plandokumentet og handlingsprogrammet.
- Generelt er ikkje måla i dei ulike delane av planen formulert som mål, men som handlingar, vegval eller status. Dette skapar usikkerheit til kva som eigentleg er mål og kva som er vegval.

#### **Kultur bygger samfunn og handlingsprogram**

Alver kommune ser plandokumentet *Kultur bygger samfunn* som ei oversiktleg og god gjennomgang av feltet, og som legg tydelege overordna føringar for dei neste 12 åra. Spørsmål knytt til mellom anna arealbruk, kompetansetilgang, digitalisering, miljø, klima, inkludering og mangfold er viktig tema for det breie kulturfeltet i åra framover.

For Alver kommune er særleg arena- og møteplassfunksjonar viktig, og tema knytt til å vidareutvikle Nordhordland som ei attraktiv region med gode nærmiljø og aktivitetsanlegg. Alver kommune støtter perspektiva på etterslep på mellom anna svømmehallar, kulturhus og magasin, og at mangelfull tilgang til slik fysisk infrastruktur er ei sentral utfordring i tida framover.

Planen balanserer godt amatørkultur og frivilligheit mot profesjonell kultur og næringsperspektiv. Samspelet mellom amatør og profesjonell er grunnleggande for godt samspel på det lokale nivået. Fokuset på demokrati og deltaking er naturleg for eit breitt kulturfelt.

Alver kommune ønskjer eit sterkare fokus på ungdom enn det som kjem fram av planen. Plandokumentet omtalar kunnskapsgrunnlag, men er i liten grad retningsgivande for ungdomskulturen som eige felt.

Planen omtalar frivilligheit som eige tema på noko kort vis. Dette kan med fordel utdjupast, sjølv om amatørkultur og frivilligheit er gjennomgående i planframlegget. Frivilligsentralanes rolle er ikkje nemnd i planframlegget.

Planen omtalar tidlegare diskusjonar om nytteverdi kontra eigenverdi. Denne tradisjonelle diskusjonen er fagleg utdatert, og Alver kommune støtter at planen legg opp til meir oppdaterte definisjonar på kulturområdet. Likevel kan omtalen av desse perspektiva vere tydelegare formulert, og gjerast meir tilgjengeleg.

Alver kommune støtter hovudtrekka i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet omfattar dei fleste perspektiv innan det breie kulturfeltet. Likevel står ikkje denne delen av planen fram som særleg prioriterande og retningsgivande, men nærmast som oppsummerande. Fylkeskulturplanen skal femne mange, og ein ambisiøs og god regional plan som dette bør prioritere retning og utvikling på ein tydeleg måte.

Handlingsprogrammet legg fram eit vidt mangfold av strategiar for perioden 2023-2026, som vil fordre mange tiltak, kjapp finansiering, stor kapasitet og involvering frå svært mange ulike aktørar. Strategiformuleringane ser ut til å ha eit lenger perspektiv enn fire år, og framstår som gyldige for heile planperioden. Planen bør sjå om tidshorizonten for oppfølging av mål og strategiar er meiningsfull.

### Aktør og fagplan:

Alver kommune ser det som tenleg at planframleggelsen er tydeleg på dei ulike fagområda innan det breie kulturfeltet, men ser det som noko uklart korleis måla i denne delen heng saman med dei overordna måla i dei andre dokumenta.

#### 1. Kulturarv

Kulturarv som identitets og verdiskapingsressurs er viktig for nærings-, opplevings- og samfunnsutvikling. Samstundes femner det tilknytte målet breiare perspektiv enn kulturarv aleine, og er noko rundt formulert. Her er handlingsprogrammet meir retningsgivande.

Immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk er sentralt i å vidareutvikle lokal identitet og kunnskap til kommande generasjonar. Mellom anna er satsingar på distriktsmusikksammarbeid og tilgjengeleggjering av eksisterande kunnskap viktig. Målformuleringa ser til at Vestland skal vere leiande innan temaet, noko som fleire plassar vil vere eit stort sprang frå dagens situasjon.

Alver kommune ser at forventingane og oppgåvene til det lokale nivået når det gjeld førreformatoriske kulturminne generelt kan vere noko uklart. Målformuleringa tilseier at kommunane og det lokale skal ha del i dette, særleg opp mot frivillighet, deltaking og formidling.

Alver kommune ser målformuleringa knytt til bygningsvern og kulturlandskap som tenleg, og ser fram til vidare samarbeid om saksfeltet. Tilgjengeleg kompetanse til private eigarar gjennom kultur- og bygningsvernteneste er avgjerande. Alver kommune ser gjenbruk av eksisterande bygningsmasse som eit viktig fokusområde for å redusere klimaavtrykket, men ønskjer løysingsorientert fokus på utfordringar knytt til byggekrav og at kommunane i liten grad kan sjå til ekstern finansiering ved slike prosjekt. Kommunane er store eigarar av historisk bygningsmasse, samt store utbyggjarar.

Som kystkommune er vern av fartøy eit viktig tema som engasjerer breitt og som reflekterer ein svært viktig del av lokal kultur og historie.

Musea våre er sentrale aktørar i konservering og formidling av vår felles kulturarv. Alver kommune har gode museum som mellom anna forvaltar utmark som ressurs for mennesket, formidling av migrasjonshistorie og industrihistorie. I tillegg kjem eit stort frivillig engasjement og drift mellom anna knytt til einskilde bygningar og ulike tematiske satsingar.

Målformuleringa er knytt til aktive institusjonar med gode fellestener. Alver kommune ønskjer å peike på viktigheten av vidareutviklinga av fellestener som bygningsvernteneste og magasin. Gjenstandssamlingane i Nordhordland er liten grad registrerte, og i tilfelle oftast på papir. Situasjonen er sårbar og både materielle og

immaterielle kulturverdiar kan gå tapte.

Vidare ser Alver kommune at nordhordlandske perspektiv på kysthistorie og kystaktivitet kan formidlast tydelegare i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.

- Planen bør setje målet knytt til kulturarv som verdi- og identitetsskapande ressurs i ein tydelegare og breiare samanheng.
- Alver kommune oppmodar at planarbeidet ser mot strategiar som kan vise veg fram til ein leiande posisjon innan immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk.
- Planen bør tydeleggjere koplinga og forventinga til lokal innsats når det gjeld førreformatoriske kulturminne
- Alver kommune er historisk sett knytt saman av sjø og mindre vassdrag, og ser målet om å ta vare på eit mangfold av mobile kulturminne som tenleg og godt.
- Dersom ein skal få til eit større gjenbruk av eksisterande bygg, bør planen sjå til strategiar som støttar kommunane i denne saka, både knytt til behov for kompetanse, utfordringar knytt til byggestandard, og finansieringsspørsmål.
- Rammevilkåra for museumsfeltet er sentralt for utviklinga, og måloppnåinga fordrar eit fokus på medfinansiering av både nyinvesteringar og drift av museumsfeltet.
- Bygningsvertenesta har stor verdi og må oppretthaldast, og ein bør sjå etter magasinkapasitet for gjenstandsmateriale frå Alver kommune og Nordhordland.

## **2. Fysisk aktivitet, idrett og anlegg, friluftsliv, e-sport og gaming**

Alver kommune ser målformuleringane som tenlege og aktuelle. Samstundes kan det vere nyttig med drøfting om aldersmessig prioritering. Tilrettelegging for vaksenaktivitet, både i fysisk og sosial forstand, kan med fordel aukast i åra framover. Erfaringar frå pandemien viser konsekvensar av at vaksne ikkje kunne oppretthalde fysisk og sosial aktivitet på ein god måte.

Samstundes vert barn og unge oftast slått i lag som kategori i offentleg planlegging. Alver kommune ser utfordringar innan ungdomsidretten, men ei særlig negativ utvikling og relativ posisjon knytt til barneidrett.

Alver kommune støttar opp under satsingar knytt til inkludering, tilrettelegging og integrering, Målformuleringane innan feltet er tenlege og aktuelle.

Friluftslivet er òg i Alver vår mest populære aktivitet. Kommunen har svært gode naturgitte føresetnadar for å verte leiande innan friluftsliv. Planframlegget har eit godt fokus på arealforvalting, sikring og naturen som arena for friluftslivet. For Alver er spørsmål om eventuell nasjonalpark i Masfjordfjella viktige òg i ein friluftslivsdimensjon. Mange kommunar deltek i friluftsrådssamarbeid, som er ein dimensjon som i liten grad kjem fram i planen.

Friluftslivet er vidare ein god arena for alternativ til organisert idrettsleg aktivitet, også i eit folkehelseperspektiv. Friluftslivsanlegg som padleanlegg, stisykling og dagsturhytter er av stor verdi. Målformuleringane i planframlegget er tenlege og aktuelle, mellom anna knytt til tilrettelegging for menneske med særlege behov.

Anleggsutvikling er eit komplisert tema, og målformuleringa om varierte anleggstypar i lokalsamfunnet er naturleg. Spelemidlar er avgjerande for å realisere eit slikt mål. Samstundes har Vestland lengst ventetid på spelemidlar i landet. Spelemiddelregelverket er vidare orientert mot anleggsstandardar, som får konsekvensar for sambruk og nyskaping.

Alver kommune ser det som positivt at planframlegget er tydeleg på innsats knytt til e-sport og gaming. I tida framover vil det vere viktig med eit bevisst skilje mellom ulike nivå av e-sport på den eine sida, og sosiale gamingarenaar på den andre. Her er behova for utstyr, kompetansenivå og samlokalisering med andre aktivitetar ulike. Alver kommune har gamingarenaar i sine fem ungdomsklubbar og samarbeid med lokale

frivillige organisasjonar innan e-sport og gaming.

- Planen bør sjå etter strategiar som kan bidra til auka felles innsats for vaksne i eit breitt folkehelseperspektiv.
- I eit langsigkt planperspektiv bør ein sjå etter særlege strategiar knytt til dei yngste, der gode tilhøve og rekruttering òg kan bidra til auka deltaking på ungdomsnivå i framtida.
- Gjeldande mangfald og inkludering bør ein sjå etter tettare samarbeid mellom kommune, fylket og idrettskrets for framtida.
- Alver kommune ber om forsterka innsats for å bøte på ventetida for spelemidlar. Ordninga nyskapande aktivitetsanlegg bør styrkast, og regionen har behov for eit fellesskap i utviklinga av framtidsretta idretts- og aktivitetsanlegg.
- Alver kommune vil peike på verdien av regional innsats knytt til satsingar innan friluftslivet, som kartleggingar, planarbeid, dagsturhytter, merking og gradering og overnattingeskabinar, og ber om at slike fellessatsingar vert vidareutvikla i framtida.
- Alver kommune ønskjer at den regionale innsatsen for aktivitet på sjø vert styrka, og planen bør overordna perspektiv knytt til friutsrådssamarbeida.
- Det er behov for større regionalt fellesskap for e-sport og gaming. Målformuleringa legg fram *armlengds avstand*. Dette er i følgje planframlegget elles eit overordna prinsipp i planen, og etter Alver kommunes syn ikkje eit behov som gjeld særleg for e-sport og gaming.

### 3. Frivilligheita

Alver kommune støtter intensjonen i målformuleringa knytt til frivilligheit, men vil peike på behovet for konkretisering og samkjøring i framtidig arbeid. På lokalt nivå er oppfyllinga av eit slikt overordna mål i stor grad summen av svært mange små og mellomstore konkrete tiltak og utviklingar. Det er eit stort mål at frivilligheita skal fortsetje å vere ei sterkt kraft i sine lokalsamfunn, samstundes som ho skal bidra sterkare inn til berekraft og inkludering.

Alver kommune saknar òg omtale av frivilligsentralars rolle som aktørar i kommunane.

- Målretta strategiar og satsingar må utarbeidast i tett samråd med kommunane og frivilligheitas ulike fellesråd og regionale kompetansefunksjonar
- Planframlegget omtalar frivillig- og amatørkulturdimensjonar gjennomgåande etter fagområde og tema, men har kort omtale av spørsmålet i seg sjølv. Planarbeidet bør sjå om denne korte aktøromtala vil treffe godt nok under eiga overskrift.
- Utstyrssentralar og frivilligsentralar er lite synleg i aktør- og fagplanen. Frivilligsentralar er møtepunkt mellom frivilligheita og det offentlege, og ein premissleverandør for gode kultur – og folkehelsesamarbeid lokalt. Utstyrssentralar har på kort tid vokst seg til eit stort felt i regional og nasjonal samanheng, og har behov for regional retning og drøfting om kompetansefunksjonar.

#### 4.1 – 4.3 Arenaar og møteplassar, bibliotek, DKS, UKM og kulturskulen

Alver kommune støtter målformuleringane knytt til arena- og møteplassutvikling og arenaar for profesjonell kunst og kultur, og ser spørsmål om regionalt kulturhus opp mot desse måla. Samstundes er behova for møteplassar mangfaldige, og drivne av kommune, frivilligheita og private. Planens fokus på vidareutvikling av eksisterande arenaar er tenlege, der mange lokale problemstillingar òg handlar om vidareutvikling av det etablerte.

Alver kommune støtter det tydelege og gode fokuset planframlegget har på bibliotekområdet. Samstundes kan ordval som *danning* og *opplyste borgarar* verke noko mindre utviklingsorientert enn aktuelle framtidsperspektiv knytt til *ytringsfridom*, *mangfald* og *kjeldekritikk*.

Kulturutgreiinga frå 2014 peiker på ressursbruk i kommunane, men utgreiinga begynnar å verte aldrande.

Status for 2022 på dette spørsmålet vil vere viktig informasjon for korleis ein kan jobbe for auka ressursar til bibliotekområdet. Utviklings- og prosjektmidlar dekker i mindre grad behov som kan oppstå med bakgrunn i avgrensa lokale ressursar. Slike midlar krev eigenfinansiering og tidsressursar, og dekker arbeid innan mindre tema og med mindre summar.

Fellesfunksjonar er avgjerande for god og effektiv bibliotekdrift og -utvikling. Samstundes kan oppgåvane og kostnadane vere ujamt fordelt.

Alver kommune ser målformuleringa om DKS som tenleg og god, og har sterkt fokus på DKS lokalt. Samstundes har Alver svært mange skular som skal få tilbod gjennom DKS. Den kommunale DKS-innsatsen er viktig for å sikre eit jamt fordelt og breitt tilbod til skulane, og kunne trekke vekslar på lokal kultur og kulturarv.

Alver kommune støtter målformuleringa knytt til UKM, men saknar omtale av ungdoms- og fritidsklubbar og andre eigenorganiserte arenaar i denne delen av planframlegget. Planen bør ta med seg viktige arenaar for eigenorganisert ungdomskultur

Alver kommune ser målformuleringa om kulturskulen som tenleg og god, og vil særleg peike på tema knytt til interkommunalt samarbeid innan talent- og kompetanseutvikling. Slike djupe utviklingsprogram er ressurs- og kompetansekrejkande for den einskilde kommunen, og gjeld eit mindretal av elevane. Samstundes er det viktig at ikkje reiseveg vert for lang for den enkelte ved slike interkommunale satsingar.

Saman med arenautviklings- og mangfaldsspørsmål, er moglegheiter for kombinasjon av distriktsmusikarstillingar med arbeid og oppgåver i lokale kulturskuluar positivt. Bruk av kulturskulens ressursar inn i DKS og DKSS forankrar det lokale kulturperspektivet inn i skuleverket, og bidrar til å gjere kulturskulen til ein meir attraktiv arbeidsgivar.

- Alver kommune oppmodar at ein i framtidig arbeid ser til ressursfordelingsproblematikk i utviklinga av fellesfunksjonar og -tenester innan bibliotekfeltet. Vidare kan omtalen av feltet med fordel vere meir utviklingsfokusert, og målformuleringane med fordel spissast mot fremtidsretta perspektiv og bruk av omgrep.
- Alver kommune oppmodar fylket til å sjå på fordeling av DKS-midlar, for å vekte geografi og skuletal på ein måte som kjem elevane til gode, der fordelinga til Alver per i dag ikkje er økonomisk berekraftig over lengre sikt.
- Alver kommune ber om at planen omtalar ungdoms- og fritidsklubbar, som demokratistyrte arenaar for eigenorganisert aktivitet, med stort potensiale for utvikling av barne- og ungdomsarbeidet i sitt nærmiljø.
- Alver kommune ønskjer vidare satsing på distriktsmusikarordningar, som kan stå i samband med lokale kultursuleressursar. Alver kommune ønskjer å delta i dialog knytt til utvikling av talentutvikling på interkommunalt nivå innan kulturskuleområdet. Kompetansebehovet innan kulturskulen er stort, og satsingar frå regionale utdanningsinstitusjonar særleg retta mot kulturskulefeltet er svært positivt.

#### **4.4 – 4.5 Det profesjonelle kulturfeltet, kreativ næring, musikk, visuell kunst, scenekunst**

Alver kommune ser positivt til planframleggets sterke fokus på kunstfeltet, kompetansebehov, kulturnæringsutvikling og opplevelsingrimensjonar. Desse temaa er avgjerande del av kulturfeltets infrastruktur, som òg amatørkulturen og frivilligheita er avhengige av.

I arbeidet med Alvers samfunnsdel og KDP for kultur, idrett og friluftsliv kjem det fram tydelege behov for auka fokus på kultur- og opplevelingstilbod med profesjonelle dimensjonar , og kunst i det offentlege rom. Kulturundersøkinga for Alver i 2019 viser òg at innbyggjarane i mindre grad er nøgde med tilboda innan temaa.

Feltet er samansett, og består av ei rekke små føretak i tett samspel, som likevel kan ha stor rekkevidde.

Regionale kompetansesenter og god fysisk infrastruktur er avgjerande for feltet.

Alver kommune er del av ein større arbeids-, busetnad- og kulturregion, og dreg nytte av tilbod, marknad og kompetanse som eksisterer i Bergensregionen. Samstundes kan tala tyde på at innbyggjarane i Alver i mindre grad nytter seg av tilbod i Bergen enn forventa, og i mindre grad har tilgang på opplevingstilbod i brei forstand i eigen kommune. Alver er vidare ein svak heimleg marknad for næringer som driv innan kultur- og oppleavingsverksem, og har få lokale høve for utdanning innan kulturfeltet.

I dei seinare åra har arena- og prosjektutvikling i Alver fokusert på desse spørsmåla, mellom anna med etableringa av Meieriet Frekhaug, tilrettelegging for kultur i nye skuleprosjekt, og fokus på kultur- og aktivitetsbasert reiseliv og prosjekt knytt til kunst i det offentlege rom.

Alver kommune har vore vertskap for TV- og filmproduksjonar dei siste åra. Kyst- og kulturlandskapet i regionen er veleigna, og Alver kommune ønskjer slike produksjonar velkomme. Samstundes er det historiefortelling og forfattarskap frå regionen som i liten grad er reflektert innan TV- og film.

Alver kommune er velkjent som ein stor korpskommune, med eit breitt og variert miljø. Sterke skulekorps, vaksenkorps og elitekorps utgjer eit økosystem som er utviklande og inkluderande, er bevisste rekrutteringsarbeid og utvikling av brass som eigen kunstart.

Alver har vitale kormiljø, og fleire arrangørorganisasjonar. Regionale kompetansefunksjonar er viktige, og samarbeidsflatar mellom amatørkulturråda vitkige. Samstundes peiker særleg musikkfeltet på behova for betre akustisk tilrettelegging i øvingslokala, og eit større produksjons- og framsyningslokale som kulturhus.

Tilbodet innan scenekunst er avgrensa i Nordhordland, mellom anna grunna mangel på framsyningsarenaar. Likevel har regionen eit samla og sterkt revymiljø. Fokus på scenekunst innan DKS, både tilreisande produksjonar og tilgang på elevframsyningar ved større etablerte institusjonar i Bergen, har eit regionalt perspektiv, der kostnadane for reiseverksemda er aukande, mens større produksjonsarenaar manglar lokalt.

- Alver kommune vil peike på målformuleringa og omtale knytt til kulturbasert næringsutvikling og auka attraktivitet og bulyst, som ei svært aktuell problemstilling i Nordhordland.
- Alver kommune støtter målformuleringa knytt til det profesjonelle kunstfeltet, men ønskjer å peike på at denne er aktuell for eit breiare kulturperspektiv enn profesjonell kunstverksem, og kan vurderast meir ålmənt opp mot det øvrige planframlegget.
- Alver kommune ser behova for regional innsats for kompetanse og samarbeid for å styrke feltet vidare, og ønskjer å vere ein aktiv part i strategiutviklingsprosessar i framtida. Kommunen har etablerte mål og strategiar for visuell kunst og arenautvikling, mellom anna kulturhus, og dagens tilskotsordningar til kulturygg bør styrkast.
- Alver kommune ser positivt til regional innsats for å styrke samarbeidet mellom amatørkulturråda i kommunane.
- Alver kommune ser behov for regionalt fokus på samspel knytt til utvikling av kultur- og opplevingsnæringer, som ytre del av ein større kulturregion rundt Bergen.
- I samband med målformuleringa knytt til film i Vestland som speglar og utfordrar samfunnet, ønskjer Alver kommune å rette merksemd til Nordhordlandsregionen, som ein arena for filmproduksjon og eit utgangspunkt for historiefortelling.
- Alver kommune ser målformuleringane knytt til musikk som tenlege, særleg sett i samband med spørsmål om arenautvikling.
- Alver kommune ser målformulering knytt til litteratur som tenlege.
- Alver kommune ser målformulering knytt til visuell kunst som god. Alver kommune ser behov for at det i større grad er tilgjengelege prosjektmidlar til regionale utviklingssamarbeid med deltagning frå kommunar, profesjonelle og dei frivillige delane av feltet.
- Alver kommune vil peike på Nordhordlands posisjon for å kunne tilby berekraftige og kulturbaserte reiselivs- og opplevingstilbod, særleg knytt til friluftslivet på land og sjø og i samband med eventuell nasjonalpark i Masfjordfjella.

## **4.6 – Nynorsk språk og internasjonalt kultur- og idrettsliv**

Alver er ein av landets største nynorskkommunar, og har tydelege målsetjingar knytt til språk. Alver kommune støtter avsnittet 4.6 om språk, og intensjonen med målformuleringa.

- Omgrepet *kvardagsspråk* kan oppfattast lite definert, og ein kan i målformuleringa med fordel vurdere plass til språkdimensjonar knytt til fag- og administrasjonsspråk.
- Alver kommune har ei veksande satsing på *Nynorskdagane i Alver*. Alver ser at denne nynorske kulturfestivalen har potensiale til å verte ei satsing med regional og nasjonal rekkevidde, og ber om at fylkeskulturplanen ser positivt til denne nynorske kultursatsinga.
- Alver kommune vil peike på viktigheita av regional rådgjeving og kompetanseutveksling knytt til internasjonale samarbeid, og ønskjer å bidra i dette spørsmålet.

## **5 Inkludering, intergrering, folkehelse, helse, DKSS**

Alver kommune støtter formuleringane under inkludering og mangfold, og ser målformuleringane som gode oppdrag til kulturfeltet.  *Ingen skal utelatast* er ei klar melding til området, men er ikkje formulert som eit mål. Alver kommune har eit tett samspel mellom flyktningtenester og kultur på ein rekke felt, med mål om blant annet få inkludert fleire i kultur og idrett.

Generelt prøver 5.1 å gape over mange store spørsmål, som inkludering, integrering, magnfaldsperspektiv og arbeid. Dette er tema med ulike kontekster og ikkje alltid av lik karakter. Planarbeidet bør sjå om dette kapittelet skal brytast opp noko, for å tydeleggjere problemstillingane i større grad.

Målformuleringane om folkehelse og kultur og helse er naturlege oppdrag til det breie kulturfeltet, men er òg gjennomgripande perspektiv. Planframlegget framstår ikkje som ei tydeleg bestilling i eit helseperspektiv.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ein avgjerande del av seniorkulturen, men vil frå lokalt ståstad framstå som underfinansiert. Vidare er kulturtilbod til senior og eldre mykje breiare enn DKSS aleine. Behovet er aukande, og mottakarane mangfoldige. Kompetanse knytt til tilbod til yngre brukarar bør styrkast.

- Alver kommune vil särlege peike på viktigheita av inkluderande kulturtiltak som Fargespill/Fleire fargar og at kompetanse på metodikken er tilgjengeleg lokalt. Dette er kostbare produksjonar men med stor effekt. Ein bør vurdere støtteordningar for lokale produksjonar i fylket.
- Alver kommune ønskjer at planen retter tydeleg merksemeld til musikkterapifeltet
- Utstyrssentralar bør omtalast i planen, dette er viktige og effektive tiltak, som inkluderer, aukar deltakinga, sørger for mangfold og har ei klar sosio-økonomisk side.
- Planen bør omtale perspektiv breiare enn DKSS knytt til senior- og eldre. Sosiale kultur- og aktivitetstilbod utanfor institusjon er viktig for svært mange, og kan utvide perspektivet for fleire dei som er i institusjon.

Alver kommune ser at seniorkulturfeltet har store behov for framtida, og ønskjer at det vert retta fokus på dette i planen i eit breitt perspektiv.

### **Vedlegg i saka:**

27.09.2022	Handlingsprogram høyringsutkast politisk vedteke	1809974
27.09.2022	Regional plan for kultur idrett og frivilligheit høyringsutkast politisk vedteke	1809975
27.09.2022	Aktør og fagplan høyringsutkast politisk vedteke	1809976





Høyringsutkast,  
Fylkesutvalet  
6. september 22

# Kultur bygger samfunnshandlingsprogram 2023-2026

Regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035, Vestland, del 3



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

<b>Innhald .....</b>	<b>2</b>
<b>Handlingsprogram 2023 - 2026.....</b>	<b>3</b>
<b>Visjon .....</b>	<b>4</b>
<b>Overordna mål .....</b>	<b>4</b>
1. <b>Vestland - ein leiande region.....</b>	<b>6</b>
2. <b>Berekraft .....</b>	<b>7</b>
3. <b>Demokrati, deltaking og mangfold.....</b>	<b>8</b>
4. <b>Verdiskaping .....</b>	<b>9</b>
5. <b>Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling.....</b>	<b>10</b>

# Handlingsprogram 2023 - 2026

«Kultur bygger samfunn» – regional plan for kultur, idrett og frivilligheit er ein plan for heile fylket. Denne regionale planen varar frå 2023 – 2035.

Ein slik regional plan skal vere ein plan for heile det breie kulturfeltet: Frivillige lag og organisasjonar, idretten og friluftslivet, profesjonelt og frivillig kunst- og kulturliv, institusjonar og verksemder. Planen skal også vere relevant for det offentlege, og er retningsgjevande for statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd, jf. plan- og bygningsloven.

Realiseringa av planen er eit felles ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane og sivilsamfunnet.

Det er også utarbeidd ein del 2 - Aktør- og fagplan. Den skal bidra til å realisere dei overordna måla, delmåla og strategiane innanfor dei ulike fagområda. Det skal i 2023 utarbeidast eigne relevante strategiar og tiltak innan det einskilde fagområde, som eit supplement til dette handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet skal peike på korleis visjonen og måla i planen skal realiserast. Det skal gi retning og forplikte partnarane i fylket for å nå måla.

I dei tolv åra planen gjeld vil samfunn og rammevilkår vere i stadig endring. Planen skal gje rom for å fange opp endringar, moglegheiter og nye utfordringar.

Visjon, overordna mål, mål og delmål gjeld for heile planperioden. Strategiane i dette handlingsprogrammet gjeld for 4 år, og skal rullerast etter dette.

# Visjon

## Kultur bygger samfunn

# Overordna mål

Fridom og høve til å skape, oppleve og delta

Planen har 5 satsingsområde;

### **Ein leiande region**

Mål: Vestland skal vere eit leiande kulturfylke.

### **Berekraft**

Mål: Kulturen i Vestland skal vere pådrivar for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

### **Demokrati, deltaking og mangfald**

Mål: Vestland skal vere eit ope, inkluderande og mangfaldig samfunn med låge barrierar for deltaking.

### **Verdiskaping:**

Mål: Kulturen skal vere fri og uavhengig, og utvikle Vestland med kreativ kraft.

### **Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling:**

Mål: Kunnskap skal vere grunnlaget for ei systematisk og planmessig kulturutvikling.

# 1. Vestland - ein leiande region

Strategiar 2023 – 2026		
Mål:	Vestland skal vere eit leiande kulturfylke.	
<b>Delmål:</b>	<p>1. Vestland skal ha eit profesjonelt kunst- og kulturliv på høgaste nivå.</p> <p>2. Vestland skal gjennom kulturelle kraftsenter bygge vidare på, og utvikle regionale kvalitetar og ressursar.</p> <p>3. Ein solid kulturell grunnmur og samarbeid mellom profesjonelle og frivillige aktørar, private og offentlege partar skal vere grunnlaget for satsing på topp og breidde.</p> <p>4. Vestland skal ha ein sterk kulturell infrastruktur i heile fylket, der opne og inkluderande kulturarenaer skal vere fundamentet for eit mangfaldig tilbod av aktivitetar med mogleheter for alle.</p> <p>5. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet.</p>	<p>1. <i>Utvikle eit variert tilbod av aktivitetar og mogleheter i Vestland.</i></p> <p>2. <i>Sikre tilgang til opplevingar av profesjonell kultur i heile fylket.</i></p> <p>3. <i>Styrke eit godt utval av institusjonar og eit kulturtilbod av høg kvalitet nasjonalt og internasjonalt.</i></p> <p>1. <i>Vestland skal styrke si leiande rolle ved å satse på og utvikle kulturelle kraftsenter.</i></p> <p>1. <i>Den kulturelle grunnmuren vert styrkt i alle kommunar som grunnlag for ei brei kultursatsing og for å bygge opp spisskompetanse og topp.</i></p> <p>2. <i>Styrke moglegheitene for å kunne utdanne seg i og leve av kultur, idrett og frivillighet i Vestland.</i></p> <p><i>Styrke infrastrukturen gjennom:</i></p> <p>1. <i>auka samarbeid mellom aktørane</i></p> <p>2. <i>berekraftig utvikling av møteplassar og arenaer</i></p> <p>3. <i>stimulere til eit variert utval av kunst og kulturinstitusjonar innan heile feltet</i></p> <p>4. <i>profesjonelle aktørar innan det frie feltet i heile fylket</i></p> <p>5. <i>ein sterk frivillig sektor</i></p> <p>6. <i>eit godt samarbeid om kunnskapsproduksjon og -deling.</i></p> <p>7. <i>Gode arenaer tilpassa behov og bruk i alle kommunar.</i></p> <p>1. <i>Sette dagsorden for relevante tema nasjonalt og regionalt.</i></p> <p>2. <i>Styrke nettverk og kompetansedeling i heile fylket.</i></p> <p>3. <i>Støtte initiativ og satsingar i kulturfeltet gjennom målretta kulturpolitikk.</i></p>

## 2. Berekraft

Strategiar 2023 – 2026		
Mål:	Kulturen i Vestland skal vere pådrivar for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.	
Delmål:	<p>1. Samarbeid, kunnskapsdeling, formidling og dialog skal fremje berekraft.</p> <p>2. Kulturlivet skal redusere eige klimaavtrykk gjennom bevisst planlegging og gjennomføring av aktivitetar og tiltak.</p> <p>3. Eit demokratisk og inkluderande kulturliv med låg terskel for deltaking skal vere ein ressurs for å utvikle berekraftige og mangfaldige lokalsamfunn.</p> <p>4. Ei god forvaltning av kultur og naturarven skal vere grunnlag for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.</p> <p>5. Vestland skal ha ein berekraftig kulturell infrastruktur.</p>	<p>1. Utvikle sterke og kunnskapsrike miljø med ulik kunnskap om berekraft og kultur.</p> <p>1. Sette miljø- og klimautfordringane på dagsorden i det breie lag av befolkninga.</p> <p>2. Stille krav til at kultursektoren leverer på klimamåla, og nyttar dette som ei positiv kraft i verdiskapinga.</p> <p>3. Samhandle slik at ein skapar møteplassar, innovative samarbeidsmodellar og kompetansebygging mellom ulike aktørar for å ivareta og utvikle kultursektoren i eit berekraftsperspektiv.</p> <p>1. Gjere mangfaldet i kultur- og natur til ein ressurs i eit berekraftig samfunn.</p> <p>2. Bygge arenaer for kunnskap, formidling og samtale om berekraft.</p> <p>3. Aktivt bruke og formidle tradisjonsborene kunnskap og kompetanse til ombruk, nybygg og rehabilitering av bygg og anlegg som del av sirkulærøkonomien.</p> <p>1. Finne løysingar i møte med klimaendringar som utfordrar forvaltinga av kulturmiljø og kulturminne.</p> <p>2. Bruke kulturlandskap og skjøtsel som verkemiddel for berekraft.</p> <p>3. Sikre god forvaltning av natur og friluftslivsområder i Vestland.</p> <p>1. Utvikle infrastruktur som er sosialt berekraftig, og med innhald som er relevant og viktig for innbyggjarane i Vestland.</p> <p>2. Implementere «Grønt vegkart» for kultursektoren.</p>

# 3. Demokrati, deltaking og mangfald

Strategiar 2023 – 2026		
Mål	Vestland skal vere eit ope, inkluderande og mangfaldig samfunn med låge barrierar for deltaking.	
Delmål		
	1. Vestland skal gi innbyggjarane høve til å tilegne seg, påverke og utvikle kulturen i eigen region.	1. Legge til rette for at alle skal kunne delta, gjennom universell utforming, arbeid med haldningar og tilbod som utjamnar sosioøkonomiske og kulturelle forhold.
	2. Alle som ønskjer det skal kunne ta del i meiningsfull aktivitet. Eldsjeler og initiativ skal blomstre i lokalsamfunna i Vestland.	1. Utvikle relevante verkemiddel både i offentleg og privatsektor som styrker eit variert tilbod innan kultur og frivillig aktivitet, med prioritert for born, unge, eldre og særskilde grupper.
	3. Kultur, idrett og frivillighet skal bygge på likeverd og mangfold, forebygge utanforskaps- og medverke til inkludering.	1. Sette særleg fokus på utanforskapsengasjement og samfunnsdeltaking gjennom å spisse midlar inn mot deltaking, universell tilrettelegging og alders- og funksjonsvenlege samfunn.
	4. Det offentlege skal legge til rette for opne og inkluderande plattformer og arenaer	1. Utvikle gode møtepunkt mellom forvaltning og det breie kulturlivet. 2. Utvikle arenaer for brei ytring og meiningsmangfold. 3. Skape gode møteplassar gjennom styrking av det kommunale tenestetilbodet (den kulturelle grunnmuren). 4. Utvikle tilskotsordninger som støtter opp om arenautvikling og møteplassar.. 5. Styrke samhandling og nettverksarbeid 6. Søkje felles løysingar og sambruk på tvers av aktivitetar innan kultur, idrett og frivillighet.
	5. Kulturfeltet skal vere ein arena og pådrivar for ytringsfridom gjennom lågterskel møteplassar som fremjar toleranse og meiningsdanning.	1. Senke tersklane for å delta på tvers av geografi, kulturbakgrunn økonomi og alder, både på formelle og uformelle arenaer. 2. Gje rom for andre og nye røyster og søkje større breidde i uttrykk og deltaking.
	6. Vestland skal utviklast gjennom sterkt samhandling og nettverksarbeid på tvers i kulturlivet og med andre samfunnssektorar	1. Utvikle og styrke kunnskapsklynger på tvers av fagfelt og med relevans for ulike aktørar i fylket.

# 4. Verdiskaping

Strategiar 2023 – 2026		
Mål	Kulturen skal vere fri og uavhengig, og utvikle Vestland med kreativ kraft.	
Delmål	1. Kulturell verdiskaping i Vestland skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon.  2. Kultur- og naturarven i Vestland skal vere basis for verdiskaping.  3. Kulturelle kraftsenter som motor for kulturlivet skal styrke og vidareutvikle Vestland.  4. Kommunane skal sikre gode vilkår for det lokale kulturlivet.  5. I Vestland skal kunstnarar og kulturaktørar kunne arbeide og leve av verksemda si.  6. Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom satsing på utdanning av profesjonelle kunst- og kulturarbeidrar og gode nettverk for kunnskaps- og erfaringsdeling.	1. Styrke kultur som innovativ drivkraft. 2. Heile Vestland skal takast i bruk i den kulturelle verdiskapringa, på naturen sine premissar. 3. Utvikling og bruk av ny teknologi skal gå hand i hand med bygging av kreativ kraft. 4. Verdiskaping gjennom klynger og samarbeid mellom enkeltpersonar/eldsjeler skal utnytte komplementær kunnskap, der by og land kan utfylle kvarandre.  1. Kulturlivet skal ta sin del av ansvaret for å nå berekraftsmåla. 2. Styrke kulturlivet sin innovasjonskraft som bidreg til nyskaping.  1. Satsing på kulturelle kraftsentera som bidreg fagleg på sine områder regionalt, nasjonalt og internasjonalt. 2. Styrke og vidareutvikle kulturelle kraftsenter som motor i Vestland  1. Sikre levande og inkluderande lokalsamfunn i heile fylket. 2. Kommunane skal legge til rette for eit aktivt og levande frivillig kulturliv. 3. Den kulturelle grunnmuren skal styrkast som vekstgrunnlag for kulturlivet. 4. Kommunane skal medverke til at det er mogleg å skape og oppleve kunst på profesjonelt nivå.  1. Styrke det frie feltet gjennom fagleg nettverksarbeid og målretta verkemiddel på kommunalt og regionalt nivå. 2.Utfordre til fleire statlege verkemiddel. 3. Støtte opp under kulturell og kreativ næring i Vestland.  1. Styrke samhandling og nettverksarbeid på tvers i kulturlivet og mot andre samfunnssektorar. 2. Styrke samhandling mellom kulturfeltet, forsking og utdanning, samt innovasjons- og næringssektoren.

# 5. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling

Strategiar 2023 – 2026		
Mål:	Kunnskap skal vere grunnlaget for ei systematisk og planmessig kulturutvikling.	
<b>Delmål:</b>	<p>1. Det skal leggast til rette for forsking og kunnskapsutvikling i samarbeid mellom universitet og høgskule (UH)-sektoren, offentleg forvalting og kulturlivet.</p> <p>2. Finansiering av kunnskaps- og forskingsaktivitet i kulturlivet skal styrkast.</p> <p>3. Det skal leggast til rette for at kulturlivet søker kunnskap om eige fagfelt gjennom samarbeid og deltaking regionalt, nasjonalt og internasjonalt.</p> <p>3. I Vestland skal ein stimulere til nettverk, klynger og samhandlingsarenaer for kunnskapsdeling og -utvikling. Ei særleg styrking av fagmiljø som utviklar og systematiserer kunnskap innan kultur.</p>	<p>1. Bruke forsking og kunnskapsutvikling som bidrag til god oppgåveløysing og politikkutvikling i kultursektoren.</p> <p>2. Bygge eit heilskapleg kunnskapssystem som basis for utviklinga av kulturfeltet.</p> <p>1. Utfordre statlege aktørar til auka satsing.</p> <p>2. Nytte regionale forskingsfond og statlege midlar til utvikling i Vestland</p> <p>1. Styrke tilgjengeleggjering og formidling av relevant og kvalitetssikra kunnskap.</p> <p>2. Støtte og stimulere til deltaking på nasjonale og internasjonale kunnskapsarenaer.</p> <p>1. Arbeide for eit felles kunnskapsløft på tvers av forvaltningsnivå og aktørar, m.a. ved å etablere kunnskapsklynger som går på tvers.</p> <p>2. Vidareutvikle kunnskap som avgjerdsgrunnlag for kulturpolitikken på fylkeskommune- og kommunenivå.</p>

# Aktør og fagdel

Aktør og fagdel skal bidra til å realisere dei overordna måla, delmåla og strategiane innanfor dei ulike fagområda.

Som eit supplement til dette handlingsprogrammet vil det i 2023 bli arbeida ut relevante strategiar og tiltak innan dei enkelte fagområda. Desse skal ein utarbeide saman med aktørane i dei ulike fagfelta.





vestlandfylke.no





Høyringsutkast  
Fylkesutvalet  
6. september 22

# «Kultur bygger samfunn»

HØYRINGSFRAMLEGG

Regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035 – Del 1



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1. Planlegging for kultur .....	6
1.2. Planen sin funksjon og form .....	7
1.2.1. Politisk dokument .....	8
1.2.2. Dialogverktøy .....	8
1.2.3. Bygd på kunnskap.....	8
1.3. Visjon og mål .....	8
1.4. Satsingsområde .....	9
<b>2. Føresetnader for planen.....</b>	<b>10</b>
2.1. Berekraftsmåla og kulturpolitikken .....	10
2.2. Regionale mål .....	11
2.3. Samanheng mellom regionale og kommunale planar .....	12
2.4. Tilhøvet til andre regionale planar.....	12
<b>3. Kulturpolitikk og samfunnsutvikling .....</b>	<b>13</b>
3.1. Ulike kulturomgrep.....	13
3.2. Eigenverdi og samfunnsverdi .....	13
3.3. Armlengds avstand.....	14
3.4. Nasjonal pådrivar for kulturpolitikken .....	15
3.5. Regionalt ansvar og regional verdi.....	16
3.6. Regional rolle .....	16
3.7. Kulturpolitiske verkemiddel.....	17
<b>4. Utfordringar i Vestland.....</b>	<b>18</b>
4.1. Grøn omstilling og berekraft .....	18
4.2. Balansert areal og naturressursbruk.....	18

4.3.	Digitalisering.....	19
4.4.	Kompetanse og kunnskap.....	20
4.5.	Attraktive stader og gode nærmiljø .....	20
4.6.	Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv .....	21
4.7.	Eit likeverdig samfunn.....	22
4.8.	Frivillighet.....	23
4.9.	Integrering og inkludering.....	23
4.10.	Ungdom – trivsel og tilhøyrslе.....	24

## **5. Satsingar i Vestland 2023 – 2035 ..... 26**

5.1.	Visjon og mål .....	26
5.2.	Vestland - ein leiande region .....	26
5.2.1.	Satsingar.....	27
5.3.	Berekraft .....	33
5.3.1.	Satsingar.....	34
5.4.	Demokrati, deltaking og mangfold .....	37
5.4.1.	Satsingar.....	38
5.5.	Verdiskaping .....	41
5.5.1.	Satsingar.....	42
5.6.	Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling .....	45
5.6.1.	Satsingar.....	46

## **Vedlegg      48**

### **1. Behov for nye planar..... 49**

1.1.	Behov for andre planar for kultur, idrett og frivillighet .....	49
------	---	----

### **2. Definisjonar og ordbruk innan feltet ..... 51**

1.	Demokratibygging.....	51
2.	Den kulturelle grunnmuren .....	51

3.	Kultur - eit samleomgrep .....	51
4.	Kulturell infrastruktur.....	51
5.	Partnarskapen.....	51
6.	Eit relevant og representativt kulturliv .....	52
7.	Kultur som samfunnsbyggande kraft.....	52
8.	Det utvida kulturomgrepet.....	52
9.	Ytringskultur .....	53

### **3. Prosess og medverknad i utarbeiding av planen ..... 54**

1.	Ekstern medverknad.....	54
2.	Politisk medverknad .....	2
3.	Politisk saksordførar.....	3
4.	Intern medverknad og organisering.....	3
5.	Tidsplan for utarbeiding av regional plan .....	3

# 1. Innleiing

## 1.1. Planlegging for kultur

Kunstnarar og kulturarbeidarar, idrettsutøvarar og friluftsinteresserte, frivillige som driv med musikk eller kulturarv, orkester og kor, institusjonane, arkiva, musea, biblioteka, kulturhusa, kinoane, festivalane, lag og organisasjonar, skular, universitet og høgskular, dei som skriv, publiserer, og dei som les.

Alle desse, og mange fleire, er byggesteinar i eit rikt og mangfaldig kulturliv. Kvar for seg er dei nødvendige ressursar i det samspelet som utviklar Vestlandssamfunnet. Eit samfunn der kultur skaper meinung og livskvalitet for alle, og der retten til frie ytringar, utfalding og skaping er sjølvsga. Om ein bur i Bergen eller Voss, Sveio, Stad, Solund eller Luster. Kultur er føresetnaden for eit Vestland som veks fram nedanfrå, der civilsamfunn, offentlege styremakter og næringsliv skaper rom for at vi som einskildpersonar eller fellesskap kan realisere gode liv.

Planen skal utfordre desse aktørane til samarbeid om å utvikle ein leiande kulturregion. Det er eit ambisiøst mål, men høver bra for eit stort og viktig fylke som Vestland.

Det breie nedslagsfeltet gjer at planen som hovudregel nyttar eit utvida kulturomgrep. *Kultur* vert brukt som ei fellesnemning for kunst, allmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemder, kulturell og kreativ næring. Der det er snakk om spesifikke fagområde eller sektorar vert det likevel nytt spesifikke namn på desse.

Ein energisk og ambisiøs kultursektor kjem ikkje av seg sjølv. Ein kan ikkje realisere offensive mål utan ein aktiv og målmedveten kulturpolitikk, i staten, fylkeskommunen og i kommunane. Prioritering av offentlege midlar til kulturføremål bidreg til mangfald og variasjon, stimulerer medverknad, og at kulturlivet kan utfalde seg til gagn og glede for alle. Gode offentlege ordningar sikrar initiativ og infrastruktur for kulturlivet. Offensiv kulturpolitikk står opp om eit kulturliv som er rikare, meir mangfaldig og meiningsberande enn det privat og frivillig kultursektor kan skape åleine. Gode offentlege ordningar bidreg også til auka samskaping på tvers av sektorar.

Skal Vestland utvikle seg som leiande kulturregion, må kommunane styrke kulturpolitikken sin til beste for det lokale kulturlivet, for frivilligheita, dei profesjonelle og institusjonane. Fylkeskommunen må ha dei beste verkemidla for utvikling av det regionale og nasjonale kulturfeltet. Staten og statlege organ må auke sine kulturpolitiske satsingar i regionen i sams spel med kulturlivet og offentleg verksemd.

Offentlege styremakter må framfor alt vere lydhøye for kulturlivet sjølv. Der ligg dei viktigaste ressursane og initiativa. Vestland har ein brei og kompetent kultursektor, med samanheng mellom bredde til topp, og frå amatør til profesjonell. Idrettskrinsen med omlag 1000 idrettslag og 200.000 medlemskap er eit godt døme på kva god organisering av frivillig engasjement betyr. På same vis hevdar det profesjonelle kulturlivet og institusjonane i Bergen seg i nasjonal og internasjonal samanheng, og er ein motor for utviklinga i heile fylket. Talrike og unike verksemder, organisasjonar og initiativ utanfor storbyen, gir på sine vis nyskapande og markante bidrag til den samla kulturelle utviklinga.



Planen skal meisle ut ein kulturpolitikk for Vestland i dei neste 12 åra. Godt samspeil mellom desse gode kreftene er ein føresetnad for å realisere planen sine ambisjonar, og for at kultur skal bli ei kraft i bygginga av framtida sitt Vestland.

Planen er også eit uttrykk for at fylkeskommunen etter regionreforma har fått eit tydelegare ansvar som samfunnsutviklar. Slik figuren viser har difor planen som ambisjon å gi retning for, mobilisere og samordne eit stort og omfattande kulturområde. Dette kan berre gjerast i samarbeid med kommunane, staten og kulturlivet sjølv.

## 1.2. Planen sin funksjon og form

Regional plan skal vere ein plan for det breie kulturfeltet: Frivillige lag og organisasjoner, idretten og friluftslivet, profesjonelt og frivillig kunst- og kulturliv, institusjonar og verksemder. Planen skal også vere relevant for det offentlege, og er retningsgjevande for statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd, jf. plan- og bygningsloven.

Realiseringa av planen er eit felles ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane, og eit omfangsrikt sivilsamfunn.

Planen er delt i tre:



Del 1: Temaplan

Del 2: Aktør og fagplan

Del 3: Handlingsprogram

### **1.2.1. Politisk dokument**

Den nasjonale kulturpolitikken er heilskapen av politikken i staten, i fylkeskommunane og i kommunane. Koordineringa skjer m.a. gjennom den regionale planlegginga. Regionale planar skal samordne og mobilisere offentleg sektor, sivilsamfunn og næringsliv. Planane skal gi felles retning til prosessar i folkevalde organ i kommunane, i fylkeskommunen og i staten.

Planen bygger på vedteken kulturpolitikk og planar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Men, den set først og fremst mål og retning for tida som kjem. Brei medverknad i planprosessen sikrar at aktørane har felles forståing av utfordringar og moglegheiter, og at planen sine mål og tiltak er relevante.

*Utviklingsplan for Vestland 2020–2024* er grunnlaget for dei overordna prioriteringane i den regionale planen. Viktige kultursatsingar skal stå i samband med dei utfordringane som er peika ut for heile Vestlandssamfunnet. Dette gjer ein i tru og overtyding om det breie kultur, idrett og frivilligheitsfeltet sin relevans for samfunnsutviklinga. Slik vert kulturpolitikken også ein premiss i utviklinga av andre samfunnsområde. Under ligg eit ønske om auka samarbeid for å løyse felles utfordringar, sjå samanhengar, utvikle tilboda, og heve den samla livskvaliteten for innbyggjarane i fylket.

Planen bygger på fleire føresetnader. I tillegg til prinsippet om kulturen sin klare eigenverdi ligg FN sine berekraftsmål til grunn. Desse gir perspektiv på kultur som pådrivar for dei samfunnsendringane som må til for å sikre ei berekraftig utvikling, om det er økonomiske, sosiale eller miljømessige utfordringar. Aktivitet som bidreg til integrering og inkludering er viktig i planen, og skal prioritert. Andre tverrfaglege perspektiv skal gi kultur ein innfallsvinkel til det breie politiske arbeidet.

### **1.2.2. Dialogverktøy**

Planen skal samordne sprikande sektormynne. Den skal vere bindeledd mellom kommunane, fylkeskommunen og staten. Planen skal også vere retningsgivande for samordna innsats og verkemiddelbruk frå offentlege aktørar og sivilsamfunn. For å få til dette må planen vere eit verktøy for felles planlegging og gjennomføring. Gode relasjonar mellom det offentlege og eit stort og omfangsrikt kulturliv, er ein føresetnad for å utvikle kulturtilboda i samsvar med planen sine ambisjonar. Gode arenaer for samhandling vil, etter at planen er vedteke, skape dynamikk og betre samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

### **1.2.3. Bygd på kunnskap**

Kunnskap skal vere grunnlaget for ei systematisk og planmessig kulturutvikling i Vestland. Å jobbe kunnskapsbasert er å ta faglege avgjerder basert på forsking og erfaring, og med ei forståing av brukarane sine ønske og behov. Behova for god kunnskap om no-situasjonen, relevante utviklingstrekk og aktuelle utfordringar i Vestland er felles for både offentleg og privat sektor samt kulturtaktørane. Med denne kunnskapen i botn vert planen sine mål og satsingar etablerte.

## **1.3. Visjon og mål**

**Visjon: Kultur bygger samfunn!**

**Hovudmål: Fridom og høve til skaping, oppleveling og deltaking**

## 1.4. Satsingsområde

Tema 1 **Vestland – ein leiande region for kultur, idrett og frivilligkeit:** Korleis kan kultur vere ein ressurs og inspirasjon i samfunnsutviklinga?

Tema 2 **Berekraft:** Kva kraft kan kultur vere i realiseringa av FN sine berekraftsmål, og korleis kan krevjande utfordringar by på moglegheiter for framtida?

Tema 3 **Deltaking, demokrati og mangfald:** Korleis bidreg kultur til eit ope, inkluderande og mangfaldig samfunn?

Tema 4 **Verdiskaping:** Korleis skapar kultur sosial, miljømessig og økonomisk verdi for folk og samfunn?

Tema 5 **Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling:** Korleis gir kultur kunnskap og kva kunnskap treng kulturen?

## 2. Føresetnader for planen

### 2.1. Berekraftsmåla og kulturpolitikken



Regjeringa utarbeider kvart 4. år nasjonale forventningar til planlegginga i fylkeskommunar og kommunar. *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023* legg særleg vekt på følgjande utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
  - å skape eit økologisk berekraftig samfunn
  - å skape eit sosialt berekraftig samfunn
  - å skape eit trygt samfunn for alle



Regjeringa sine forventingar spring ut frå realiseringa av FN sine berekraftsmål. Dette krev omstilling av samfunnet. Måla er globale, men løysingane er lokale. Berekraftsmåla skal vere førande for samfunnsutviklinga i Vestland. Den regionale planen vil omsetje desse i ein kulturpolitisk kontekst.

Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft heng saman og påverkar kvarandre. Det er avgjerande å sjå måla i samanheng på tvers av fag og sektorar.

Kulturfeltet kan bidra til realiseringa av alle måla, men har eit særleg potensiale for å skape sosial berekraft. Her kan kultur utfylle andre samfunnssektorar.

Berekraftsmål 17, *Samarbeid for å nå måla*, er mellom dei viktigaste. Kulturen si kraft til å skape og oppretthalde ytringsfridom, meiningsmangfald og demokratiske arenaer er viktig i realisering av målet. Eit uttrykt hovudprinsipp er at ingen skal utelataast (*Leaving no one behind*). Å satse på kultur fremjar dette, om det gjeld å fjerne tersklar for deltaking, styrke den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunna, eller ha eit godt tilbod av arenaer der folk kan møtast og samarbeide. Kultur kan jamvel stimulere til

nyskaping og innovasjon, og i særleg grad fremje mangfold og deltaking. Gode tilhøve mellom privat og offentleg sektor, frivillighet, kulturliv og innbyggjarar, og i offentleg forvaltning er føresetnaden. Det kallar på gode samarbeid, nettverk og partnarskap for å realisere berekraftsmåla.

## 2.2. Regionale mål

Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga og prioritær strategiar for å nå måla. Mål og satsingar i regional plan for kultur, idrett og frivillighet bygger på utviklingsplanen.

### **Mål 1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg**

#### **Strategiar:**

- 1.1 Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.
- 1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.
- 1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.
- 1.4 Vestland fylke skal aktivt söke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret

### **Mål 2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling**

#### **Strategiar:**

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

### **Mål 3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv**

#### **Strategiar:**

- 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- 3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

### **Mål 4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping**

#### **Strategiar:**

- 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og civilsamfunn.
- 4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

## **2.3. Samanheng mellom regionale og kommunale planar**

Kultur er eit lovpålagt ansvarsområde i både fylkeskommunen og i kommunane. Å styrke kulturen si rolle i Vestland inneber at ein samla kommunesektor set kultur fram som tema i eiga planlegging. Det er naturleg at det er samanheng mellom regionale prioriteringar, slik det kjem til uttrykk i denne planen, og prioriteringane som følger av kommunale planar.

God samanheng mellom regionale og lokale planar gjer offentleg innsats meir effektiv. Om ein ønskjer å gi kulturlivet best moglege vilkår, skal løyse utfordringar innan inkludering og mangfald, fremje auka aktivitet, etablere møteplassar, eller stimulere innovasjon og utvikling: Å styrke og utvikle samarbeid på tvers av offentleg sektor vert sentralt i kulturarbeidet i planperioden.

## **2.4. Tilhøvet til andre regionale planar**

Regionale planar skal utarbeidast der det er behov for regional samordning. I hovudsak er dette tema som gjeld fleire forvaltningsnivå og sektorar. Kulturfeltet som vert omhandla i denne planen står i samband med andre regionale planar:

- Folkehelseplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane
- Regional klimaplan for Vestland
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022 – 2033

I neste planperiode er det vedteke at ein skal utarbeide regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. I denne planperioden vert det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for den komande planen.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det eit mål å avgrense talet på regionale planar og temaplanar, og å sjå planar meir i samanheng. Ei forenkling og samordning av plansystemet vil gi ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng. Det vert også enklare å forhalda seg til færre planar.

Trong for eigne temaplanar og strategiar blir vurdert i samband med utarbeiding av handlingsprogrammet til denne planen.

# 3. Kulturpolitikk og samfunnsutvikling

## 3.1. Ulike kulturomgrep

Heilt frå dei første statlege kulturmeldingane på 1970-talet, har det utvida kulturomgrepet ramma inn den offentlege kulturinnsatsen. Dette var ein motreaksjon på skiljet mellom «høg og låg kultur». Kultur vart sett på som levemåte og som middel for trivsel og livskvalitet, altså eit velferdsgode som alle innbyggjarane hadde rett på.

På 1990-talet vart ein motreaksjon definert gjennom fornya vektlegging av kulturen sin eigenverdi. Frie og mangfaldige kulturuttrykk representerer i seg sjølv ein verdi og eit ideal.

Kulturutgreiinga frå 2014 lanserte *Ytringskultur* som eit nytt og alternativt omgrep, der kultur ikkje lenger vart sett på som ein altomfattande dimensjon ved samfunnet, men som eit eige praksisfelt der symbolsk kommunikasjon og ytringsfridom var sentralt. Ytringskulturen vart no delt i innhaltsbeskriving, kulturarv og kunstnarleg verksemd.

Stortingsmelding 8, (2018-2019) *Kulturens kraft* bygger på kulturutgreiinga, men peiker på målet om å skape kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet som grunnlag for kulturpolitikken. Den samfunnsbyggjande krafta i kulturen er sideverknader og meirverdi. Samfunnsmålet er definert som «*Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfold, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.*»

Desse omgropa og definisjonane er relevante i vår samanheng. Dei er også grunnlag for planen sitt syn på kultur og kulturplanlegging. Planen legg det utvida kulturomgrepet til grunn. Kultur spenner frå idrett og friluftsliv og frivillig sektor til smalare uttrykk og kunstformer. Kulturen sin eigenverdi er sjølvsagt. Ytringskulturen legitimerer kvifor samfunnet skal prioritere kultur som grunnlag for demokrati, sosial og økonomisk berekraft. Kulturlivet sine mangfaldige ytringar viser oss eit meiningsmangfold og trener oss i å leve i eit usemjefellesskap. Her ligg også grunngjevinga om ei satsing på kulturarv og kunstnarleg verksemd. Kvalitetsomgrepet frå Kulturens kraft inviterer til ei satsing på eit fritt og uavhengig kulturliv.

## 3.2. Eigenverdi og samfunnsverdi

Kulturpolitikk handlar om å peike på verdiar, og utvikle mål, prioriteringar og verkemiddel som gjer kultur til ein integrert del av samfunnsutviklinga. Planen bygger på synet om at det er kulturen sin eigenverdi som først og fremst må ligge til grunn for politikkutforminga, for offentleg satsing og prioritering av verkemidlar.

Einsidig fokus på at kultur skal ha samfunns- og nytteverdi kan dra kulturpolitikken til ein posisjon der kultur vert eit instrument for å nå andre mål, t.d. økonomisk vinst, sysselsetting, reiselivsutvikling og liknande. Dette kan verka innsnevrande på målet om eit rikt og mangfaldig kulturliv som fritt vel retning og uttrykk.

Men, eigenverdien er likevel eit grunnlag for å skape berekraftig nytteverdi for den enkelte og samfunnet. Eit fritt kulturliv kan utfordre og overraske, og fremmer verdiar som skapar sosial og demokratisk berekraft. Kulturuttrykk og ytringsfridom fremmer verdiar som skapar sosial og demokratisk berekraft. Slik vert kulturen ei samfunnsbyggande kraft. Dette er i samsvar med kulturomgrepene i Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*. Kulturen er grunngitt i eigenverdien, men vil likevel skape meirverdi, t.d. i kulturnæringane, kan gi auka livskvalitet og bulyst, og ha effekt for folkehelse, stadutvikling, reiseliv og integrering.

### 3.3. Armlengds avstand

Kultur har evna til å røre ved oss som enkeltmenneske, men også til å sette lys på aktuelle samfunnsutfordringar. Dette gjer kulturfeltet til ein særleg arena for frie og mangfaldige ytringar. Desse kan stadfeste eller utfordre trekk ved eige samfunn. Å ha rom for slik usemje er eit grunntrekk ved samfunn som hegner om ytringsfridomen.

Offentlege løyingar til sektoren bør difor gis utan politiske bindingar for produksjon, formidling eller uttrykk. Offentlege styresmakter formulerer retning og overordna mål for kulturfeltet og stiller økonomiske midlar til rådvelde. Dette er grunnlaget for kulturinstitusjonane og det omfangsrike frivilligfeltet si frie, men viktige, samfunnsrolle. Regional plan for kultur, idrett og frivillighet legg dette synet til grunn. Det skal vere armlengds avstand mellom politiske organ og den frie kunstnarlege og kulturfaglege utøvinga. På denne måten sikrast og styrkast kulturen sin eigenverdi og kulturen si samfunnsbyggjande kraft.

Prinsippet om armlengds avstand skal sikre frie val innan alle fagfelta til denne planen, uavhengig av politiske føringar og påverknad frå private/andre interesser. Balansen mellom offentleg styring og kulturen sin fridom har vore eit ideologisk bakteppe i etterkrigstida sin kulturpolitikk. Mykje av kulturen i Noreg er finansiert av offentlege midlar, og det er ei vanleg oppfatning at dette er med på å sikre demokrati, mangfold og tilgang for alle. Det er ein grunnregel at politiske organ ikkje skal gripe inn i kunstnarlege avgjerder eller utfordre kultur- og organisasjonslivet sin autonomi.

Dette har tydeleggjort kunst- og kulturinstitusjonane, og det omfangsrike frivilligfeltet si frie, men viktige samfunnsrolle. Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* bygger på dette synet, og held fram eit fritt kulturliv som sjølve føresetnaden for danninga av eit ope og demokratisk samfunn.

Ei rekke saker kan utfordre balansen mellom offentleg styring og kulturen sin fridom. Styresmaktene kan ha politiske forventingar til kultur i løysinga av ulike samfunnsutfordringar, t.d. å ta vare på marginale og underrepresenterte grupper i kultursektoren. Så lenge målet om styrka mangfold i kultursektoren ikkje står i motsetnad til eit fritt kunstnarleg skjønn vil det vere akseptabelt å stille slike krav. Armlengds avstand inneber at det faglege skjønnet må utøvast av dei med fagleg kompetanse. Elles må ein kunne stille dei same krava til kulturlivet som gjeld for anna samfunnsliv.

Eit sentralt spørsmål er kva som føreset fagleg skjønn og kva som påverkar det faglege handlingsrommet? Likeins om armlengds avstand berre gjeld dei faglege og innhaldsmessige vala, eller om politisk styring også kjem til syne på anna vis? Døme kan vere kor spesifikke offentlege løyingar skal vere, korleis ein formulerer tildelingsbrev, eller korleis eigarstyring eller oppnemning til styre og råd vert praktisert. Det er viktig at det vert ført ein open debatt om kva forventingar ein har til kulturlivet og kva forpliktingar ein har som mottakar av offentleg støtte. Debatten rundt kva verdiar og prinsipp som skal vere førande i kulturpolitikken må vere levande. Slik skapar ein medvit, kunnskap, eigarskap og

initiativ, og bygger forståing for eigne og andre si rolle. Dette skal vere grunnleggande for kulturpolitikken som gjeld Vestland.

## 3.4. Nasjonal pådrivar for kulturpolitikken

Kulturpolitikk er å utvikle verdiar, mål, prioriteringar og verkemiddel og skal definere kultur som ein integrert del av samfunnsutviklinga. Kulturpolitikken skal gi retning, mobilisere og sette mål og ambisjonar for feltet. I demokratisk perspektiv skal kulturpolitikken også ta i vare ytringsfridom for alle og gi eit mindretalsvern for marginale kulturuttrykk. Ein skal syte for at alle har tilgang til kultur, samt at ulike uttrykk kjem til orde.

Det er eit politisk ansvar å sette kultur på dagsorden. I Vestland skal kulturpolitikken spele ei viktig samfunnsrolle, vere relevant og bidra til å bygge samfunnet. Kulturlova fastlegg offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd slik at alle kan få høve til å delta i og oppleve eit mangfold av kulturuttrykk. Det er gitt oppgåver til alle forvaltningsnivå, der ein skal syte for relevante verkemiddel til tiltak som legg til rette for aktivitet på alle nivå.

Kulturlova er ei rammelov som gir generelt ansvar. I tillegg styrer ei rekke andre særlover offentleg verksemd innan kultur, idrett og frivilligheit. Dette gjeld t.d. lov om kulturminne og kulturmiljø, arkivlova, biblioteklova, lov om folkehelse, friluftslova og lov om pengespel.

Nasjonal kulturpolitikk er summen av stat, fylkeskommune og kommunane sin innsats. Dette krev god samhandling mellom dei tre forvaltningsnivåa om kulturpolitiske prioriteringar. Staten må i større grad harmonisere innsatsen i samsvar med regionale prioriteringar. Dette kan t.d. gjelde finansiering av kulturinstitusjonar og større investeringar, eller å etablere samarbeidsmodellar mellom kommune og stat. Fylkeskommune og kommunar må på same vis samarbeide slik at ein kan løyse felles utfordringar til beste for innbyggjarane. Betre samanheng mellom forvaltningsnivåa sine prioriteringar vil kunne gi betre lokal tilpassing, betre utnytting av ressursar og motverke silotenkning.

Dette følger opp «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» frå 2020:  
*«Fylkeskommunene og kommunene ivaretar kunst og kultur som del av kommunale og fylkeskommunale planlegging, og legger til rette for et fritt og uavhengig kulturliv. (...) Regjeringen ønsker at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal være basert på en på en dialog mellom alle parter, der også staten deltar.»*

Det er naturleg at Oslo har viktige hovudstadsfunksjonar på kulturfeltet, men det trengst fleire, tunge kulturelle sentrum som skapar mangfold og som kan by på fleire perspektiv og uttrykk. Her har både institusjonane og fylkeskommunen tatt til orde for å rette opp skeivdelinga ein ser i finansieringa av kulturinstitusjonar i og utanfor hovudstaden. Vestland er eit sterkt kulturfylke som i nasjonal målestokk representerer eit andre tyngdepunkt. Ein må kunne rekne med at staten også bidreg til å utvikle denne posisjonen. Ei rekke kunstnarar, institusjonar, prosjekt og arrangement i Vestland markerer seg i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er avgjerande at Vestland får statleg finansiering av desse miljøa og at dei vert vidareutvikla i forståing med lokale og regionale interesser. Staten må ta eit stort ansvar for finansiering av denne kulturelle infrastrukturen. Det stiller høge krav til samspelet med kommunane og Vestland fylkeskommune.

## 3.5. Regionalt ansvar og regional verdi

Dei tre forvaltningsnivåa skal ha relevante kulturpolitiske verkemiddel og støtteordningar, jf. kulturlova. For at forvaltningsnivåa skal utfylle og styrke kvarandre, trengs ei klargjering av grensene for det ansvaret som staten, fylkeskommunen og kommunane har kvar for seg, og korleis dei skal samarbeide.

Staten har ansvar for overordna politikk og lovgiving, med overordna fordeling av økonomiske midlar, nasjonale mål, samordning, utjamning og kontroll. Fylkeskommunen ligg mellom kommune og stat, har eigne lovheimla oppgåver, og tek gjerne ansvar for det som skjer på tvers av kommunegrensene.

Fylkeskommunen si rolle som regional samfunnsutviklar er sterkare vektlagt i plan- og bygningslova enn tidlegare, dette gjeld også kulturfeltet der dei nasjonale forventningane til regional planlegging på kulturfeltet er styrka. Kommunane har ansvar for meir direkte tenesteyting til innbyggjarane, frivillig sektor, og lokal tilrettelegging av kulturverksemrd. I Norge er kommunane sine løvingar til kultur større enn stat og fylkeskommune til saman. Slik er kommunane den viktigaste aktøren for eit variert kulturliv, idrett og frivilligkeit. Dei har også ansvar for den kulturelle grunnmuren som er basis for innbyggjarane sitt kulturtild. I Vestland er kommunane den viktigaste offentlege aktøren for å skape ei brei kulturutvikling.

Grensene mellom forvaltningsnivåa sine ansvar kan vere krevjande å forstå. Staten skal ha eit nasjonalt blikk, fylkeskommunane eit regionalt, og kommunane ansvar for det som er lokalt. I mange tilfelle ser ein at staten sine etatar går heilt ned i lokale ansvar og spørsmål, medan ein kommune kan ta stort ansvar for nasjonale tiltak. Fylkeskommunen treng på si side å tydeleggjere kva som er regionalt. Tydinga av det regionale er ofte gjenstand for drøfting i politiske fora, gjerne i samband med tilskotsforvaltning. Tilbakemelding frå kulturlivet er at det kan vere vanskeleg å forstå kva regionale interesser som utløyer fylkeskommunale tilskot til prosjekt og tiltak eller til drift.

## 3.6. Regional rolle

Fylkeskommunen si regionale rolle er nedfelt m.a. i plan og bygningslova. Omsynet til det regionale er ein føresetnad for tildelingar av tilskot til drift og prosjekt og tiltak. Det ligg to prinsipielle hovudkriterium til grunn for omgrepene «regionalt»:

**Geografisk kriterium: geografisk nedslagsfelt og verkeområde.**

Her er spørsmålet om den aktuelle verksemda omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå fleire kommunar. Eit døme kan vere tilskot til turneringar eller oppsettingar som vert gjennomført fleire stader i fylket.

Som nemnt over, skal reint lokale føremål takast hand om lokalt, og vere eit kommunalt/lokalt hovudansvar.

**Funksjonskriterium: regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.**

Dette tek utgangspunkt i innhaldet i og karakteren til verksemda/tiltaket og kva verdi dette har lokalt, regionalt og i nokre tilfelle nasjonalt og internasjonalt. For større sentrale institusjonar følger det av verksemda sitt omfang, faglege tyngd og tyding for bebruarar i fylket at den har ein slik regional funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle; ei rolle utover det reint lokale. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av det å vere unik, eksklusiv og ha særlege kvalitetar.

Ved vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det einskilde høvet, vil det i praksis ofte vere naturleg å sjå desse to meir grunnleggande kriteria i samanheng.

Med grunnlag i denne forståinga kan ein avgrense og harmonisere det regionale ansvaret med kommunane og staten. Dette inneber at fylkeskommunen til dømes ikkje skal tildele tilskot ut frå ei lokalpolitisk grunngeving. Dette vil vere eit kommunalt ansvar. Fylkeskommunal kulturpolitikk skal heller ikkje vere ein erstatning for manglande eller mangefull kommunal eller statleg kulturpolitikk. Samstundes skal fylkeskommunen, i samarbeid med kommune, stat eller private, medverke på ein måte som samla sett gir betre finansiering. Føresetnaden er at fylkeskommunen sitt bidrag speglar og tek hand om ei regional interesse og prioritering.

Ein strategi for å styrke dialogen om ansvarsfordeling er at fylkeskommunen tek ansvar for drøfting og samhandling med staten og kommunane..

## 3.7. Kulturpolitiske verkemiddel

### Fylkeskommunen

Demokratisk aktør	Tjenesteleverandør	Myndighetsutøver	Samfunnsutviklingsrolle
<ul style="list-style-type: none"> <li>Utdanne og iverksette kulturpolitikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Den kulturelle skoleseksiken</li> <li>Kulturlag i videregående skoler</li> <li>Regionale bibliotekoppgaver og bibliotek i videregående skole</li> <li>Konkrete utviklings- og/eller formidlingsprosjekt</li> <li>Regional Ung Kultur Motes</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lov om offentlige styremakters ansvar for kulturverksamhet</li> <li>Lov om arkiv</li> <li>Lov om språk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planer og strategier</li> <li>Økonomiske tilskudd</li> <li>Utøve eierskap med styringsdialog</li> <li>Utvike kunnskapsgrunnlag</li> <li>Bistå med kompetanse og veiledning</li> <li>Utvike nettverk og dialogarenaer</li> <li>Priser og stipend</li> <li>Regionale forskningsfond</li> </ul>

### Kommunen

Demokratisk aktør	Tjenesteleverandør	Myndighetsutøver	Samfunnsutviklingsrolle
<ul style="list-style-type: none"> <li>Utdanne og iverksette kulturpolitikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kulturskola • Kulturhus</li> <li>Frivilligentral • Museum og bygdetun</li> <li>Lokal Ung Kultur Motes</li> <li>Lokal kulturell skolesek</li> <li>Konkrete utviklings- og formidlingsprosjekt</li> <li>Folkebibliotek og bibliotek i grunnskolen</li> <li>Kulturlag i grunnskolen</li> <li>Ungdomsklubber</li> <li>Riho</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa, som i § 13–8 sier at alle kommuner skal ha et kulturolethod</li> <li>Lov om folkebibliotek som sier at alle kommuner skal ha et folkebibliotek</li> <li>Lov om språk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planer og strategier</li> <li>Økonomiske tilskudd</li> <li>Utøve eierskap med styringsdialog</li> <li>Utvike kunnskapsgrunnlag</li> <li>Bistå med kompetanse og veiledning</li> <li>Utvike nettverk og dialogarenaer</li> <li>Priser og stipend</li> </ul>

*KS' sin vugleiar «Hvordan utvikle lokal og regional kulturpolitikk?» oppsummerer kommune og fylkeskommune sine kulturoppgaver*

# 4. Utfordringar i Vestland

I samband med utarbeiding av Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024, vart det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag, jf. rapportane *Vestland Statistikk og utviklingstrekk*, *Vestland Utfordringar for fylket og regionane*, samt *Vestland Folkehelseoversikt 2019 – 2023*. På grunnlag av denne kunnskapen, og kartlegging under planarbeidet, har ein følgjande hovudutfordringar på klurområdet:

## 4.1. Grøn omstilling og berekraft

Klimaendring er ei stor og felles utfordring. Vestlandet opplever konsekvensane av å måtte tilpasse busetnad, matproduksjon og infrastruktur til ein ny situasjon. Arbeid med å nå klimamåla er difor prioritert i planperioden. Det er eit nasjonalt mål å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa med minimum 50% frå 1990-nivå. Grøn omstilling til eit berekraftig samfunn er avhengig av at flest mogleg har kunnskap og kompetanse om korleis ein bør handle for å gjere klimariktige val og prioriteringar.

Dette gjeld også klurområdet. Berekraftsmåla er ein raud tråd i planlegginga av framtida sitt Vestland. Kulturfeltet si evne til inovasjon og omstilling og miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping, gjer kultur til ein sterk ressurs for å løyse aktuelle berekraftsutfordringar. Mellom desse er:

- *Klimaendring*
- *Arealpress, tap av natur- og kulturverdiar*
- *Kulturlandskap og skjøtsel*
- *Ombruk, nybygg og rehabilitering av bygg og anlegg*
- *Grøne arrangement*
- *Kulturell og kreativ næring, opplevingsnæring*
- *Press på møteplassar og arenaer for profesjonell og frivillig verksemd*
- *Møteplassar for born og unge som er tilpassa behov og økonomi*

Om ein er oppteken av tapet av natur- og kulturverdiar, kulturlandskap som forsvinn, ynskjer å redusere klimaavtrykket for kulturarrangement og festivalar, eller å fremje gjenbruk og berekraftig vedlikehald: Grøn omstilling er ei grunnleggande utfordring i planperioden, og påverkar eit samla klurområde. Å gi gode svar på slike spørsmål krev nytenking og samarbeid

## 4.2. Balansert areal og naturressursbruk

Kulturlandskapet i Vestland er forma gjennom menneske sitt samspel med naturen gjennom tusenvis av år. Spora etter bonden i landskapet finn ein i artsmangfaldet, husa, steingardane, ferdslevegane, og gravminna. Kombinasjonen av innmark, utmark og tun gir ein kulturhistorisk dimensjon med store kulturelle og biologiske verdiar. Denne kultur- og naturarven er sett under press i store deler av fylket.

Arealendring er den viktigaste årsaka til tap av artar og naturtypar i Noreg. Kulturlandskapet er attraktivt for ny busetnad og hyttefelt. Strandsona er under aukande press frå utbyggings- og næringsformål, sjølv om denne har eit særskilt vern direkte nedfelt i lovverket. Fjellområda og fjordlandskapet er i likskap med strandsona utsett for arealpress, t.d. gjennom utvikling av fornybar energi gjennom vasskraft og vindkraft.

Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av den norske kulturarven. Samstundes legg friluftslova òg vekt på allemannspliktane og sporlaus ferdsel. Den største allmenningen Noreg har, er knytt til sjø og havområda som strekkjer seg frå kystlinna og 200 nautiske mil ut i havet.

Arrangement og reiseliv trekker til seg mange besökande, der også kulturmiljø vert profilert i samband med kulturbasert reiseliv og opplevingsnæringer. Besøksmål kan gi store inntekter, men også slitasje på kulturarv og naturarv.

Kulturarven representerer notida si forankring til historia. Vårt samfunn står på våre forgjengrar sine skuldrar. Fortida gir læring og oppleveling. Nettopp difor er det fundamentalt viktig å verne om denne arven.

Arkiva representerer den historiske og kulturelle forankringa til innbyggjarane i Vestland. Kulturarven, både den materielle og den immaterielle, gir innsikt i levesett og endring og grunnlag for forståinga av vår eiga tid. Dei private arkiva har ikkje lovheimla vern og det er difor viktig at ein i fellesskap vernar om desse. På den måten sikrar ein at den kulturhistoria vert teken vare på og formidla i framtida.

Det er eit nært forhold mellom friluftsliv og verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Når turstiar blir arena for masseturisme, kan konsekvensen bli tap av natur. Miljømessig verdiskaping handlar om å styrke kvalitetane og verdiane knytt til kulturmiljø og natur. Desse verdiane må skjøttast og vernast slik at både kulturarv og naturmangfald vert sikra mot konsekvensane av overforbruk.

## 4.3. Digitalisering

Det norske skriftspråket, og i høg grad nynorsk, er sett under press gjennom auka digitalisering. Det manglar til dømes nynorsk digital terminologi i skulen og akademia, i arbeidslivet og på fritidsarenaene. Det offentlege, næringslivet og sivilsamfunnet kan motverke dette som forbrukarar og ved verne om og styrke verdiane knytt til språkleg mangfald. God tilgang til offentleg informasjon og tenester på eige språk er ein demokratisk rett og ein av føresetnadene for at velferdsstaten skal fungere.

Demokratisk tilgang til kulturarven er eit viktig mål og prinsipp både nasjonalt og regionalt. Det er stort etterslep når det gjeld digitalisering av kulturarven i Vestland. Dette er ressurskrevjande arbeid som må prioriterast. Samlingar i arkiv, bibliotek og museum er ein del av det kollektive minnet vårt. Kulturarven er ein ressurs for forsking, undervisning og for kultur- og samfunnsutvikling. Digitalisering sikrar kulturarven og gjer den tilgjengeleg.

Digitalisert materiale må i hovudsak gjerast tilgjengeleg under frie lisensar. Ein digital allmenning med fritt materiale vil vere ein stor ressurs for mange aktørar. For å lukkast med demokratisering av kunnskap må offentleg sektor og aktørane i kultursektoren samarbeide både med kvarandre og med frivilligheita. Digital delingskultur gir grunnlag for vekst og nyskaping i kultur- og samfunnsliv. Dette krev kompetanse om balansen mellom opphavsrett, omsynet til personvern og fri bruk.

Det er mange uløyste spørsmål knytt til digitalisering av kulturarrangement og andre former for formidling. Det ligg ei utfordring i skjeringspunktet mellom digitale løysingar og ivaretaking av den levande kulturen.

Skiljet mellom privat og offentleg, eller mellom digital og fysisk kultur kan opplevast framand, særleg for barn og unge i dag, og kan i praksis ha liten tyding. Kulturpolitikken må utforske, bygge opp under og nytte seg av høva som ligg i barne- og ungdomskulturen, kanskje særleg bruken av digitale plattformar og viljen til interaksjon, samskaping og medverknad.

Samstundes kan digitale tilbod representere utfordringar mot demokrati og fellesskap. Det er ei utfordring å styrka kompetanse og evne til kritisk refleksjon i møtet med den digitale kvardagen.

## 4.4. Kompetanse og kunnskap

Kulturutviklinga i Vestland må vere basert på kunnskap. Mykje av kunnskaps- og dataproduksjonen skjer i regi av Statistisk sentralbyrå (KOSTRA) eller i spreidde forskingsinitiativ Denne kunnskapen er ofte grovmaska, og kan berre i varierande grad gi detaljert innsikt om det som pregar kulturlivet i Vestland. Det er ei stor utfordring når ein skal forme treffsikker politikk for å løyse aktuelle utfordringar, særleg i kommunal sektor.

Det er nødvendig med felles innsats i offentleg forvalting slik at kunnskapsprodusentane, m.a. SSB, leverer meir brukande og målretta kunnskap. Det er nødvendig med forsterka satsing på forskings- og utviklingsarbeid (FoU) i kommunane og fylkeskommunen og samarbeid med akademia. Ein stor del av kulturfeltet har utviklingsarbeid som ein vesentleg del av si verksemd, og det er vonleg potensial for auka samarbeid og nettverksaktivitet mellom forskarmiljøa og praksisfeltet. Dette kan til dømes føre forskingsinstitusjonane tettare på dei reelle kunnskapsbehova, og i tillegg vere til hjelp for å spreie aktuell forsking og ny kunnskap i kulturfeltet.

Grunnlaget for å bli kunstnar eller kulturarbeidar vert for mange lagt via deltaking i frivillige lag og organisasjoner, i grunnskulen, kulturskulen eller i møtet med Den kulturelle skulesekken. I Vestland er det stor variasjon i kommunale tenester på kulturområdet, til dømes har mange kulturskular lange ventelister. Dermed er det mange born og unge i Vestland som ikkje møter profesjonelle utøvarar i tidleg alder, og heller ikkje opplever kunst- og kulturverksemd som eit mogleg yrkesval.

Rekruttering og talentutvikling er viktig om ein skal vere leiande innan eit felt. Det er viktig at unge utøvarar kan kombinere ei satsing innan idrett eller estetiske fag med utdanning. Utvikling av utøvarar og trenrarar/lærarar i vidaregåande skular vil auke kunnskapsnivået, samstundes som det vil gi fleire utøvarar, trenrarar og leiarar inn i toppidrett eller kulturuttrykk på sikt.

På høgare nivå er Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Ole Bull akademiet er utdanningsinstitusjonar som samarbeider med kulturlivet. Det er ei målsetting å vidareutvikle samarbeidet mellom vidaregåande opplæring, utdanningsinstitusjonane og kulturinstitusjonane.

## 4.5. Attraktive stader og gode nærmiljø

Tilgangen til tenlege arenaer er ein føresetnad for eit aktivt kulturliv. Idretten må ha gode rammer for fysisk aktivitet, friluftslivet har behov for tilrettelegging, og frivillig og profesjonelt kulturliv treng fysiske arenaer i byar, tettstader og lokalsamfunn. I Vestland er det store etterslep når det gjeld kulturhus, konserthal, bibliotek, idrettsanlegg, symjehallar, museum og magasin. Dette er av dei viktigaste utfordringane i planperioden. System for deling, sambruk og fleirbruk må utviklast, men det er ei kulturpolitisk utfordring å legge til rette eksisterande eller å utvikle nye arenaer.

Det er viktig å vurdere klimarekneskapet ved nybygg, gjenbruk og sambruk, og å kunne støtte gode løysingar gjennom målretta tilskotsordningar.

Tilgang til sosiale møteplassar og gode rekreasjonsareal er avgjerande for trivsel og vekst, og dermed psykisk og fysisk helse. Det er ei utfordring i planperioden å styrke tilgangen til eit breitt spekter av

universelle møteplassar, både i nærmiljøet og regionalt, for det organiserte og det eigeninitierte, for frivilligheita og det profesjonelle. Det må vere ei målsetting å bygge ned alle tersklar for deltaking.

Nærfriluftsområde som ein kan nå utan bruk av bil eller buss har stor verdi, både som møteplass og som fremjar av fysisk helse. Mange av dei kjende livsstilsutfordringane kan motverkast av auka fysisk aktivitet.

## 4.6. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv

Undersøkingar viser at profesjonelle kunstnarar ofte har dårlegare levekår enn gjennomsnittet. Dette gjeld også i Vestland. Profesjonelle kunstnarar vel ofte å busetje seg i Bergen eller dei største tettstadene. I mindre lokalsamfunn er det mangel på profesjonelle kulturarbeidrarar aktørar som kan leve av yrket sitt. Eit større mangfald av slike yrkesutøvarar vil kunne stimulere lokalsamfunna og den kulturelle utviklinga. Det skapar også meir innovative samfunn med eit breitt spekter av kompetanse. Å støtte opp om fleire arbeidsplassar for profesjonelle kunst og kulturarbeidrarar er difor eit mål. Eit suksesskriterium for slik vekst kan vere auka samarbeid og kompetanseoverføring mellom dei store institusjonane og det frivillige kulturlivet, og styrking av kunstnarorganisasjonar og fellesskap.

Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna. Dei mange festivalane er eit av døma på korleis sjølv mindre lokalsamfunn kan organisere store kulturfestivalar med nasjonal tyding. Tilflytting til byane og aldrande befolkning i bygdene utfordrar dette. Korleis kan ein sikre eit desentralisert kulturliv som ressurs for skaping, oppleveling og deltaking, og korleis skal offentlege, frivillige og profesjonelle aktørar samarbeide om dette?

### Frivillig og profesjonell

Å ta vare på både det spissa profesjonelle kulturlivet og det frivillige kulturlivet samstundes er viktig.

Det ligg eit stort potensial i samskaping mellom profesjonelle og frivillige, til dømes innan festivalar, bevaring av kulturyr, museum, opplæring og ei rekke andre felt. Frivillig sektor skal vere ein open og inkluderande arena for deltaking og mangfald. Det profesjonelle feltet skal leie vegen inn til kunst, kultur og idrett for barn og unge, og for ålmenta.

Den kulturelle grunnmuren treng profesjonelle aktørar som løfter og utviklar, og profesjonelle utøvarar treng frivillige medspelarar og eit merksemd publikum. Profesjonelle kulturutøvarar og frivilligkeit på kulturområdet må styrke kvarandre gjensidig. Det er ei utfordring å fremje kompetansedeling og å skape møteplassar mellom profesjonell og frivillig sektor.

### Verdiskaping

Det ligg eit stort potensial i eit sterkare samspel mellom offentleg og privat - og frivillig verksemd. Dei mest sentrale utfordringane er:

- Eit godt utbygt kulturtibod i heile fylket
- God balanse mellom satsing på kulturelle tyngdepunkt og distrikt
- Sikre deltaking for alle
- Styrking av demokrati og berekraftig samfunnsutvikling
- Grøn omstilling
- Kompetansedeling

## **Finansiering**

Kulturpolitikk er grunnlaget for kulturelt mangfald. Bruk av offentlege midlar til kultur og idrett, sikrar tilgang, medverknad og engasjement og gir eit rikare tilbod enn det forretning og frivilligheit åleine kan oppbere. Tilsot til drift og tiltak frå staten, Vestland fylkeskommune og kommunane vil også i framtida vere av avgjerande betydning for kulturutvikling i fylket. Samtidig ligg det eit stort potensial i eit sterke samspel mellom offentleg og privat finansiering - og frivillig verksemd, og samspel mellom marknadskrefter og politiske prioriteringar.

## **4.7. Eit likeverdig samfunn**

### **Demokrati og deltaking**

Menneskerettane slår fast at alle har rett til fritt å vere med i det kulturelle livet i samfunnet. Det grunnleggande vilkåret er at alle innbyggjarar skal bli behandla som likeverdige medlemmer i fellesskapet.

Dei sosiale skilnadene i Vestland er aukande. Samfunn med stor ulikskap har oftare lågare tillit mellom folk, svakare sosiale relasjonar, svakare deltaking i demokratiske prosessar og mindre økonomisk stabilitet. Utanforskap og einsemd gir tapt livskvalitet, mens deltaking fremjar sunne og aktive liv.

Ny teknologi og digitalt innhald er med på å endre rammene for korleis vi deler og produserer informasjon. Kanalar som fremjar kunnskap og opplysing taper tidvis for media med digital distribusjon av falske nyhende, rykte og propaganda. Sosiale skilnader kan samanfalle med digitale skilnader i befolkninga.

Den største negative effekten ved pandemien i 2020 og -21, var at den medførte ein kraftig reduksjon i fritidsaktivitetar og sosiale møter, særleg for barn og unge, men også for ålmenta. Også bruken av kulturtilbod har gått tilbake. Det same gjeld deltaking i frivillige organisasjonar. Vi står her ovanfor ei grunnleggande utfordring i planperioden. Kulturpolitikken må medverka til å styrke deltakinga, men må også opne for naudsyt omstilling og utprøving av nye former for meinung og fellesskap.

Lokale tilbod der folk bur og lever gir deltaking og engasjement. Dette gjeld særleg for barn- og unge, men det er viktig med godt innarbeidde lågterskeltilbod og gode møteplassar for folk på tvers av alder, etnisitet, språk, kultur og religion. Tal viser at det er ei negativ utvikling i aktive medlemskap i meir tradisjonelle frivillige organisasjonar, medan andre typar organisasjonar veks fram. Eit godt samverke mellom det offentlege, profesjonelle og frivillige blir ei utfordring framover. Deltaking i frivillig verksemd er eit aktivum og ein ressurs for samfunnet og den einskilde.

Å legge større vekt på å nå alle og få fram den rikdomen som mangfald representerer er viktig i heile samfunnet, også innan frivillig verksemd og tilbod til barn og unge. Kulturelt mangfald er ein grunnmur i samfunnet, og ei kjelde til forteljingar, uttrykk og talent.

Fylkestinget har vedteke at Vestland fylke skal vere ei rasismefri sone. Rasisme og diskriminering er demokratiske utfordringar som hindrar mange menneske frå å delta, bli høyrde og bruke sine ressursar i samfunnet på lik linje med andre.

Det er stor skilnad på i kor stor grad menneske er aktive deltagarar i kultur- og idrett, ut frå sosial og kulturell bakgrunn, bustad, funksjonsevne, inntekts- og utdanningsnivå. For at kultur- og idrettslivet skal spele ei rolle i eit inkluderande demokrati, må det vere mangfaldig, ope og representativt.

## 4.8. Frivillighet

Interessa for å engasjere seg i frivillig verksemd er i endring. Tilhøvet mellom organisert aktivitet, eigenorganisert fysisk aktivitet og kommersielle interesser er også endra. Desse endringane må ein ta omsyn til.

Folkehelseoversikta i Vestland slår fast at svak økonomi og låg utdanning gir dårlegare livsvilkår og lågare deltaking i organiserte og eigenorganiserte aktivitetar. Funksjonsnivå påverkar deltaking, og innvandrarar deltar i mindre grad i formaliserte medlemsskap og organisasjonsliv.

Oppvekstbarometeret for kommunar i Vestland viser at det i 23 av kommunane i fylket er ungdomsskuleelevar si deltaking i ein fritidsorganisasjon lik resten av landet, 9 kommunar ligg signifikant under og 3 ligg signifikant betre enn landsnivået.

## 4.9. Integrering og inkludering

Alle innbyggjarane i Vestland skal kunne ta del i aktivitetar uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn. Det er eit kulturpolitisk ansvar å legge til rette for at det finst tilbod som er givande, aktuelle og relevante for alle. Det deltakande, engasjerte og reflekterte mennesket er målet.

Inkludering er tilknyting mellom den einskilde og fellesskapet. Eit mål for heile kultur- og idrettsfeltet er å mobilisere til aktiv deltaking og medborgarskap. Det er stor skilnad på i kva grad menneske er aktive kulturbukarar og -skaparar. Økonomisk, sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, utdanningsnivå og kvar ein bur er faktorar som betyr noko for deltaking i kulturaktivitetar. Ei utfordring er å utvikle kulturfeltet slik at det er mangfaldig, ope og representativt nok til å femne om alle.

I *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane, 2019* vert auken i talet på born i familiar med vedvarande låg inntekt framheva som ei urovekkande utvikling. Sameleis veit vi at barn og unge med innvandrabakgrunn kan ha særskilde utfordringar som gjer det vanskeleg å ta del i organiserte kultur- og fritidsaktivitetar på lik linje med andre. Målretta innsats må til for at desse gruppene skal få del i kulturtilboda.

Det er mange positive utviklingstrekk som kjenneteiknar unge i dag, både når det gjeld livsstil, haldning, fysisk aktivitet og skuleresultat. Samstundes er graden av trivsel i nærmiljøet lågast blant ungdom, og rapportert einsemd er størst i denne gruppa. Fråfallet i idretten og andre kulturaktivitetar er i denne fasen aukande.

Også deltaking i kulturskulen er avhengig av bakgrunn, og det er fleire jenter enn gutter som nyttar seg av kulturskuletilboden. Kommunane vert i barne- og ungdomskulturmeldinga oppmoda om å arbeide aktivt for å nå breiare ut med tilboden. Ei utfordring er å tilby variert og spissa undervisning i kulturskulane også utanfor dei store byane, for slik å imøtekome behova for fordjupningstilbod og talentutvikling i heile fylket.

*BUSK-rapporten* viser at barn og unge har behov for gode møteplassar i nærmiljøet der dei kan oppleve og framføre kunst og kultur. Frivillighetsmeldinga trekte fram tilgangen til eigna lokale som ei av hovudutfordringane for frivillig sektor. Dette er ei utfordring som stat, fylkeskommunar og kommunar må løyse i fellesskap og gjennom samarbeid med frivillige organisasjonar og private aktørar.

Digitaliseringa har endra mange sider av oppveksten og kvardagslivet til barn og unge. Digitale plattformer og tenester opnar på den eine sida for å delta, lære og å vere saman, og fjernar hinder som barn og unge med funksjonsnedsetjingar eller sjukdom kan oppleve. På den andre sida kan digitale

arenaer forsterke utanforskap og mobbing. Det er stort behov for at barn og unge utviklar god digital dømmekraft og kritisk medieforståing.

Gruppa eldre utgjer gradvis ein større del av befolkninga. Samfunnet må ta i bruk ressursane i denne gruppa, samstundes som ein legg til rette for at ein kan meistre livet og vere aktiv så lenge som mogleg er viktig. Kvalitetsreforma *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre* legg til grunn av kommunar og fylkeskommunar må samarbeide om å utvikle tilbod til eldre.

I heile eller delar av livet vil mange vere avhengig av tilrettelegging for å kunne delta og bidra. Universell utforming er grunnleggande for at alle skal kunne delta der ein ynskjer. Universell utforming omfattar t.d. kommunikasjon, fysisk tilgjenge, transport og tilgang på følgjeperson der det er behov for det.

Vestland fylkesting erkjenner at mange menneske i Noreg og Vestland enno blir utsett for strukturell rasisme og diskriminering. Ein sterke og tydelegare kamp mot rasisme - på alle nivå - er ein føresetnad for å nå målet om å bli eit godt integreringsfylke. Avdekking av strukturell rasisme og kamp mot rasisme må inngå i alt vidare arbeid med integrering og samfunnsplanlegging i Vestland fylke. Vestland skal vere racismefri sone, og det skal arbeidast fram konkrete framlegg til tiltak som motverkar opplevd individuell og strukturell rasisme. Fylkeskommunen vil invitere alle kommunane, organisasjons- og arbeidslivet, ungdommens fylkesting og kompetanseforum i fylket til samarbeid. I vidare arbeid er det avgjerande å sikre medverknad frå menneske som har opplevd rasisme.

Samfunnets haldning til kjønnsidentitet har i aukande grad vore gjenstand for offentleg debatt dei siste åra. I Vestland må problemstillingar knytte til dette vere ei sak både for offentleg og privat sektor. Kunnskapsspreiing og erfaringsdeling er viktig for læring og for å motverke utanforskap.


Eit mål for heile kultur- og idrettsfeltet er å mobilisere til eit aktivt medborgarskap der den enskilde har tilgang på arenaer og aktivitetar slik at deltaking i samfunnet er mogleg for alle.

## 4.10. Ungdom – trivsel og tilhøyrsle

I Ungdata-undersøkinga frå 2021 viser resultatet at dei fleste ungdomar i Vestland har det godt. Ein klar majoritet opplever at livet dei lever gir mening. Ungdomar flest er godt nøgde med lokalmiljøet sitt, men dette gjeld færre i ungdomstida, særleg jenter.


For ungdomsskulen får vi desse svara:

**Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld...**



For vidaregåande får vi desse svara:

**Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld...**



Kva ungdomane er misnøgde med varierer mykje. Kommunane har difor ei utfordring i å legge til rette for at ungdomane skal trivast.

Prosentdelen som er med på organisert aktivitet har halde seg nokså stabil siste ti-året. I ungdomsskulen deltek 2 av 3 i idretten. På vidaregåande deltek nær halvparten. Likevel er det ein viss nedgang i ungdomstida. Fråfallet frå trening og fysisk aktivitet er jamt utover i ungdomsalderen, fleire sluttar i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande enn elles. Jentene har størst fråfall. Det er også ein sosial skeivdeling, der ungdom frå mindre ressurssterke familiar sluttar i organisert idrett tidleg i tenåra. Det kan vere ei utfordring å nå overordna målsettingar om idrettsglede for alle.

# 5. Satsingar i Vestland 2023 – 2035

## 5.1. Visjon og mål

Visjon: Kultur bygger samfunn!

Hovudmål: Fridom og høve til skaping, oppleving og deltaking

Regional plan for kultur, idrett og frivillighet prioriterer fem sentrale tema:

1. Vestland – ein leiande region for kultur, idrett og frivillighet.
2. Berekraft
3. Deltaking, demokrati og mangfald
4. Verdiskaping
5. Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling

## 5.2. Vestland - ein leiande region

Mål: Vestland skal vere eit leiande kulturfylke.

1. Vestland skal ha eit profesjonelt kunst- og kulturliv på høgaste nivå.
2. Vestland skal gjennom kulturelle kraftsenter bygge vidare på, og utvikle regionale kvalitetar og ressursar.
3. Ein solid kulturell grunnmur og samarbeid mellom profesjonelle og frivillige aktørar, private og offentlege partar skal vere grunnlaget for satsing på topp og breidde.
4. Vestland skal ha ein sterk kulturell infrastruktur i heile fylket, der opne og inkluderande kulturarenaer skal vere fundamentet for eit mangfaldig tilbod av aktivitetar med moglegheiter for alle.
5. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet.

Å vere leiande er ein ambisjon, ikkje ein konkurranse. Det er å sette kultur i sentrum for samfunnsutviklinga. Det inneber å få det beste ut av eigne ressursar, å utvikle løysingar og tiltak som er tilpassa Vestland sitt kulturliv, og med kvalitet i alle ledd. Det inneber å løfte fram det unike, både i storbyen, i tettstadene og i lokalsamfunna. Å vere leiande er eit kulturpolitiske val. Planen peikar på unike

kvalitetar på kulturområdet, og kva Vestland må ta særskilt ansvar for. Å identifisere kulturelle kraftsenter bygger på Vestland sine fortrinn, og kallar på politiske ambisjonar i stat, fylkeskommune og kommunar.

Over halvparten av innbyggjarane i Vestland bur i Bergen. Storbyen med sitt profesjonelle kulturliv er ei markant kraft i nasjonal samanheng og vekselverknaden mellom storby og mindre stader er styrkjande for det samla kulturlivet i fylket. Det er viktig å legge til rette for nettverk og samarbeid mellom kulturaktørar i og utanfor Vestland. Vestland har eit internasjonalt samkvem som går langt tilbake i tida. Å ta inn over seg internasjonale perspektiv og at vår eigen kultur finn vegen ut over grensene bidreg til mangfald, openheit, nye impulsar og perspektiv.

Vestland er eit fylke med store avstandar. Sjølv om mangfaldige lokale identitetar og tilhørsle er ein styrke, kan geografi og endra demografi føre med seg sentralisering, maktkonsentrasjon og manglande spreiing av verkemiddel. I Vestland er det breie kulturfeltet ryggrad i berekraftige lokalsamfunn. Dette skal vere tema i kulturpolitikken. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod i lokalsamfunna, og skal bygge vidare på dette som ressurs for skaping, oppleveling og innovasjon.

Gjennom samarbeid og arbeidsdeling skal ein utvikle kulturlivet i Vestland. Kulturpolitikken skal ha som mål å bygge samfunnet i samspele mellom profesjonelle, frivillige, institusjonar, kommunar, fylkeskommune og stat. Ein sterk kulturpolitikk med felles retning krev samarbeid og dialog mellom forvaltningsnivåa, og mellom kulturinstitusjonane, idretten og frivilligheita. Offentleg medverknad skal bygge opp under tiltak og initiativ i kulturlivet sjølv.

Vestland si kulturelle tyngde inneber meir enn berre om å hauste medaljar og suksess i våre sterke disiplinar. Eit leiande kulturfylke har stor breidde i aktivitet og engasjement, og det tolmodige kulturarbeidet som ikkje gjer så mykje av seg har òg stor verdi. Det er summen av topp og breidde som avgjer i kva grad Vestland kan vere ein leiande region på kulturfeltet. Samstundes føreset det å vere leiande at ein våger å prioritere. Dette inneber ei forventing om at prioriterte aktørar kan bane veg og bidra til å gjøre andre gode og heve kvalitet og breidde. Planen peikar ut fleire område der Vestland har høge kulturelle ambisjonar og er leiande.

## 5.2.1. Satsingar

### 1. Vestland skal ha eit profesjonelt kunst- og kulturliv på høgaste nivå.

Bergen er samlingsstad for profesjonelle utøvarar, sterke institusjonar med internasjonale ambisjonar og eit mangfald av arrangement. Universitet og høgskule med sine fagmiljø og tilbod innanfor kunst- og kulturfaga er ein føresetnad for framveksten av eit profesjonelt kulturliv. Bergen kjem i ei særstilling som sentrum for Vestland sitt kulturliv. Dei andre kommunane i fylket er i hovudtrekk meir like når det gjeld tilbod. Dette biletet har likevel viktige nyansar. Mange profesjonelle kulturaktørar finn vekstvilkår i god avstand frå storbyen. Musea, festivalane, operaen i Nordfjord, dei profesjonelle scenekunstinstitusjonane i Sunnfjord, Fartein Valen-stiftinga i Sveio eller residensordningane for kunstnarar i Fjaler og Kvam er slike døme.

Planen har som mål at Vestland skal vere eit tyngdepunkt for den profesjonelle kulturen i Norge. Dette inneber både å støtte opp under dei leiande verksemndene og samtidig vere open for nye tiltak og initiativ. Planen legg opp til at dette skal skje i ei koordinert satsing på finansiering, infrastruktur og arenaer, talentutvikling, og delingskultur.

Finansiering, offentleg eller privat, er viktigaste føresetnaden for å sikre dei profesjonelle kulturaktørane gode rammer. Offentleg finansiering, må meir enn i dag, sikrast i fellesskap mellom forvaltningsnivåa. Planen legg opp til at staten tek eit hovudansvar for dei profesjonelle verksemndene, men at staten si finansiering også har auge for lokale og regionale prioriteringar. Ein skal vere særleg merksam på å rette opp statleg skeivdeling av tilskot til t.d. drift av institusjonar med nasjonalt føremål.

Tenleg infrastruktur og arenaer er grunnlag for at profesjonell kultur kan komme heile fylket til gode. Både for musikk og scenekunst er dette ei utfordring, og her ligg det mellom anna behov for fleire kulturhus med regionale funksjonar.

Talentutvikling og rekruttering er den aller viktigaste føresetnaden for varig styrking og utvikling. Planen tek til orde for å utvikle og koordinere samanhengen mellom dei tilboda som tek ein framtidig utøvar inn i kulturen: kulturskulen, møtet med kunst- og kultur i skolen, frivillig aktivitet og opplæring innan idrett, friluftsliv og kulturorganisasjonar, vidaregåande skule, universitet og høgskule, i private talentordningar eller som profesjonell utøvar. Kunst- og kulturinstitusjonane må medverka til auka samarbeid med utdanningsinstitusjonane.

Delingskultur er eit kriterium for vekst i den profesjonelle kulturen. Auking av kompetansen, om det gjeld publikumsutvikling eller digitalisering, må skje i dialog i og mellom dei store institusjonane, det frie feltet og andre fagområde. Dei profesjonelle institusjonane tek del i nasjonale og internasjonale nettverk. At dei profesjonelle institusjonane deler kompetansen med det frivillige, vil også vere avgjerande for å utvikle det breie kunstfeltet.

Digitaliseringa av samfunnet gjer at ein kan formidle kunstopplevingar og kulturarv på heilt nye vis, til nye målgrupper uavhengig av tid og stad. Bergen filharmoniske orkester og Festspillene i Bergen har tatt ei leiarrolle gjennom si digitale formidling av musikk. Arkiva og musea gjer den digitaliserte kulturarven til ein ressurs for forsking, undervisning og kultur- og samfunnsutvikling. Godt digitalt innhald er ein nøkkel til kunnskap og verdiskaping. Å gjøre store delar av det digitaliserte materiale tilgjengeleg under frie lisensar, ein digital allmenning, vil vere ein stor ressurs for mange aktørar. Kulturen vil kunne utvikle seg vidare og materialet kan gå inn i eit kulturelt kretsløp som inkluderer kulturell og kreativ næring, reiseliv og opplevingsnæring, forsking, lokalsamfunnsutvikling med meir. Men saman med alle moglegheitene, er det openberre dilemma ved digitaliseringa og den teknologiske utviklinga. Tema kan vere opphavsrett og arkiveringsutfordringar. Ikkje minst er det mange uløyste spørsmål rundt digitalisering av kulturarrangement og andre former for formidling. Det ligg ei utfordring i å ta ut inntektpotensialet i dei digitale løysingane, og vurdere kva og kor mykje av kulturverksemda som skal produserast for skjerm.

## **2. Vestland skal gjennom kulturelle kraftsenter bygge vidare på, og utvikle regionale kvalitetar og ressursar.**

Fleire miljø, institusjonar og satsingar gjer Vestland leiande i nasjonal og internasjonal samanheng, vi kallar dei kraftsenter i Vestland. Dette er dei aktørane som pregar samfunnsutviklinga, driv fram endringar, fremjar refleksjon, skaper gode opplevingar eller stimulerer til deltaking. Det kan også vere aktørar, tradisjonar eller satsingar vi er åleine om, der vi tek eit særleg ansvar for å ta vare på vår eigen kultur. Dette er kulturelle kraftsenter som løftar og set Vestland på kartet. Eit poeng med å identifisere slike kraftsenter, er å vere bevisst på Vestland sine unike kvalitetar på kulturområdet, og løfte fram kva vi har eit særleg ansvar for.

Vestland har flest verdsarvoppføringar i Noreg. For Vestnorsk fjordlandskap, Urnes stavkyrkje og Bryggen i Bergen har Noreg eit internasjonalt ansvar – og tilsvarannde internasjonale moglegheiter. Denne internasjonale anerkjenninga er basis for forvaltinga av verdsarven. Dette stiller krav til styremaktene om ei koordinert offentleg forvalting av desse tre stadene. Verdsarven er i tillegg ein ressurs for reiselivet.

Fylket har ein levande folketradisjon, med aktive utøvarar innan t.d. folkemusikk og -dans, mattradisjon, tradisjonshandverk knytt til bygg og instrument. Den immaterielle kulturarven innan dette feltet må takast vare på gjennom aktiv bruk og dokumentasjon. Museum, arkiv og kommunale og private samlingar er viktige element i ei vellukka ivaretaking av kulturarven.

### Nynorsk språk

Vestland er kjerneområde for nynorsk. I store deler av fylket er nynorsk dominerande, både i skule, kyrkje, næringsliv og organisasjonsliv. Nynorsk er eit språkleg fellesskap som har vore med å skape ein felles identitet i skriftspråk og målbruk.

Det vert viktig å stø opp om bruk av nynorsk både som kvardagsspråk og kunstspråk. Vi må styrke utviklinga av markante nynorskarenaer og stimulere til nynorsk språkbruk og forteljarverksem i heile fylket. Gode forfattarar står i ein sterkt vestlandsk forteljartradisjon som lever både i bygd og by.

Å sikre nynorsk som språk i offentlegheita krev medviten innsats frå offentlege institusjonar, organisasjonane og næringslivet.

### Fjordlandskapet og kystkulturen

Vestland har ein unik natur og særmerkte tradisjonar og kulturminne som bør gjerast tilgjengeleg for fleire. Det er ei kjelde til bruk og opplevingar for folk busett i lokal miljø langs fjord og kyst, andre stader i fylket, i Noreg eller i utlandet. Fjordlandskapet har fleire stader med småskala turisme med gode, autentiske lokalsamfunn. Berekraftig turisme vil vere til gagn for alle.

Kystkulturen vår er dokumentert i ei mengde arkiv. Dette er komponentar i satsinga på arkiv i fylket.

### Frivilligkeit

Vestland fylkeskommune har vedteke frivilligstrategi for Vestland. Vestland er leiande på frivilligkeit innan kultur og idrett. Det er stor kraft i frivillig arbeid. For å vere ein leiande region må vi styrke samarbeidet mellom dei frivillige organisasjonane og mellom frivilligheita, det offentlege, privat næringsliv og profesjonelle aktørar innan kultur og idrett.

Frivilligheita i Vestland fremjar deltaking, engasjement, demokrati, inkludering, betre folkehelse, velferd og lokalsamfunnsutvikling. Det skal vere enkelt å vere frivillig og kunne delta. Derfor legg planen opp til å styrke frivilligheita og organisasjonslivet, redusere barrierane for deltaking og møte samfunnsendringane vi står ovanfor. Dei frivillige organisasjonane og det offentlege må i lag bidra til dette. Samskaping mellom det offentlege, det private og sivilsamfunnet sine organisasjonar er eit styringsideal. Då må frivillig sektor delta i prosessane med å forme den offentlege politikken og tenestene.

### Profesjonell kunst

Kunstfeltet er sterkt i Vestland, med sterke profesjonelle enkeltkunstnarar, institusjonar og større og mindre organisasjonar. Ei rekke Vestlandsaktørar markerer seg nasjonalt og internasjonalt. Bergen som motor og klyngje har stor tyding for det profesjonelle kunstfeltet i heile fylket.

Framover vert det viktig å sørge for at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt. Både fylkeskommunen og kommunane må ha ein målretta kunstpolitikk og stå saman for å få prioritet i den statlege kunstpolitikken.

### Friluftsliv og natur

Vestland har ein unik geografi og natur i global samanheng. Ein bør ta i bruk heile Vestland i den naturbaserte verdiskapinga, som må skje på naturen sine premissar. Vestland har særlege naturkvalitetar som det er viktig å ta vare på og vidareutvikle. Eit godt tilrettelagt tilbod for friluftsliv er vesentleg, både for dei som bur i fylket og som eit viktig tilbod til tilreisande.

I Vestland må det leggast til rette for eit breitt, inkluderande og variert tilbod. Ulike prosjekt og satsingar bidreg til å gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for fleire brukarar. Universelt utforma turvegar, integrering gjennom friluftslivsaktivitetar, fokus på statleg sikring og berekraftig arealforvaltning er viktig for å gjere friluftslivet tilgjengeleg for alle uavhengig av føresetnader. Ved å legge til rette for friluftsliv der folk bur, oppnår ein at innbyggjarane får gode høve til friluftsliv i nærmiljøet.

I reiselivet er fjordlandskapet internasjonalt etterspurt. Dette er eit svært sterkt grunnlag å bygge kulturell verdiskaping på, og eit konkurransefortrikk for Vestland. Kystkulturen og kulturen lengst inni fjordane er ein del av same forteljing. Det er heilt avgjerande ta vare på og skjøtta denne verdien vel.

## **3. Satsing på topp og breidde.**

Det kommunale tilbodet, ofte kalla «den kulturelle grunnmuren», gir heile befolkninga høve til å ta del i og å oppleve kunst- og kultur i sine lokalsamfunn. Hjørnesteinane er kunst- og kulturfag i opplæringa, kulturskulen, folkebiblioteka, kommunalt og frivillig fritidstilbod og lokalsamfunnet sine arenaer. Den kulturelle grunnmuren må styrkast gjennom lokalpolitiske prioriteringar og planar. Dette kan vere å styrke den lokale kulturfaglege kompetansen blant tilsette i offentleg sektor, frivillig sektor og private, å arbeide for å vidareutvikle tilbod til grupper som treng tilrettelegging eller legge til rette for at det vert produsert varierte kulturuttrykk i alle delar av fylket.

Ein solid kulturell grunnmur og samarbeid mellom profesjonelle og frivillige aktørar, private og offentlege partar skal vere grunnlaget for satsinga på topp og breidde. På nokre område krevst det spesialisert satsing. Arbeid med å utvikle og hjelpe talent vidare er ein del av ansvaret til dei ulike felta, og nødvendig om ein skal vere leiande. Dette er ein del av breidde – spisstankegangen, der aktive i Vestland skal sjå at det er mogleg å utvikle seg vidare og kome langt på sine felt. Både idretten og fleire av dei store kunstinstitutionane har tatt medansvar for dette, og jobbar med heile løpet frå barn til voksen og profesjonell. Samarbeid og nettverk kan også her føre til god vidare utvikling. Det vil vere mykje å vinne på å utvikle tettare samhandling mellom skule, idrett, kulturskule og kulturfeltet elles.

For idrett er det viktig med ei satsing på den vidaregåande skulen og åra direkte etter, der det er mange som tar steget frå å vere ung og lovande, til toppidrettsutøvar. Dette er viktige år å vere tett på for å lykkast med talenta. Der ein må utvikle gode ordningar som legg til rette for eit utdanningsløp i høgare

utdanning samtidig som ein satsar på idretten sin. Stipendordningane som regionen har i dag er også viktige.

#### **4. Ein sterk kulturell infrastruktur av opne og inkluderande kulturarenaer**

I følge Kulturlova skal kommunane legge til rette for eit breitt spekter av kulturtildeling og syte for organisatoriske og økonomiske rammer. Lova inneber at kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å utvikle ein communal kulturpolitikk. Samstundes er handlingsrommet til kommunane avhengig av rammene dei andre forvaltningsnivåa set, både når det gjeld økonomi og kompetanse.

Det skal vere god kulturell infrastruktur i heile Vestland som skal utviklast vidare i samarbeid mellom profesjonelle aktørar og institusjonar, kommunane i Vestland og frivilligheita. Dette gjeld både fysiske og digitale arenaer, kunnskap og verkemiddel.

Fysiske, økonomiske og kulturelle barrierar hindrar mange frå å ta del i eksisterande tilbod. Universell tilgang, merksemd på mangfald i deltaking og målretta aktivitets- og opplevelingstilbod til dei som treng det mest, kan opne kulturen for dei som i liten grad deltek i dag.

Ein må vere særleg merksam på samspelet mellom profesjonell og frivillig kultur, der det profesjonelle kulturen er ein ressurs, inspirasjon og forbilde for eldsjeler og den lokale kulturaktiviteten.

Vestland står i ei særstilling som «ei anna stemme» i norsk samfunns- og kulturliv, utanfor hovudstadsområdet og med sterke aktørar på mange felt. Det er viktig å kunne sjå verda frå fleire perspektiv og kunne arbeide frå mange stader i landet og fylket.

Kulturpolitikken må legge til rette og bygge opp under det som alt finns, der Vestland har kunstnarar og sterke miljø og aktørar på internasjonalt nivå innan dei aller fleste sjangrar. Institusjonane og aktørane er dei som er best til å formulere mål for verksemda si. Det må leggast til rette for ei langsigkt utvikling med vekt på behov og ambisjonar i kulturlivet sjølv. Profesjonell kultur er ulikt samansett og må ha fridom til å dyrke sin eigenart.

Å bygge kompetanse, nettverk og miljø, og å utvikle infrastrukturen på feltet må stå sentralt. Vi må også rette blikket mot den internasjonale marknaden, og legge betre til rette for å nytte dette potensialet. Det er viktig at ikkje kunstnarar og andre knytt til kunstlivet må flytte grunna manglande jobbmoglegheiter.

Det å skape gode, tilpassa arenaer til dei ulike lokalsamfunna, og skape møteplassar for ulike grupper og enkeltindivid, er eit viktig tiltak både for enkeltmennesket og fellesskapet. Å utvikle eksisterande infrastruktur, som lokale kulturhus og grendehus, for å styrke dei som attraktive møteplassar lokalt er ein berekraftig måte å tenkje på bruk av eksisterande ressursar. Det å legge dei til rette for både kulturproduksjon og arenaer for formidling og turneverksemd bidreg til både økonomisk, sosialt og miljømessig berekraft. Fylket treng også å skape arenaer som er spesialiserte og gode for dei profesjonelle aktørane. Det må vere arenaer både for produksjon og visning. Frivilligheita treng arenaer som er tilpassa deira behov.

Vestland er ein leiande region både for topp- og breiddedidrett. Det er av stor verdi å ha toppidrettsmiljø som skapar store opplevelingar for innbyggjarane og samstundes gir yngre utøvarar noko å identifisere seg med. Olympiatoppen Vest, særkrinsane, Høgskulen på Vestlandet, dei vidaregåande skulane mfl. legg til rette for at unge lovande utøvarar og topputøvarar skal kunne utvikle seg i regionen. Dette krev tilgang på gode anlegg og testfasilitetar, og rett kompetanse hos leiarar, trenarar og lærarar. Eit sterkt utdanningsfelt innan idrettsfaget er viktig for å kunne skape synergiar mellom utdanning, forsking og praksisfeltet.

Gjennom aktiv involvering kan ein legge til rette for aktive møteplassar for eigenorganiserte ungdommar. Gode anlegg som kan legge til rette både for eigenorganisert aktivitet og organisert aktivitet vil kunne skape gode synergiar utover sjølve aktiviteten. Slike anlegg vil invitere inn både nye brukargrupper og ny aktivitet. Anleggsutviklinga vil ha eit fokus på sambruk, for å sikre berekraftige løysingar til arena for kultur, idrett og frivilligheit.

E-sport og gaming er den største fritidsinteressa til barn og unge i Vestland i dag. Fylket er allereie langt framme når det gjeld e-sport, og jobbar kunnskapsbasert på tvers av aktørar for å utvikle trygge rammer og gode tilbod. Det er ei stor interesse hos ungdom for å få gode møtestadar for gaming, og det vil vere relevant å kople saman ulike aktivitetar i same hus, hall eller klubb. Det er laga ein strategi for e-sport og gaming i Vestland. Der er også sterke miljø/klynger i fylket som driv med utvikling og produksjon av spel.

## 5. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå

Ambisjonen om at Vestland skal ta ei leiarrolle, føreset ein aktiv og offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå, med relevante verkemiddel, økonomi og planar, som støtter opp om initiativ og satsingar i kulturen. Fylkeskommunen må stille med engasjement og ressursar i ei slik målretta utvikling, og kommunane må ha ein tydeleg og sterk kulturpolitisk vilje. Samstundes må staten vere tungt inne både med driftsmidlar og tilskot til store økonomiske løft. Planverka i dei tre forvaltningsnivåa må peike i same retning, og ha mest mogleg felles prioriteringar.

Offentlege planar og satsingar er likevel fånyttes om dei tek vare på og er open for initiativa og satsingane som finst i kulturfeltet, og det er avgjerande at desse initiativa og satsingane er sterke. Utvikling og styrking må i stor grad skje etter initiativ frå kulturlivet sjølv. God dialog mellom det offentlege og kulturaktørane er føresetnaden for å få dette til.

Det er behov for ei heilskapleg satsing på lokalsamfunn, og å auke bu-lyst og attraktivitet. Infrastruktur er essensielt, og det er særleg viktig å tenke nytt med sambruk når det gjeld felles møtestader og kultur- og idrettsarenaer i bygdene.

Gjennom ein aktiv kulturpolitikk skal Vestland vere pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. Vestlandet er gode på å etablere samarbeid, nettverk og klynger på kultur-, frilufts- og idrettsfeltet. Samhandling og nettverksarbeid i regionen er ein effektiv reiskap for å utvikle feltet vidare, på tvers av faggrenser og mellom ulike næringar.

Regionale kompetansesenter som arbeider for sitt felt slik som Vestnorsk Filmsenter, Vestnorsk Jazzsenter, Brak (musikk) og VISp (visuell kunst) er døme på organisering som har starta i vår region, og har spreidd seg til andre delar av landet. Også Idrettsklynge Vest, Polyfon, Aktive Gamere og Huset i bygda er samarbeidsmodellar som har gitt ringverknadar utover fylket. Vestnorsk fjordlandskap er eit godt døme på kombinasjonen mellom kulturarv, idrett og friluftsliv. Desse eksisterande nettverka må styrkast, og vi bør sjå på høve til nye initiativ, særleg når det gjeld samarbeid på tvers av fagfelta.

Kultur skal vere ein samskapande, sentral og nødvendig del av samfunnsutviklinga. Dette skal skje gjennom å stimulere og støtte opp om eit ope, mangfaldig, profesjonelt og utviklande kulturliv av høg kvalitet som utviklar seg på eigne premiss.

## 5.3. Berekraft

Mål: Kulturen i Vestland skal vere pådrivar for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

1. Samarbeid, kunnskapsdeling, formidling og dialog skal fremje berekraft.
2. Kultur skal redusere eige klimaavtrykk gjennom bevisst planlegging og gjennomføring av aktivitetar og tiltak.
3. Eit demokratisk og inkluderande kulturliv med låg terskel for deltaking skal vere ein ressurs for å utvikle berekraftige og mangfaldige lokalsamfunn.
4. Ei god forvaltning av kultur og naturarven skal vere grunnlag for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.
5. Vestland skal ha ein berekraftig kulturell infrastruktur.

Berekraftig utvikling er å dekke våre behov utan å øydelegge moglegheita for å gjere det i framtida. FN sine berekraftsmål set miljømessig, sosial og økonomisk utvikling i samband. Berekraftsmåla grip inn i kvarandre, og kan ikkje nåast isolert. Det er vanleg å hevde at berekraftsmåla innanfor miljø må oppfyllast for at ein skal nå dei sosiale berekraftsmåla. Når miljømessige og sosiale mål er oppfylte, er det mogleg å oppfylle dei økonomiske berekraftsmåla. Ei samfunnsutvikling som ser berekraftsmåla i samanheng, krev samarbeid og samordning i all samfunns- og arealplanlegging.

Kultur grip inn i alle berekraftdimensjonane, og er viktig i samfunnet sin innsats for å skape ei berekraftig utvikling. Kultur er ei mangfaldig samfunnskraft som bidreg til kunnskap og merksemd, og stimulerer kreativitet og samhandling, kulturell verdiskaping og berekraftig tenesteproduksjon. Kulturaktørane må sjølv ta omsyn til berekraftsmåla. Både einskilde aktivitetar eller ordinær drift har konsekvensar for klimaavtrykk og miljø, for korleis ein bidreg til sosial integrasjon, og for bidrag til ein sirkulær økonomi. Eit berekraftig kulturliv føreset at kulturen er relevant for alle deler av samfunnet og ulike grupper av menneske.

Miljømessig berekraft krev at vi medverkar til eit samspel som vi og andre artar avheng av, og har glede av, både no og i framtida. Vi må redusere klimagassutslepp og tilpasse oss endringar i klimaet, reise og leve annleis, bruke areala våre på forsvarleg vis, og verne om naturressursane. Her kan kultur vere arena for å tenke nytt og for å stimulere til korleis ein kan kutte utslepp og kva som må til for å redusere ressursbruken. Dei fleste former for kulturell verksemd vil også måtte vurdere klimaavtrykk og korleis ein brukar naturressursane.

Sosial berekraft handlar mellom anna om deltaking og fellesskap i samfunnet. Kulturaktivitetar, ulike kulturuttrykk og kulturarv, har stor innverknad på identitet, tilhørsle, livskvalitet og helse. Kunnskap om vår eiga historie fremjar forståing av samfunn og menneske, og kan gi grunnlag for å forstå og løysje aktuelle utfordringar. Kulturlivet gjer forståinga av notida og den historiske utviklinga rikare, og kan skape større aksept for mangfald og ulikskap. Samlingar i arkiv, bibliotek og museum er ein del av det felles nasjonale minnet vårt. Kulturen er difor viktig for kunnskap og opplevingar, og bidreg til nysgjerrigkeit, kreativitet, utdanning og læring. Kulturelle aktivitetar er eit felles gode og eit felles ansvar, og alle skal ha moglegheit til å ta del i den verdi- og meiningsdanninga som finn stad i kulturlivet. Kulturen og frivillig sektor skal vere ein arena for demokratibygging, medverknad og ytringsfridom, og slik understøtte rettferdige og sosiale strukturar. Sosial verdiskaping handlar mellom anna om utvikle produkt eller tenester som løysjer sosiale utfordringar. Å stimulere til sosialt entreprenørskap kan bidra til å skape lokale arbeidsplassar. Utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur kan fremje kvalitet og nærliek til brukarane. Kultur og frivillig sektor er ein ressurs i digital utvikling og sosialt entreprenørskap.

For ei berekraftig økonomisk utvikling må økonomien fungere slik at den sikrar behova våre, held seg innanfor naturens toleevne, reduserer forbruket, og vrir det over på klimavennlege produkt og tenester. I slik omstilling representerer kulturfeltet eit brent spekter av arbeidsplassar, men også den kreativiteten, fleksibilitet og nytenkinga som trengs for grøn omstilling av økonomien. Kultur ein samfunnsressurs i utviklinga av livskraftige lokalsamfunn og gir grunnlag for næringsutvikling. Kulturproduksjon er ofta forholdsvis moderat med tanke på direkte forbruk av naturressursar og kan, saman med målretta miljø- og klimatiltak i sektoren, gi nye berekraftige arbeidsplassar. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er også at så mange som mogeleg er i jobb, og kan ta del i arbeids- og samfunnslivet. Menneskelege ressursar i lokalsamfunnet må få sleppe til, og få handlingsrom til å utvikle evner, kunnskap og kompetanse.

Å ha berekraftsmåla som rettesnor, fører oss inn i ulike dilemma. Kulturaktørar kan oppleve at streng oppfølging av måla legg ein dempar på den økonomiske verdiskapinga. Eit museum kan til dømes sjå på samarbeid med cruisenæringa som eit effektivt element i verdiskapinga, men samstundes vurdere at dette er i strid med berekraftsprinsippa. Eit kunstprosjekt kan ha internasjonal deltaking, noko som medfører reiseverksemd og frakt – og ein står i eit liknande dilemma. Fotballklubbar kan sjå økonomiske utfordringar med å byte kunstgraset som har gummigranulat, turlag kan drifte hytter og merka stiar som står i konflikt til omsynet til villrein og andre artar.

Det er nødvendig å leite fram moglegitene og vinstane som ligg i ei berekraftig utvikling, og i å fase ut det som er i strid med berekraftsmåla. Styresmaktene har ansvar for å stimulere til ei slik utvikling, mellom anna gjennom verkemiddel som styrker den miljømessige verdiskapinga. Samtidig må kulturlivet sjølv vere pådrivar. Det er det som er den viktigaste ressursen for at Vestland skal styrke berekraftig verdiskaping på kulturfeltet, og vere i front i kulturen sitt grøne skifte.

### 5.3.1. Satsingar

#### 1. Samarbeid, kunnskapsdeling, formidling og dialog skal fremje berekraft.

Ei berekraftig utvikling er berre mogeleg gjennom haldningsendring. Ei vellukka omstilling til eit berekraftig samfunn er dermed avhengig av at flest mogleg innbyggjarar har kunnskap om berekraft, og korleis ein bør handle for å gjere klimariktige val og prioriteringar.

I Vestland skal det vere lett å ta berekraftige val, og det må gjerast med grunnlag i kunnskap. Kultur har eit særleg godt utgangspunkt for å ta ansvar for å sette miljø- og klimautfordringane på dagsorden i breie lag av befolkninga. Kulturlivet, idretten og friluftslivet kan skape merksemd og debatt, om det er gjennom arrangement, kunst, historieforteljing, framsyningar, museumsarrangement, festivalar eller anna. Kulturfeltet sit også på mykje historisk kunnskap om menneskeleg påverknad på miljøet som kan gjerast relevant i dagens situasjon. Kultur skal formidle kunnskap om reelle alternativ til eit samfunn der stadig veksande privat forbruk, haldningar eller økonomi hindrar dreing av økonomien i ein meir berekraftig retning.

Vestland har sterke og kunnskapsrike miljø som sit på ulik kunnskap om berekraft. Deling av kunnskap er viktig for å spreie idéar og praktiske løysingar. Derfor er eit mål å skape møteplassar, innovative samarbeidsmodellar og stimulere kompetansebygging for å utvikle kultur si berekraftsrolle.

## **2. Kultur skal redusere eige klimaavtrykk gjennom bevisst planlegging og gjennomføring av aktivitetar og tiltak.**

Kulturfeltet må, som samfunnet elles, bidra til det grøne skiftet. Det inneber kutt i klimagassutsleppa, vern om naturmangfaldet.

Klimaframskriving for Vestland syner eit behov for tilpassing til kraftig nedbør, og forvaltinga av kulturmiljø og kulturminne må tilpassast desse endringane. Alt dette råkar eldre bygningar og anlegg, særleg er trebygningar utsett ved auka fuktpåkjenning. Den pågåande attgroinga i landskapet og heving av tregrensa i fjellet i kombinasjon med auka tørke i sommarhalvåret gir auka risiko for villbrann. Samla er dette trugslar mot dei kulturhistoriske verdiane i fylket. Auka kunnskap og kompetanse er sentralt for å møte desse utfordringane.

Kulturfeltet i Vestland er ein betydeleg byggherre, byggeigar- og forvaltar eller leigetakar. Gode arenaer (kulturhus, konsertlokale, bibliotek, idrettsanlegg, symjehallar, museum og magasin) er føresetnad for gode tenester og opplevelingar. Byggebransjen står for ein stor del av klimagassutsleppa, og hus for kulturføremål må realiserast på berekraftig vis. Klimarekneskapet der ein samanliknar å bygge nytt med ombruk må vere sjølv sagt. Å nytte eksisterande bygningar, gjer at ein kan ta i vare kulturarv gjennom vidare bruk av bygningar og anlegg med høg kulturmiljøverdi.

## **3. Eit demokratisk og inkluderande kulturliv med låg terskel for deltaking skal vere ein ressurs for å utvikle berekraftige og mangfoldige lokalsamfunn.**

Kulturlivet i Vestland er samansett. Det femner om svært ulike aktørar – frå enkeltmannsføretak til store organisasjonar, profesjonelle og frivillige, næringsverksemder, kulturinstitusjonar og høgare utdanning og forsking.

Forsking på publikum og brukarar av kulturtildod utanfor heimen, slik som til dømes scenekunst, konserter og kino tyder på at det er folk med høgare utdanning og god økonomi som er dei som oftast nyttar kultur- og idrettstilboda. I tillegg har helse, alder og kjønn også mykje å seie for bruksmønsteret. Eit av verkemidla for å styrke sosial og miljømessig berekraft kan vere å legge ekstra vekt på lokalisering av kulturtildoda i nærliken av desse brukarane. Kulturlivet i Vestland skal stimulere eit samfunn med høg sosial berekraft gjennom å produsere eit breitt og variert kulturtildod.

## **4. Ei god forvaltning av kultur og naturarven skal vere grunnlag for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.**

Kulturlandskapet i Vestland er forma gjennom menneske sitt samspel med naturen gjennom tusenvis av år. Landskapet gir ein kulturhistorisk dimensjon med store kulturelle og biologiske verdiar.

Menneska sin aktivitet i kulturlandskapet er viktige døme på berekraftig bruk av naturen. Overutnytting av ressursar øydelegg ressursgrunnlaget. Tilbakegang av skjøtsel i kulturlandskapet gjer at mange artar knytt til kulturlandskap er på den nasjonale raudlista, og historiske kulturlandskap står i dag på raudlista for naturtypar, t.d. kystlyngheier.

Kulturlandskapet er attraktivt for busetnad og hyttefelt, og desse har blitt etablert i og kring utmark som har vore skjøtta i mange hundre år, men som i dag er uskjøtta, noko som t.d. medfører større risiko for brann.

Kulturlandskapa har stor formidlar berekraftig bruk av naturen som ikkje armar ut ressursgrunnlaget. Dette omfattar også handlingsboren kunnskap om skjøtsel av landskapet og tradisjonell drift på

stadeigne ressursar. Denne kunnskapen må koplast med moderne teknologi/kunnskap for å møte utfordringane vi ser no.

Lokal forvalting er grunnstamma i det norske kulturminnevernet. Klimaendringar og befolkningsvekst gir vesentlege endringar i lokalsamfunna i Vestland. Kulturminnevern og museumsarbeid kan fungere som ein raud tråd i endringsprosessane, sette utviklinga i perspektiv eller fylle rolla som tradisjonsberar. Verdiskaping som tek utgangspunkt i kulturmiljø, har eit stort potensial, ikkje minst gjennom ei tettare kopling til berekraftig reiseliv og opplevelingsturisme.

## **5. Vestland skal ha ein berekraftig kulturell infrastruktur.**

Sjø- og strandarealet i fylket er aktivitets- og rekreasjonsområde for alle. Desse verdiane er også sentrale for reiselivsnæringa både i nasjonal og internasjonal samanheng. Reiseliv med naturen som attraksjon vert stadig meir populært. Langs 100-meters beltet finn vi også spora etter dei første menneska som slo seg ned langs kysten vår like etter at isen trakk seg tilbake.

Fjellområda og fjordlandskapet i Vestland er i likskap med strandsona utsett for arealpress i enkelte områder. Eit dilemma knytt til utviklinga av fornybar energi gjennom vasskrafta og vindkrafta, er at det i mange tilfelle inneber irreversible endringar av naturområda. Arealendringar er den viktigaste årsaka til tap av artar og naturtypar i Noreg, og gir visuelle endringar på landskapsnivå.

Allemandsretten er eit gratis fellesgode og ein del av den norske kulturarven. Samstundes legg friluftslova også vekt på allemandspliktane og sporlaus ferdsel. Mange tenker på rett til ferdsel i utmark når ordet allmenning vert nytta. Den største allmenningen Noreg har, er knytt til sjø og havområda som strekk seg frå kystlinja og 200 nautiske mil ut i havet.

Ein stram arealpolitikk basert på vern av naturmangfaldet må vere sentralt for korleis ein skal handsame hytteutbygging i urørt natur. Ein av dei viktigaste føresetnadane for at friluftslivet i Vestland skal vere miljømessig berekraftig er at det ikkje fører til økt utbyggingspress i fjellet.

Arrangement i Vestland skal ha og vidareutvikle ein grøn profil. Offentlege tilskot må stille krav om berekraftige arrangement.

## 5.4. Demokrati, deltaking og mangfald

Mål: Vestland skal vere eit ope, inkluderande og mangfaldig samfunn med låge barrierar for deltaking.

1. Vestland skal gi innbyggjarane høve til å tilegne seg, påverke og utvikle kulturen i eigen region.
2. Alle som ønskjer det skal kunne ta del i meiningsfull aktivitet. Eldsjeler og initiativ skal blomstre i lokalsamfunna i Vestland.
3. Kultur, idrett og friluftsliv skal bygge på likeverd og mangfald, forebygge utanforskap og medverke til inkludering.
4. Det offentlege skal legge til rette for opne og inkluderande plattformer og arenaer
5. Kulturfeltet skal vere ein arena og pådrivar for ytringsfridom gjennom lågterskel møteplassar som fremmer toleranse og meiningsdanning.
6. Vestland skal utviklast gjennom sterk samhandling og nettverksarbeid på tvers i kulturlivet og med andre samfunnssektorar, særleg opplæring-, folkehelse og omsorgssektoren.

FN sine berekraftsmål og FN si erklæring om menneskerettane og tilhøyrande konvensjonar, ligg til grunn for planen sitt syn på deltaking, demokrati og mangfald.

Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati.

Demokrati, deltaking og mangfald handlar om tilknytinga mellom kvar enkelt og fellesskapet. Dette er grunnsteinar i utviklinga av demokratiske samfunn. Kulturfeltet forvaltar viktige arenaer for å fremje brei samfunnsdeltaking. Desse skaper band mellom enkeltmenneske og grupper, gir grunnlag for å utvikle tillit til kvarandre, og å ta individuelt ansvar på vegner av fellesskapet. Likeverd er grunnlaget for å fremje mangfald. Deltaking må ikkje vere sånn at nokon inkluderer, medan andre berre blir inkludert.

Mangfaldsomgrepet handlar om etnisitet, alder, kjønn, hudfarge, seksuell legning, synleg og usynleg funksjonsnedsetting, tru- og livssyn. Å vere medviten denne bredda er å gi rom for ulikskap og fellesskap på tvers. Å skape rom for mangfaldet av stemmar og sikre gode prosesser, nedanfrå og opp, er i tråd med prinsippa i «Kommune 3.0.» der samskaping mellom borgar og styresmakt er sentralt.

Frivillig sektor sitt medlemsdemokrati er ein vesentleg arena for utvikling av deltaking og demokrati, for inkludering, fellesskap og bygging av sosial kapital. Demokrati, deltaking og mangfald vert utvikla der kulturlivet har frie vilkår. Der kan kulturen kommentere omgjevnadene, ofte ved å sette samfunnsutviklinga, maktstrukturar og styresmaktene under kritikk og debatt, utan å risikere sanksjonar. Det er avgjerande at frivillig sektor, kunsten og kulturen er fri og ikkje underlagt politisk makt. Eit felles verdigrunnlag handlar ikkje nødvendigvis om at alle skal vere einige. Demokrati er eit system for å organisere krefter og motkrefter. Eit fellesskap av usemjø kjenneteiknar eit romsleg og mangfaldig samfunn.

Slike rettar kan verte utfordra. Samfunnet står ovanfor ulike dilemma, t.d. ytringsfridom sett opp mot diskriminering, og faren for terror sett opp mot sikkerheit og personvern. Men, fridom skal vere eit kjenneteikn ved kulturlivet i Vestland.

## **5.4.1. Satsingar**

### **1. Vestland skal gi innbyggjarane høve til å tilegne seg-, påverke- og utvikle kulturen i eigen region.**

Ved å legge til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv som utviklar seg mest mogleg på eigne premiss, samt å syte for tilgang og deltaking, møteplassar og fellesskap, fornying og omstilling vert kulturen relevant for alle. Tilrettelegging for samfunnsdebatt, ein mangfaldig ytringskultur og ein politisk debattarena for kultur er viktig. Dette styrkar demokratiet og samfunnsbygginga.

Vestland har rike tradisjonar for deltaking og demokratiske prosessar. Ein omfangsrik frivillig sektor, der idretten står i ei særstilling, er it godt døme. Folkerørsler, breie forankra institusjonar og gode tradisjonar er grunnlaget som må utviklast videre. Tilhøvet mellom by og land, senter og periferi, skaper dynamikk.

Det er viktig å skape trygge rammer for å delta i kulturlivet og samfunnet elles der deltaking i frivillig organisasjonsliv er demokratibygging frå botnen. Det ligg ein verdi i mangfald, og i kulturlivet kan ein delta på ulike måtar. Det er viktig å legge til rette for å la fleire ta del, på måtar der dei kan kjenne seg heime.

### **2. Alle som ønskjer det skal kunne ta del i meiningsfull aktivitet. Eldsjeler og initiativ skal blomstre i lokalsamfunna i Vestland.**

Å legge til rette for deltaking kan handle om universell tilgang og fysiske tilhøve, eller det kan handle om haldning, kulturelle og sosiale forhold som utanforskning. Utanforskning svekker fellesskapet og tilliten i samfunnet. Å introdusere nye måtar å engasjere folk på, er avgjerande for framtida.

Universell tilgang handlar ikkje berre om fysiske stengsler. Det kan også gjelde språk og kultur, eller om det er lett å orientere seg i omgjevnadene. Fokus på universell tilgang vert svært viktig framover, og vil påverka innrettinga av tilskot og incentiv. Tilgang på økonomi og ressursar er avgjerande for å nå målsettinga om deltaking for alle. Teknologiske løysingar og brukarmedverknad er avgjerande for å skape eit alders- og funksjonsvenleg samfunn.

Frivillig innsats er ein berebjelke i store deler av kulturlivet. Frivilligheita gir eit tilbod til mange gjennom tilrettelagt aktivitet, der glede, meistring, inkludering, rekreasjon og gode opplevingar er kjerneverdiar. Deltaking i frivillig verksemd har verdi som sosial møteplass, arena for fellesskap og danning av mening i tillegg til sitt demokratiske fundament. Kulturpolitikken må stetta engasjementet og kanalisere det inn i ein større samanheng der deltakarar og eldsjeler får bløme.

Gode og inkluderande møteplassar med låg terskel for inkludering legg grunnlaget for deltaking i samfunnet.

### **3. Kultur, idrett og frivilligkeit skal bygge på likeverd og mangfald, forebygge utanforskning og medverke til inkludering.**

Mangfald er det kulturelle lappeteppet som utgjer samfunnet vårt. Mangfald er møte mellom menneske på tvers av bakgrunn, etnisitet, religion og sosioøkonomisk posisjon. Mangfaldsarbeid handlar om å sjå alle som einskildindivid. Framleis er det slik at mangfaldet ikkje er godt nok spegla i kulturlivet, og dette skaper behov for tiltak. I samsvar med FN sine berekraftsmål skal vi redusere ulikheit, og arbeide for at ingen vert utelatne.

Frivilligheita er ein viktig ressurs i arbeidet for mangfald og inkludering, men oppgåva gjeld heile kulturfeltet - også dei store organisasjonane. Målet er at folk skal oppleve å bli ein del av samfunnet der dei bur. Arbeidsliv, kultur og frivilligkeit, skule og utdanning er arenaer for slik samhandling.

Kulturlivet har ei viktig rolle i å handheve ein nulltoleranse for rasisme. Fylkestinget fatta i juni 2020 et vedtak om Vestland fylke som ein antirasistisk sone. Dette krev eit godt koordinert arbeid både internt i organisasjonen, med eksterne samarbeidspartar og viktige samfunnsaktørar. Vedtaket forpliktar fylkeskommunen til kontinuerleg arbeid på feltet. Kulturaktørane er viktige samarbeidspartar i dette arbeidet. Vestland fylkeskommune vil vurdere på kva måte kulturaktørane i Vestland skal slutte seg til målsettinga om Vestland som antirasistisk sone.

Det offentlege skal legge til rette for opne og inkluderande plattformer og arenaer. Låg terskel for å delta i det offentlege rom, og eit kulturliv som jobbar aktivt mot diskriminering bidreg til inkludering.

Den kulturelle grunnmuren med sine fysiske møteplassar er særskilt viktig og sentral. Samstundes er brukarmedverknad avgjerande i arbeidet med digitaliseringa av samfunnet

#### **4. Kulturfeltet skal vere ein arena og pådrivar for ytringsfridom gjennom lågterskel møteplassar som fremmer toleranse og meiningsdanning.**

Ytringsfridom krev arenaer og møteplassar for meiningsbryting og der det er mogleg for alle å delta. Låg terskel for å delta på tvers av geografisk avstand og alder i både formelle og uformelle arenaer er viktig. Kven vert inviterte inn som meiningsberarar? Følger vi opptrakka spor, eller tek vi nye og modige val med rom for nye røyster og større breidde?

Det er utfordrande å skape ein meir utforskande diskusjon, der vi er opptekne av ytringsansvar med større rom for meningar, også ubehagelege. Det er lett å hamne i ekkokammer med mangel på respekt for andre sine synspunkt. Kulturpolitikken må legge stor vekt på å utvikle møteplassar med rom for mangfald og frie ytringar.

Kva gjer nye kommunikasjonsmåtar med oss som menneske, og korleis formar teknikk og språk oss? Ansikt til ansikt-møte er fundamentale, men digitale løysingar gir nye høve for oppleveling og deltaking. Vi treng å reflektere over balansen mellom fysiske og digitale plattformer. Ungdom og eldre kan her ha større sjansar til å finne nye vegar inn i demokratiet, med ny teknologi og nye aktørar. I skulen og kulturfeltet kan barn, ungdom og andre lære seg kritisk nettbruk, og å identifisere uriktig informasjon. Kulturfellesskap og arenaer for opplysning og meiningsbryting bidreg til open og kritisk samhandling.

#### **5. Vestland skal utviklast gjennom sterk samhandling og nettverksarbeid på tvers i kulturlivet og med andre samfunnssektorar, særleg opplæring-, folkehelse og omsorgssektoren**

Å bygge kapasitet og kompetanse i nettverk med eit breitt aktørfelt er viktig for at Vestland skal vere leiande. Å utvikle og styrke kunnskapsklynger som går på tvers av fagfelt og som er relevante for forskjellige typar organisasjonar i fylket vert sentralt. Ein kan her vise til t.d. Idrettsklynge Vest (fysisk aktivitet) eller Polyfon (musikkterapi). Begge desse kunnskapsklyngene har sprunge ut av tverrsektorielle samarbeid mellom offentleg forvalting, helsevesenet, sivilsamfunn og kunnskapsinstitusjonane.

Opplæringssektoren er sentral for kompetansebygging og utdanning av kulturarbeidarar. Kommunane sitt tilbod innan kulturskule og grunnskule er viktig som første opplæringsinstans. Kulturskulen skal tilby eit breitt tilbod av høg kvalitet, som samstundes gir høve til fordjuping og talentutvikling. Det er eit mål i

barne- og ungdomskulturmeldinga at kommunane skal arbeide aktivt for å nå breiare ut med kulturskuletilbodet. Ei styrking av kulturskulen vil vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med berekraft, inkludering og mangfold. Det er nødvendig å samordne behovet kulturskulane har for kompetanseutvikling og å samarbeide med universitet og høgskule. Den kulturelle skulesekken er eit sentralt tilbod til elevane i grunnskule og vidaregåande skule for møte med profesjonell kunst og kultur. Kopplinga av fagområdet kultur og helse er særleg viktig i kommunane.

Vestland fylkeskommune har ansvar for den vidaregående opplæringa. Kombinasjonen av skule og kultur kan vere ei kraft i samfunnsutviklinga. Det same er kopling av frivillig og profesjonelt engasjement. Langhaugen i Bergen eller Firda i Gloppen er døme på vidaregåande skular som i lang tid har vore katalysatorar for eit rikt musikkliv. I Stad er Opera Nordfjord samlokalisert med vidaregående skule, og der gir vekselverknadane mellom frivillig engasjement, skule og profesjonelt operaarbeid gode resultat. Kulturinstitusjonane og det profesjonelle feltet må medverke til styrking av slike utdanningstilbod. Høgskule og universitet sitt tilbod er særsviktig for kvalifisering av framtida sine ressursar innan profesjonelt kunst og kulturliv. Høgare utdanning rekrutterer også studentar til å bli buande der dei har tatt utdanning.

Regionale samarbeid og klynger er viktig. Utviklingsarbeid innan t.d. arkiv, bibliotek, fysisk aktivitet og kulturformidling har gode resultat og modellar frå samarbeid på denne måten. Denne måten å jobbe på vil vere avgjerande for gode resultat og utvikling i planperioden. Det er allereie mykje godt systematisk arbeid med kunnskap på folkehelseområdet. Dette er kunnskapsgrunnlag som er relevant for heile kultur, idrett og friluftsfeltet. Utfordringa kan vere å dele denne kunnskapen på gode måtar.

Korleis ein på gode måtar kan jobbe saman om kunnskapsdeling og kunnskapsutvikling vert eit viktig fokus i planperioden. Samhandling og nettverksarbeid i regionen er ein effektiv reiskap for å utvikle feltet vidare, på tvers av faggrenser og mellom ulike næringar.

## 5.5. Verdiskaping

Mål: Kulturen skal vere fri og uavhengig, og utvikle Vestland med profesjonalitet og kreativ kraft.

1. Kulturell verdiskaping i Vestland skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon.
2. Kultur- og naturarven i Vestland skal vere basis for nyskaping.
3. Kulturelle kraftsenter som motor for kulturlivet skal styrke og vidareutvikle Vestland.
4. Kommunane skal sikre gode vilkår for det lokale kulturlivet.
5. I Vestland skal kunstnarar og kulturaktørar kunne arbeide og leve av verksemda si.
6. Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom satsing på utdanning av profesjonelle kunst og kulturarbeidarar og gode nettverk for kunnskaps- og erfaringsdeling.

Ordet *kultur* er avleia av å *kultivere* – eller dyrke. Det heng altså tett saman med å skape vekst og meir verdi. Omgrepet *verdiskaping* er i mange samanhengar brukt synonymt med økonomisk vekst. Men verdiane som bli skapt gjennom kulturell verksemd er både økonomiske, sosiale og miljømessige, og vi bruker denne forståinga av omgrepet. Kultur, idrett og frivilligheit er viktige regionale verdiskaparar, og kulturens kraft er vesentleg for andre samfunnssektorar.

Ein kan forstå verdiskaping som det å produsere ei teneste eller eit tilbod som gir noko til samfunnet. Det kan ha ein rikdom eller nytte i seg sjølv, eller brukast vidare i ein annan samanheng. Grunnlaget for verdiskaping ligg i første leddet i verdikjeda: kulturminnet, landskapet, kunsten og aktiviteten. Dette er det vi bygger vidare på. Verdiskaping skaper direkte eller indirekte velferd, og den sosiale og miljømessige verdiskapinga er like viktig som den økonomiske. Det er vesentleg å alltid legge til grunn at kultur, idrett og frivilligheit har sin eigen verdi – ein kan gjerne seie at kulturen er sjela i samfunnet.

I denne planen er det verdiskaping på det breie kulturfeltet som er tema. Verdiskapinga her gir ringverknader på andre samfunnsområde, og kulturlivet har kontaktflate med mange andre sektorar, til dømes reiselivet. Men i ein kulturplan må kjernen ligge i territoriet kultur, idrett og frivilligheit, inkludert eit fokus på skjeringspunktet med andre sektorar. Det skal vere rom for både børs og katedral på kulturfeltet, og ulike grader av kommersialisering gjer seg gjeldande. Eit trekk ved verdiskaping på kulturområdet er likevel at økonomi meir er eit verkemiddel enn eit mål i seg sjølv.

Berekraftsmåla til FN er den raude tråden i planlegginga også når det gjeld verdiskaping. Den omfattande verdien kulturfeltet gir til folk og samfunn, gjer kulturen til ein sterk ressurs i å løyse vår tids største utfordringar. Berekraft, mangfold, ytringsfridom og demokrati skal vere grunnmuren for all verksemd.

Ein kan stille spørsmål som: Kor mange arenaer treng vi, og kva kan vi eventuelt dele på? Kan vi ruste opp noko gammalt i staden for å bygge nytt? Kan vi i større grad enn tidlegare akseptere å reise litt lengre for å nytte eit anlegg som ligg sentralt for fleire? Kan vi gjenbruke ei utstilling? Må vi reise så mykje, og korleis kan vi reise med mindre klimaavtrykk? Kor grøne arrangement klarar vi å skape?

Kulturlivet har også ei viktig rolle som meiningsberande samfunnsaktør. Det offentlege skal ikkje legge føringar for kva kulturaktørar skal ytre, men kulturlivet har ein posisjon til å vere viktig kunnskapsleverandør og motivator ut frå sin eigen ståstad. Når vi legg til grunn at langsiktig verdiskaping føreset ei berekraftig drift, må kultur ta mål av seg å vere i fremste linje i utviklinga.

Internasjonalisering kan gi økonomisk verdiskaping gjennom auka eksport og import, og det kan gi Vestland tenleg merksemd utanfor landegrensene. Her er òg ei verdiskaping i at internasjonal kulturell utveksling utviklar kompetanse, og at kulturuttrykk kan få konstruktive impulsar på ein inkluderande, internasjonal kulturarena.

### **5.5.1. Satsingar**

#### **1. Kulturell verdiskaping i Vestland skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon.**

Samarbeid og innovasjon skal vere berebjelkar i Vestland si satsing på kulturell verdiskaping. Utvikling og bruk av ny teknologi skal gå hand i hand med bygging av kreativ kraft, og den sterke kultur- og naturarven i Vestland skal vere ein basis for nyskapning.

Vi kan legge til rette for verdiskaping gjennom utvikling av klynger og samarbeid. Det er viktig å synleggjere ressursane i kommunane og lokalsamfunna i heile fylket.

Å utnytte komplementær kunnskap i fylket er vesentleg for verdiskapinga, ikkje minst ved at by og land kan utfylle kvarandre. Det skjer ei stor kulturell verdiskaping i lokalsamfunna rundt i fylket, og her finst potensial for auka verdiskaping. Det er eit mål å arbeide fram fleire ordningar og praksisar som styrker den gjensidige samhandlinga mellom by og land. Aktørane på feltet må ha nok kompetanse til å sjå kvarandre sine ressursar, og slik utløyse verdiar og drive verdiskaping saman. Slik kompetanse kan byggast gjennom møteplassar, nettverk, dialog og kunnskapsoverføring.

Berekraftsmåla kan vi rekne som stabile orienteringspunkt. Det betyr mellom anna at den kulturelle verdiskapinga skal legge stor vekt på mangfold og sosial rettferd, og ei utvikling på naturen sine premiss.

#### **2. Kultur- og naturarven i Vestland skal vere basis for nyskapning.**

Vestland har unik natur og særmerkte tradisjonar og kulturminne, og er det fylket i landet som har flest oppføringer på verdsarvlista. Alt dette er ei kjelde til verdiskaping og opplevelingar for både folk busett i lokalmiljøet, og tilreisande.

Vestland og Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på dei tre verdsarvstadane som ligg i fylket: Vestnorsk fjordlandskap, Urnes stavkyrkje og Bryggen i Bergen. Saman med ansvaret ligg tilsvarannde internasjonale moglegheiter. Både verdsarvstadene, regionalparkane og naturen i det heile gir Vestland eit konkurransesfortrikk. Kystkulturen og kulturen lengst inni fjordane er ein del av same fortelling. Det er heilt avgjerande å ta godt vare på denne verdien. Utvikling og verdiskaping må skje med berekraft som premiss, og i ei heilskapleg planlegging.

Det er eit nært forhold mellom friluftsliv og verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Ei miljømessig verdiskaping handlar om å styrke kvalitetane og verdiane knytt til kulturmiljø og natur. Desse verdiane må skjøttast, haldast i hevd og vernast slik at både kulturarv og naturmangfold vert sikra. Auka deltaking i friluftsliv kan gi ringverknader på fleire samfunnsområde, og har vesentleg effekt for folkehelsa. Ikke minst er det kjelde til glede og livsinnhald for enkeltmenneske. Men friluftsorganisasjonane og det naturbaserte reiselivet sitt ønske om å få flest mogleg til å nytte seg av naturen, har ei potensiell bakside i form av overforbruk av kulturminne, kulturlandskap og natur. Attraktiviteten er mektig og verdiskapingspotensialet stort. Det gjer ei berekraftig utvikling desto viktigare.

Vestland er eit av landets sterkeste museumsfylke, og har ei stor breidde i verdiskaping knytt til kulturmiljø og kulturminne. Vestland er landets sterkeste arkivfylke, der arkivaktørane har ein

tilretteleggarfunksjon for verdiskaping. Fylket har ein levande folketradisjon, med aktive utøvarar innan til dømes folkemusikk og -dans, mattradisjon, og tradisjonshandverk knytt til bygg og instrument.

Reiselivet er ein viktig medspelar i den kulturelle verdiskapinga som tar utgangspunkt i naturen og kulturmiljøa. I planperioden skal det leggast vekt på å utvikle naturbasert turisme, festivalturisme, kraftturisme – og nærturisme.

### **3. Kommunane skal sikre gode vilkår for det lokale kulturlivet.**

Alle bur i ein kommune og det er kommunane som skal legge til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtildel der folk bur og arbeider. Kommunen skal syte for organisatoriske og økonomiske rammer, og har eit sjølvstendig ansvar for å ha ein communal kulturpolitikk. Kommunen har ei rekke kulturpolitiske verkemiddel til rådvelde. Samstundes er handlingsrommet til kommunane avhengig av rammene dei andre forvaltningsnivåa set, både når det gjeld økonomi og kompetanse. Kommunane har ansvar for ei meir direkte tenesteyting til innbyggjarane, frivillig sektor og ansvar for lokal tilrettelegging av kulturverksemd. I Norge er kommunane sine løyingar til kultur større enn stat og fylkeskommune til saman. Slik er kommunane den viktigaste aktøren for eit variert kunst, kulturliv, idrett og frivilligheita i Norge. Dei har også ansvar for den kulturelle grunnmuren som er basis for innbyggjarane sitt kulturtildel.

### **4. I Vestland skal kunstnarar og kulturaktørar kunne arbeide og leve av verksemda si.**

Vestland skal vere eit leiande tyngdepunkt for den profesjonelle kulturen i Noreg. Det offentlege må målrette ordningar som gir fleire ein sjanse til å realisere talentet sitt der dei bur, og samtidig medverke til auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar i kultur regionalt. Styrking av kompetanse og infrastruktur er ein nøkkel.

Samtidig er det viktig å verdsette den frie kulturen som ikkje skaper stor økonomi i seg sjølv. Det finst ei stor gruppe kunstnarar, musikarar og toppidrettsutøvarar som har låg inntekt, og kombinerer kunstverksemda med anna løna arbeid. Det er viktig å ha ordningar som også treff denne gruppa.

### **5. Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom satsing på utdanning av profesjonelle kunst og kulturarbeidarar og gode nettverk for kunnskaps- og erfaringsdeling.**

Kulturlivet i Vestland bør sjå dei komande åra som ei moglegheitens tid, og det offentlege må bidra med å legge til rette for innovasjon i verdiskapinga i kulturlivet.

Arrangementsturisme set regionen på kartet. Dette kan gjelde natur og friluftstilbod, idrettsaktivitet, kunst og kulturformidling, produksjon og design skaper store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Internasjonale arrangement set staden og regionen på kartet. Film og dataspelutvikling er andre sterke miljø i Vestland som det bør satsast på i samspel med andre næringar.

Det må skapast ei betre koordinering av offentlege ressursar for å unngå at kulturaktørar må velje mellom kultur- eller næringsinngangen til offentlege verkemiddel og samarbeidskanalar. Her er det viktig å verdsette også den frie kulturen som ikkje skaper stor økonomi i seg sjølv.

Ei rekke nettverksaktørar jobbar med å utvikle kultur som næring i Vestland. Desse bygger samarbeid mellom aktørane, og sørger for ei stemme frå Vestland både nasjonalt og internasjonalt. Dei er viktige for verdiskapinga i næringa.

For å auke verdiskapinga på kulturfeltet er det avgjerande at både styresmakter og kulturverksemder har kunnskap om korleis dei ulike formene for verdiskaping spelar saman, og korleis val i planlegging og satsingar kan påverke dette samspelet. Det handlar om å sjå, gripe og utvikle dei moglegheitene som ligg innanfor brei verdiskaping. Dette krev at kunnskapsmiljø styrkar samarbeidet seg imellom, og at kulturaktørane ser ein felles vinst i å dele erfaringar.

I planperioden, i eit tidsløp på 12 år, vil det skje endringar som er vanskeleg å sjå føre seg. Grunnleggande føresetnader kan vere svært annleis på 2030-talet enn når planen vert vedteken. Det vert ein viktig strategi i seg sjølv å vere tidleg ute med å fange opp endringane, og sjå dei nye moglegheitene som oppstår. Endringskompetanse er avgjerande for den kulturelle verdiskapinga i Vestland.

Det er faktum at sentralisering og endringar i befolkninga vil prege Vestland i planperioden. Samarbeid er ein nøkkel i den verdiskapinga som skal møte slike trendar. Det er viktig å styrke samhandlinga i heile Vestland fylke.

## 5.6. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling

Mål: Kunnskap skal vere grunnlaget for ein systematisk og planmessig kulturutvikling.

1. Det skal leggast til rette for forsking og kunnskapsutvikling i samarbeid mellom universitet og høgskule (UH)-sektoren, offentleg forvalting og kulturlivet.
2. Finansiering av kunnskaps- og forskingsaktivitet i kulturlivet skal styrkast.
3. Det skal leggast til rette for at kulturlivet søker kunnskap om eige fagfelt gjennom samarbeid og deltaking nasjonalt og internasjonalt.
4. I Vestland skal ein stimulere til nettverk, klynger og samhandlingsarenaer for kunnskapsdeling og -utvikling. Ei særleg styrking av fagmiljø som utviklar og systematiserer kunnskap innan kultur.

Auka samarbeid mellom kultur- og kunnskapssektorane vil styrke ei kunnskapsbasert kulturutvikling, basert på betre og meir kunnskap om no-situasjonen, aktuelle utviklingstrekk og relevante utfordringar.

Ei god kulturforvalting har behov for kunnskap om effektane av tiltak og handlingar som t.d. følgjer av planar og handlingsprogram. Aktuelle døme på kunnskapsbehova: kunnskap og forståing for deltakinga i kultur, idrett og frivillighet, korleis organisasjonane kan styrkast, samanhengen mellom kulturen si samfunnsøkonomiske og bedriftsøkonomiske verknader og korleis sin legg til rette for dette, korleis ein kan styrke samfunnsrolla til kultur, idrett og frivillighet gjennom innovasjon og endring, og korleis ein best legge til rette for kunnskapsutvikling.

Kunnskapsutvikling og -deling er sentralt i alt utviklingsarbeid. Klyngearbeid og liknande samordning, kan styrke kunnskapsoverføring på tvers av heile kultur-, idrett- og frivilligområdet. Eksisterande nettverk kan vere gode modellar for å etablere liknande samarbeid i andre fagretsar og på tvers av fagområde. Ei lang rekke andre tiltak er også nødvendig.

Kva utfordringar og moglegheiter har ein i Vestland? Og kva satsingar og samarbeidsformer kan løfte kunnskapsutviklinga og formidlinga inn i framtida? Korleis kan ein systematisere kunnskapsproduksjonen på ein måte som gjer det relevant og tilgjengeleg for mange ulike aktørar?

Ved å gjere kunnskapsgrunnlaget til ein integrert del av planutviklinga og -oppfølginga, legg planen opp til å styrke kunnskapsutviklinga. Etableringa av eit kunnskapsgrunnlag, utforminga av mål og strategiar, etablering av handlingsprogram og tiltak, og gjennomføring og evaluering av planen er steg i denne kunnskapsutviklinga. Når ein kjem til revisjon etter første gjennomføring og evaluering, bør kunnskapsgrunnlaget ideelt sett vere heilt oppdatert. Det er behov for systematisering av kunnskapen.

## **5.6.1. Satsingar**

### **1. Det skal leggast til rette for forskning og kunnskapsutvikling i sterke samarbeid mellom universitet og høgskule (UH)-sektoren, offentleg forvalting og kulturlivet.**

Det er eit klart behov for meir målretta satsing på samarbeid mellom UH-sektoren, det offentlege og kulturlivet. Dette inneber m.a. at UH-sektoren utviklar kunnskap som kommunar og organisasjonar kan ta i bruk. Kunnskapen skal gjerast tilgjengeleg gjennom formidling og deling. Offentlege midlar til kunnskapsutvikling må også i større grad nyttast strategisk der det manglar kunnskap. Dette inneber større krav til involvering og medverknad i kunnskapsutviklinga.

Det er behov for satsing på å utvikle kunnskap som kan bidra til gjennomføring av politiske prosesser (budsjett, plan og tilskotsforvalting). Dette gjeld også effektane av kultur (gjennomslagskunnskap). Eit døme på gjennomslagskunnskap er å synleggjere samfunnsøkonomiske effektar av noko. Eit anna døme kan vere historiefortelling med fokus på brukarsida. Samanheng mellom forsking og praksisfeltet skal styrkast gjennom etablering av regionale samarbeidsforum.

### **2. Finansiering av kunnskaps- og forskingsaktivitet i kulturlivet skal styrkast.**

I tillegg til å auke forskingsaktiviteten innan feltet bør ein også styrke finansieringa. Det er ei rekke finansieringskjelder innan offentleg verksemد som kan finansiere kunnskapsbygging: Innovasjon Norge, Regionalt forskingsfond, Norsk kulturråd, og kommunale og fylkeskommunale ordningar. Ein må systematisere og vise fram behovet for forsking på feltet og syte for at ein kan nytte fleire finansieringskjelder. Ein må også jobbe for at private kjelder til finansiering vert nytta. EU-prosjekt kan også vere aktuelle finansieringskjelder.

### **3. Det skal leggast til rette for at kulturlivet søker kunnskap om eige fagfelt gjennom samarbeid og deltaking nasjonalt og internasjonalt.**

Ein gjennomgang av kunnskapsbehov i feltet syner at vi treng eit felles kunnskapsløft. Alle aktørar og felt vil ha stor nytte av betre samordning og samarbeid om kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Arbeidet med regional plan så langt viser stor grad av like utfordringar og løysingar på tvers av kultur, idrett og frivilligheitsektoren. Likevel er det alt for lite samarbeid på tvers både i utvikling og deling av forskingskunnskap, erfaringskunnskap og brukarkunnskap.

Planen tek til orde for å legge til rette for forsking og kompetanseutvikling på kulturfeltet og sikre tilfanget av relevant statistikk av høg kvalitet. Her må ein stimulere til langsiktig oppbygging av forskingsmiljø med solid kunnskap om kunst-, kultur- og mediesektoren, til dømes gjennom å føre vidare KULMEDIA-programmet. Ein må syte for finansiering av langsiktig forsking av høg kvalitet, og sørge for at det blir gjennomført evalueringar, utgreiingar og meir avgrensa forskingsprosjekt.

Den geografiske samansetninga av Vestland fylke kan gi grunnlag for å satse på ei betre utnytting av by/land-skilnaden i kunnskapsutviklinga. Det er både utfordringar og fortrinn ved å ha Bergen som eit stort tyngdepunkt i eit elles spreidd busett fylke. Det ligg eit klart potensial i at Bergen går føre ved krevjande kunnskapsløft, samstundes som desse løfta får langt meir verdi for resten av fylket dersom andre kommunar blir involvert. Kunnskapsutvikling frå område med spreidd busetnad og lange

avstandar vil dessutan truleg også gi verdifull kunnskap til nytte for meir tettbygde område. Eit godt døme er Barne og familiepanelet, utvikla av Bergen kommune, og rulla ut i heile Vestland.

Koordinering av felles initiativ for å påverke eller delta i nasjonale og internasjonale ordningar knytt til kunnskapsutvikling og -deling skal styrkast. Dette bør truleg vere langt enklare innanfor kultur, idrett og frivilligkeit enn innanfor ein del andre fagområde med større lokale og regionale motsetnader. For å etablere ei slik felles røyst må fylkeskommunen ta ei aktiv rolle for å fange opp dei felles kunnskapsbehova i fylket og initiere felles framstøyt nasjonalt og internasjonalt. Vestnorsk Brüsselkontor vil vere ein sentral samarbeidspart.

**4. I Vestland skal ein stimulere til nettverk, klynger og samhandlingsarenaer for kunnskapsdeling og -utvikling. Ei skal særleg styrke fagmiljø som utviklar og systematiserer kunnskap innan kultur.**

Korleis vidareutvikle dei eksisterande nettverka og samhandlingsarenaene for kunnskapsutvikling? Det er viktig å tilpasse dette til dei aktuelle målgruppene, om det er profesjonelle eller frivillige. Dette kan vere behov for nettverk eller samhandlingsarenaer for kunnskapsutvikling i kommunal sektor, på tvers av kultur, idrett og frivilligkeit, på festivalområdet, for dei profesjonelle arrangørane, festivalane eller kulturhusa. Døma er mange. Nye nettverk/klynger og møteplassar for kunnskapsdeling og -formidling må gå på tvers av tidlegare geografi, og vere relevant for sektorar og organisasjonar i heile fylket.

Målet om ei kunnskapsbasert kulturutvikling inneber å ta politiske eller faglege avgjerder basert på forsking eller erfaringsbasert kunnskap og forståing for brukarane sine ønsker og behov. Det krev kunnskap frå ulike kjelder, frå akademia, ekspertar og «brukarane». Eksisterande statistikk og rapportering i kommunane, fylkeskommunane, institusjonane og organisasjonane er også grunnleggande, jf. KOSTRA og Telemarksforsking sin kultur- og idrettsindeks.

Gode nettverk, klynger og samhandlingsarenaer for kunnskapsdeling og -utvikling er ein føresetnad for å lukkast.

# Vedlegg

Utdjupande informasjon

1. Behovet for andre regionale og kommunale planar
2. Definisjonar på omgrep som vert brukt i planen
3. Oversikt over prosess og deltagarar i planarbeidet

# 1. Behov for nye planar

Ein skal utarbeide regionale planar for prioriterte tema der det er behov for regional samordning og som gjeld fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar.

Kulturfeltet som vert omhandla i denne planen er vidt og ein ser i ein rekke samanhengar at det er overlapping og samanheng med andre regionale planar. Vi viser her særleg til;

- Folkehelseplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane
- Regional klimaplan for Vestland
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022 – 2033

I neste planperiode er det vedteke at ein skal utarbeide ein regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Den vil bli sentral for t.d. idrett og friluftslivsfeltet og kulturarvfeltet. I denne planperioden arbeider ein med eit kunnskapsgrunnlag for denne planen.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det lagt føringar for at Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit skal sjåast i samanheng med andre regionale planar. Satsingar i andre regionale planar er innarbeidd i vår plan.

## 1.1. Behov for andre planar for kultur, idrett og frivilligheit

Ein kan vedta å utarbeide andre regionale temaplanar og strategiar i denne regionale planen. Arbeidet har avdekkja behov for dei planane ein ser i tabellen nedanfor. Når desse planane vert utarbeidd vert vurdert og vedteke i handlingsprogrammet.

Plantype	Namn	Ny	Revisjon	Vidareføring	Merknad
Regional plan	Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023 - 2035	X			
	Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar 2027 - 2039	X			
Tema-planar	Temaplan for anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2002-2024		x		
	Temaplan: Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland	X			
	Temaplan: Plan for bibliotek	X			
	Temaplan: Kulturminne	x			
Strategiar	E-sportstrategi		X		Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Frivilligstrategi		x		Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.

	Kulturminne: - Førreformatoriske kulturminne: plan for kunnskapsutvikling – innsamling og formidlingsstrategi - Heilskapleg oversikt over verneverdige, mobile kulturminne i Vestland. - Verdsarven i Vestland, regional strategi for bevaring, formidling og utvikling	x			Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Friluftsliv: - Plan for friluftslivets ferdelsårer 2023 - 2025 - Kartlegging og verdisetting av regionale friluftsområdet og turruter		x		Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Plan for arena for aktivitet og for inkludering, mangfold og deltaking i kultur, idrett og frivillighet.	x			Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Den kulturelle skulesekken i Vestland		x		Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Det profesjonelle kunstfeltet	x			Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Kulturell og kreativ næring	x			Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
	Inkludering og integrering i Vestland	x			Vert innarbeidd i handlingsprogram og 1-årig handlingsplanar.
Kommunale planar	Fylkeskommunen føreset at kommunane driv kulturplanlegging innan: - Kultur, generell plan/samfunnssdel - Kulturmiljøplanar - plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv				

Det er i tillegg ei rekke behov for å skaffe fram og formidle god kunnskap om feltet. Dette vil ein i planperioden å arbeide vidare med.

# 2. Definisjonar og ordbruk innan feltet

## 1. Demokratibygging

Kultur har samfunnsbyggande og utviklende kraft. Frivillig sektor sitt medlemsdemokrati er ein læringsarena for deltaking og demokrati. Dei er også arenaer for inkludering, utvikling av fellesskap og bygging av sosial kapital. Kulturuttrykk tek stilling til samfunnsutviklinga, maktstrukturar og styresmaktene ved å sette dette under kritikk, debatt og på dagsorden. Det er difor viktig at frivillig sektor, kunsten og kulturen er fri og ikkje underlagt politisk makt. Armlengds avstand mellom politikk og kulturutøving skal sikre den frie rolla.

## 2. Den kulturelle grunnmuren

Den kulturelle grunnmuren er den infrastrukturen som gir heile befolkninga høve til å ta del i og å oppleve kunst- og kultur i sine lokalsamfunn. Hjørnesteinane er kunst- og kulturfag i opplæringa, kulturskulen, folkebiblioteka, kommunalt og frivillig fritidstilbod og lokalsamfunnet sine arenaer. Det er kommunane som har ansvaret for den kulturelle grunnmuren. Omgrepet vart tatt i bruk av Enger-utvalet i Kulturutgreiinga 2014.

## 3. Kultur - eit samleomgrep

Omgrepet *kultur* er ei fellesnemning for så ulike fenomen som kunst, allmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunna, organisasjonsliv, kulturskular, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kultur, kulturell og kreativ næring og opplevingsøkonomien med t.d. reiseliv, filmnæring og turisme tufta på kulturell eigenart.

Dette gjer det utfordrande å omtale kultur under eitt. Men, når planen likevel nyttar samleomgrepet *kultur* inkluderer dette alle sektorane over. Ingen vert ekskluderte frå fellesskapet, sjølv om nemninga kan vere framand for enkelte.

Dette kan også gjere det lettare å einast om dei viktige kulturelle utfordringane og sette felles mål, sjølv om dei ulike delsektorane framleis vil arbeide ut i frå eigne føremoner og føresetnader.

## 4. Kulturell infrastruktur

Dette er samansett av arenaer, kanalar og verkemiddel som legg til rette for å produsere, bygge kunnskap om og gjere kulturen tilgjengeleg for innbyggjarane. I dette inngår også fysiske og digitale arenaer og verkemiddel.

## 5. Partnarskapen

Her vert omgrepet brukt som nemning for deltakande aktørar i planprosessen. Plan- og bygningslova definerer kven som skal vere ein del av planarbeidet og kven som bør vere ein del. Stat og kommunane har *rett og plikt* til å samarbeide i utarbeidninga av regional plan. Regionale institusjonar, kunst og kulturlivet, frivillig sektor og institusjonar *bør* vere ein del av planarbeidet. Dei er ikkje bundne opp til å delta, men er partar og interessentar. Det er ønskjeleg at dei er med.

## **6. Eit relevant og representativt kulturliv**

Alle innbyggjarane i Vestland skal få del i aktivitetar uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn. Vi har eit ansvar for å vere aktuelle og relevante for meir enn ei lita gruppe i befolkninga. Kultur har eit danningsaspekt, der det deltagande, engasjerte og reflekterte mennesket er målet. For å oppnå dette, må tilboda gi rom for skapande verksemd, opplevingar og læring, og motivere til kritisk tenking og refleksjon.

## **7. Kultur som samfunnsbyggande kraft**

Kultur kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lever i. Dette har ein eigen verdi, og er avgjerande i utviklinga av enkeltmenneske, grupper og samfunn. Kultur del av identiteten vår, men bidreg samstundes til å utvikle og utfordre den. Kultur kan utvide fellesskapet og skape større mangfold. I krisetider er kultur ei kraft for å mobilisere til kreativ omstilling og styrka samhald.

Vestland er eit samansett fylke med store geografiske avstandar og demografiske skilnader mellom by og distrikt. Det er tradisjon med eit rikt og desentralisert kultur, idrett og frivillighet, med eit mangfold av tilbod i lokalsamfunna. Dette er ei kraft som bygger samfunn og fellesskap nedanfrå og opp. Det er ein føresetnad at alle har mogelegheit til kulturell deltaking, oppleveling eller skaping. I tillegg til den samfunnsbyggjande dimensjonen, bidreg kultur til den einskilde si læring og kompetansebygging. Desse perspektivet er del av planprosessen.

Planarbeidet bygger vidare på erkjenninga av den viktige rolla og ansvaret storbyen Bergen har som drivkraft i ein heil landsdel. Saman med profesjonelle fag- og produksjonsmiljø i regionsentera, er dette ei kraft som kjem heile fylket til gode. Samspel med ressursane i mange mindre lokalsamfunn i heile Vestland skaper eit godt potensiale for samfunnsutvikling.

I samspelet mellom offentlege aktørar, frivilligheita, organisasjonane og det profesjonelle kulturlivet ligg også sentrale ressursar for den framtidige kulturpolitikken. Med bruk av desse ressursane skal den regionale planen legge til rette for eit sterkt og uavhengig kultur, idrett og frivillighet med førsteklasses kvalitet, og som kan hevde seg i både nasjonal og internasjonal samanheng.

## **8. Det utvida kulturomgrepet**

Det utvida kulturomgrepet har vore brukt i formainga av norsk kulturpolitikk sidan 1970-tallet. Det er ikkje alltid klart kva dette kulturomgrepet inneber, men eit grunntrekk synst å vere at ein legg vekt på eit vidare register av faktorar som er med og gir livsmiljøet kvalitet. Særleg blir verdien av skapande eigenaktivitet i alle skiftande former understreka.

Et uttrykk for at det utvida kulturomgrepet framleis er retningsgjevande for norsk kulturpolitikk, finn ein i kulturlova frå 2007 der det gjennomgåande vert snakka om offentlege styresmakter si plikt til å legge til rette for og fremme kulturverksemd der ein både skal

- a) skape, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
- b) verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c) delta i kulturaktivitet,
- d) utvikle kulturfagleg kunnskap og kompetanse

Ein fordel med et slikt opent kulturomgrep er at det gir fleksibilitet til å tilpasse kulturpolitikken til ulike samfunnsendringar. Mange av innvendingane som har blitt reist mot det utvida kulturomgrepet knyter seg til den same openheita.

## 9. Ytringskultur

Kulturutgreiinga 2014 lanserte ytringskultur som ei erstatning for det utvida kulturomgrepet.

«Et utgangspunkt for å definere innholdet i begrepet ytringskultur er å finne i beskrivelsen av begrepet kulturliv i boka Lokalt kulturliv i endring. Her sier forfatterne at de bruker kulturliv i en smalere betydning enn det utvidede kulturbegrepet, men samtidig i en bredere betydning enn «finkulturen». Slik begrepet kulturliv brukes i boka, går det langt ut over den profesjonelle kunsten, mens avgrensingen mot det utvidede kulturbegrepet gjøres ved virksomheter «som ikke har kulturelle formål som det primære». I boka slås det videre fast at kulturliv ikke så mye dreier seg om materielle kunstneriske produkter som om den «interaktive utvekslingen av ideer, verdier og følelser» som oppstår rundt disse produktene. Kulturliv forutsetter kommunikasjon, sosial samhandling og arenaer eller møtesteder, understrekkes det av forfatterne. Deltakelse i kulturliv omfatter slik sett flere former for aktivitet enn det som vanligvis regnes som egenaktivitet i en kulturpolitisk sammenheng. Å delta i kulturlivet handler ikke bare om å spille et instrument, synge i kor eller å organisere et kulturarrangement, det handler også om å være en del av kunst- og kulturpublikummet. Å gå på konsert, teater eller museum, å lytte til et musikkalbum, å lese en bok – alle disse aktivitetene inngår i utvekslingen av ideer, verdier og følelser som kulturlivet består av.

I denne beskrivelsen avtegner det seg et bilde av kulturlivet som et eget praksisfelt i samfunnet som går på tvers av skiller mellom offentlig, frivillig og privat sektor. Dette er en nyttig innsnevring av kulturbegrepet, men som en definisjon er beskrivelsen likevel ufullstendig. Det som skiller kulturlivvirksomhet fra andre tilgrensende former for virksomhet, er her at de førstnevnte har «kulturelle formål som det primære». Hva slags formål er det da snakk om? Kulturpolitikkforskeren Jim McGuigan gir en mer presis beskrivelse av hva som ligger i dette. Han argumenterer for at kulturbegrepet må avgrenses til praksiser og institusjoner som har meningsskaping og symbolsk kommunikasjon som deres hovedformål. Sagt på en annen måte dreier dette seg om kommunikasjon som har et ekspressivt hovedformål.

Når kulturbegrepet avgrenses på denne måten, viser det ikke lenger til en altomfattende dimensjon ved samfunnet, men til et eget praksisfelt i samfunnet, og det er dette vi vil kalle ytringskultur. Nærmere bestemt kan ytringskulturen sies å ha to bestanddeler: På den ene siden viser begrepet til virksomheter som dreier seg om *formidling, vern og videreføring av materiell og immateriell kulturarv*. Dette omfatter museums-, arkiv- og bibliotekvirksomhet samt andre former for kulturvernvirksomhet. På den andre siden viser ytringskultur til det som i vid forstand kan kalles kunstneriske virksomheter. Dette omfatter produksjon og utøvelse av musikk, scenekunst, litteratur, visuelle kunstformer og film, tv, video og dataspill. Ytringskultur viser til den profesjonelle og ikke-profesjonelle utøvelsen av disse uttrykksformene og til formidlingsaktiviteter og opplæring og utdanning som er knyttet til uttrykksformene. Det viser også til det å tilegne seg slike kulturuttrykk som publikummer. Det er totaliteten av disse aktivitetene og kommunikasjonsprosesser som oppstår på grunnlag av dem, vi sikter til med begrepet ytringskultur.

Politikkutforminga i Vestland vil i stor grad legge vekt på ytringar som basis i kulturlivet i fylket.

# 3. Prosess og medverknad i utarbeiding av planen

Regional plan er utarbeidd av fylkeskommunen, men gjeld for dei relevante kulturaktørane i heile Vestland. Plan og bygningslova gir føringer for medverknad og involvering i planarbeidet. Det har påverka planprosessen.

## 1. Ekstern medverknad

### 1. Planprogram: utarbeiding, høyring, vedtak

Planen vart meldt samtidig med at planprogrammet vart sendt ut på høyring i mars 21, med høyringsfrist 20.04.21. Det kom 78 skriftlege innspel i høyringa. I tillegg har om lag 300 personar delteke på totalt 4 innspelsmøte.

Høyringsinnspela var gode, varierte og velformulerte. Mange støtta val av plantema og peiker på at desse fungerer godt. Det kom inn ei rekke nye forslag. Mange etterlyste større fokus på eige felt og hadde gode innspel til strategiar. Det var gjennomgåande at friluftslivet sine aktørar etterlyste fagplanar. Andre aktørar var opptekne av at idrett og friluftsliv må få eigen omtale. Vidare var det mange innspel på satsingar, prioriteringar og tiltak som er følgt opp i det vidare planarbeidet. Dette gjeld også mange innspel på at kunnskapsgrunnlaget for planen bør styrkast.

Det er utarbeidd ein høyringsrapport med overordna drøfting av tema og utfordringar som mange har spelt inn. Det er også korte vurderingar av kvart enkelt innspel. For dei som ønskjer å sette seg inn i kvart høyringsinnspel ligg desse samla på vlfk.no under sida for arbeid med regional plan for kultur, idrett og frivilligheit.

Planprogrammet vart vedteke i Vestland fylkesutval 22.06.21.

### 2. Organisering av utarbeiding av regional plan

Høyringsutkastet til regional plan består av 3 delar:

- Del 1 – Temaplan 2023 – 2035
- Del 2 – Aktør og fagplan 2023 – 2035
- Del 3 – Handlingsprogram 2023 – 2024

Del 1 omfattar visjon og mål, samt kulturpolitiske avklaringar og breie satsingsområde som gjeld heile plantema/kulturområda.

Del 2 har kome til under vegs i planarbeidet, m.a. i høyringa til planprogrammet, som eit behov frå aktørane ute om at regional plan skal omhandle deira fagfelt og at ein enkelt skal kunne finne igjen omtale av eit fagfelt og kva satsingar som gjeld for enkelt felt. Her finn ein mål og eit kort handlingsprogram for fagfelta.

Del 3 er handlingsprogrammet. Dette er overordna og gjeld for 2 år. Behovet for rullering skal vurderast årleg.

## Styringsgruppe

Det er oppretta ei styringsgruppe for regional plan som representerer ulike felt, frivillig sektor, organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar i fylket. Denne består av desse representantane:

Organisasjon	Representant	funksjon
Bergen kommune	Øyvor Johnson	Direktør for fagavdeling for kunst og kulturutvikling Byrådsavdeling for kultur, mangfold og likestilling
Sunnfjord kommune	Hilde Bjørkum	Kommunalsjef kultur og idrett
Alver kommune	Eirik Bouwer Utne	Leiar - kultur
Bømlo kommune	Bjørn Håvard Bjørklund	kommunalsjef
Bergen og Hordaland turlag	Helene Ødven	Dagleg leiar
Sogn og Fjordane ungdomslag	Christoffer Knagenhjelm	Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane
Vestland idrettskrets	Anne-Kristine Aas	seniorrådgjevar
Vestland innvandrerråd	Benedict Ernest Peter	Ungdom og idrettssekretær i styret
Førde internasjonale folkemusikkfestival	Per Idar Almås	Direktør
Kultur Vest	Øyunn Viken	Dagleg leiar
Hardanger og Voss museum	Åsmund Kristiansen	direktør
Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	Ane Kristiansen Solbraa	assisterande instituttleder og førsteamanuensis
Universitetet i Bergen, Det humanistiske fakultet	Kim Ove Hommen	Fakultetsdirektør
Biletkunstnarane Hordaland/Sogn og Fjordane	Agnes Nedregård	Tidlegare styreleiar i BKFH
Saksordførar	Geir Kjell Andersland	KULII
Leiar for styringsgruppa	Per Morten Ekerhovd	avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering

Mandatet til styringsgruppa er å representera det breie kulturfeltet i Vestland. På bakgrunn av si forankring i kulturlivet i Vestland skal styringsgruppa gi retning og innhald til arbeidet med regional plan for kultur, idrett og frivilligkeit under dei føringar og retningsliner for planarbeidet som ligg føre frå planmyndet. Styringsgruppa skal vere ein lyttepost for feltet og bringe inn eitt breitt og representativt syn på utvikling av feltet i Vestland. Styringsgruppa skal særleg ha fokus på visjon og retning, målformulering, milepålar i arbeidet og framdrift i arbeidet. Ein skal også identifisere moglegheit for på-tvers-satsingar og samarbeid, foreslå samarbeidsformer og dialog for saman å nå måla som vert utpeika i planarbeidet.

Styringsgruppa har hatt/har planlagt totalt 4 møter. 2 før høyring av planen sitt høyringsutkast og 2 møter før endeleg planvedtak.

## Arbeidsgrupper

Planprogrammet identifiserte 4 sentrale plantema. Ut i frå dette vart det oppretta 6 arbeidsgrupper med om lag 100 deltagarar. Desse greidde i oktober – desember 21 ut sentrale plantema. Gruppene møttest som utgangspunkt 4 gonger i utgreiingsperioden, dei fleste møta var digitale.

Arbeidsgruppene var leia av ein representant frå kulturlivet i Vestland. Arbeidsgruppene var rekruttert breitt frå kultur i Vestland og hadde administrativ støtte frå avdelinga Kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune.

Arbeidsgruppe 1 – Ein leiande region for kultur, idrett og frivilligheit vart leia av Inga Moen Danielsen, Tekstallianse. Administrativ koordinator var Tone Stedal Haugland, seksjon kunst og kulturutvikling.

Arbeidsgruppe 2 – Berekraft vart leia av Elisabeth Halvorsen, Museumssenteret Hordaland. Administrativ koordinator var Peter Forras, seksjon kulturarv.

Arbeidsgruppe 3 – Demokrati, ytringsfridom og medborgarskap var leia av Kristin Helle Valle, Litteraturhuset i Bergen. Administrativ koordinator var Terje Haugsgjerd, seksjon bibliotekutvikling

Arbeidsgruppe 4 - Deltaking, mangfald og inkludering var leia av Vincent Mrimba, Bergen kommune. Administrativ koordinator var Charlotte Espeland, seksjon kulturformidling.

Arbeidsgruppe 5 –Verdiskaping var leia av Knut Markhus, Kraftmuseet. Administrativ koordinator var Elin Storøstevik, seksjon arkiv.

Arbeidsgruppe 6 – kunnskapsutvikling og formidling var leia av Torkjell Solbrå, Sogndal kommune. Administrativ koordinator var Hanne Espe, seksjon idrett og friluftsliv.

Arbeidsgruppene sine innspel ligg til grunn for høyringsutkastet sin del 1, temaplan.

### Plangruppe

Seksjonssjef Ronny Skår, seksjon inkludering, strategi og analyse, leia planarbeidet og plangruppa.

Sissel Aarseth, seksjon inkludering, strategi og analyse har hatt ansvar for plankoordineringa. Elizabeth Warren, seksjon inkludering, strategi og analyse har hatt ansvar for arbeidet med kunnskapsgrunnlag.

Plangruppa har bestått av:

- Tone Stedal Haugland, seksjon kunst og kulturutvikling
- Charlotte Espeland, seksjon kulturformidling
- Terje Haugsgjerd, seksjon bibliotekutvikling
- Elizabeth Warren, seksjon inkludering, strategi og analyse
- Hanne Espe, seksjon idrett og friluftsliv
- Karoline Hareide Breivik, seksjon kulturarv
- Elin Storøstevik, seksjon arkiv

Plangruppa har hatt som oppgåve å utgreie del 2 i høyringsutkastet, Aktør og fagdel. Samt innspel til handlingsprogram, del 3. Plangruppa har møtst jamleg, kvar 2. eller kvar veke.

Alle seksjonane i avdelinga har delteke i utgreiingane av aktør og fagplanen.

Vidare informasjon om organisering og arbeidet med regional plan finn du på heimesida [vlfk.no](http://vlfk.no).

## **2. Politisk medverknad**

Planprogrammet for regional plan vart vedteke 22.06.21.

Undervegs i planarbeidet har hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune sikra politisk forankring. Hovudutvalet har også hatt eit seminar med høve til å kome med innspel til politisk viktige satsingar og utfordringar til planen.

Dei regionale medverknadsorgana, eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Vestland ungdomsutval har hatt planarbeidet som orientering og som innspelssak minst 1 gong i kvar prosess.

### **3. Politisk saksordførar**

Saksordførar, nestleiar i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune, Geir Kjell Andersland (V), har hatt saksordføraransvar og vore bindeledd mellom administrasjon og folkevalde i fylkeskommunen.

Leiar i hovudutval kultur, idrett og integrering, saksordførar og avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering har etablert koordineringsmøter før kvart møte i hovudutvalet for å rapportere framdrift i prosjektet og avklare behov for informasjon til møta i hovudutvalet.


### **4. Intern medverknad og organisering**

Planarbeidet er også forankra i fylkeskommunen sin administrasjon. Leiargruppa i Avdeling for kultur, idrett og inkludering har gitt innspel til målformuleringar, strategiar og tekst. Eiga prosjektgruppe er etablert i same avdeling, har følgt prosessen, og gjort utgreiingar, analyser og målutforming etter behov.

### **5. Tidsplan for utarbeiding av regional plan**

Arbeidet fram mot vedtak av regional plan er lagt opp slik:

1. Politisk handsaming av høyring:
  - Innstilling KULII: 30.08.22
  - Vedtak Fylkesutvalet: 06.09.22
2. Høyringsperiode: 06.09.22 – 04.11.22
3. Innspelsmøte i Sunnfjord/Nordfjord, Bergen og omland, Sunnhordland, Voss og Sogn i veke 37 – 41, dvs. 15.09.22 – 11.10.22
4. Høyringsfrist 04.11.22.
5. Vedtak regional plan og handlingsprogram
  - Innstilling KULII: februar 23
  - Innstilling Fylkesutvalet: februar 23
  - Vedtak Fylkestinget: mars 23



Høyringsutkast  
Fylkesutvalet  
6. september 22

# Kultur bygger samfunn - Aktør og fagplan

Regional plan kultur, idrett og frivillighet 20223 – 2035 Vestland – Del 2



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>Innleiding .....</b>	<b>4</b>
Offentleg kulturpolitikk.....	4
Fylkeskommunal kulturpolitikk .....	4
<b>1. Kulturarv .....</b>	<b>6</b>
1.1. Kulturarv som identitets- og verdiskapingsressurs .....	6
1.2. Arkiv .....	7
1.3. Immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk.....	8
1.4. Førreformatoriske kulturminne .....	9
1.5. Nyare tids kulturminne.....	11
1.5.1. Bygningsvern og kulturlandskap .....	11
1.5.2. Fartøyvern og mobile kulturminne / historiske transportmidde	12
1.5.3. Verdsarv.....	13
1.6. Museum.....	15
<b>2. Idrett, friluftsliv og e-sport.....</b>	<b>17</b>
2.1. Fysisk aktivitet .....	17
2.1.1. Idrett .....	18
2.1.2. Friluftsliv .....	20
2.2. Anlegg for idrett og fysisk aktivitet .....	21
2.3. E-sport og gaming i Vestland.....	23
<b>3. Frivillig sektor .....</b>	<b>25</b>
3.1. Frivilligheita i Vestland .....	25
<b>4. Kunst og kultur .....</b>	<b>27</b>
4.1. Arenaer og møteplassar .....	27
4.2. Bibliotek .....	28
4.2.1. Bibliotek - Møtestad og arena for samtale og debatt.....	28

4.2.2.	Bibliotek - Arena for kultur, litteratur, og lesing.....	29
4.2.3.	Bibliotek - Kunnskaps- og læringsarena .....	30
4.2.4.	Folkebibliotek.....	31
4.3.	Kunst og kulturformidling til born og unge.....	31
4.3.1.	Den kulturelle skulesekken.....	31
4.3.2.	Kulturskulen .....	33
4.3.3.	UKM.....	34
4.4.	Det profesjonelle kunstfeltet .....	35
4.4.1.	Film og medium .....	36
4.4.2.	Musikk .....	36
4.4.3.	Scenekunst.....	38
4.4.4.	Språk og litteratur .....	39
4.4.5.	Visuell kunst .....	40
4.5.	Kulturell og kreativ næring .....	41
4.5.1.	Opplevingsnæring og reiseliv .....	42
4.6.	Nynorsk språk og språkpolitikk .....	43
4.7.	Eit internasjonalt kultur- og idrettsliv i Vestland .....	44
<b>5.</b>	<b>Inkludering og integrering.....</b>	<b>46</b>
5.1.	Inkludering og integrering.....	46
5.2.	Folkehelse.....	47
5.3.	Kultur og helse.....	48
5.4.	Den kulturelle spaserstokken.....	49

# Innleiing

Kultur kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølve og samfunnet vi lever i, og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Menneska i eit kvart samfunn treng livsinnhald, refleksjon og forståing av seg sjølv og andre. Dei treng gode opplevelingar, og dei treng utfordringar. Dette er viktige samfunnsverdiar, og døme på kulturell og sosial verdiskaping.

«Kultur bygger samfunn» Regional plan kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2035 er ein strategisk plan for Vestland.

Høyringsutkastet til regional plan består av 3 delar:

Del 1 – Regional plan, temaplan 2023 – 2035 som omfattar visjon og mål, samt kulturpolitiske avklaringar og breie satsingsområde som gjeld heile plantema/kulturområda.

Del 2 – Aktør og fagplan 2023 – 2035 handlar om alle fagfelta innan det breie kultur, idrett og frivilligheit. Denne delen skal vise meir konkret korleis dei ulike delane og felta innanfor det breie kulturfeltet kan vere med på å oppfylle visjonen og måla som er sett i del 1. Det vert slik enklare å finne igjen omtale av eit fagfelt og kva satsingar som gjeld for det enkelte felt.

Del 3 - Handlingsprogram 2023 – 2026. Her vert det lagt fram mål, delmål og strategiar. I 2023 skal det i tillegg utarbeidast handlingsprogram for denne aktør- og fagdelen i samarbeid med fagaktørane. Det vil bli eiga høyring på dette.

## Offentleg kulturpolitikk

Kulturpolitikk er eit resultat av nasjonal lovgiving, politikk og internasjonale konvensjonar. Kulturpolitikk er offentlege tiltak som har som føremål å påverke kva kulturuttrykk som vert produsert og formidla. Verkemidla er tilskot og lovreguleringar som skaper gode rammevilkår for institusjonar, kunstnarar og frivillig sektor.

Ein nasjonal kulturpolitikk er resultatet av statleg, fylkeskommunal og kommunal kulturpolitikk.

## Fylkeskommunal kulturpolitikk

Regionreforma styrker det lokale sjølvstyret og gir fylkeskommunane ei tydelegare rolle som samfunnsutviklar. Dette inneber å gi tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Som samfunnsutviklar og samordningsorgan har fylkeskommunen ei nøkkelrolle i å meisle ut ei kulturpolitikk som er til gagn for alle i Vestland.

Fylkeskommunen har ein sjølvstendig regional kulturpolitikk. Den må vidareutviklast. Den er basert på ei rekke oppgåver på kulturfeltet som er forankra i nasjonal lovgiving og politikk og internasjonale konvensjonar. Samtidig er det farga av og støtta opp om det mangfold av lokale initiativ frå kommunane og sivilsamfunn i Vestland. Fylkeskommunen skal syte for at det finst organisatoriske og økonomiske verkemiddel innan det breie kulturfeltet som fremmer kvalitet, profesjonalitet, spesialisering, utjamning og samhandling på tvers av kommunegrenser og mellom forvaltningsnivåa.

Berekraftsmåla er globale, men løysingane er lokale, i kvar enkelt region og lokalsamfunn. For å bidra til å få utviklinga i ei meir berekraftig retning må ein arbeide på tvers av fag og sektorar, mellom forvaltningsnivå og saman med sivilsamfunn.

Den fylkeskommunale kulturpolitikken kjem til uttrykk i regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2035.

Mål :

1. I Vestland vil vi sette dagsorden for relevant kulturpolitikk nasjonalt og bidra til eit godt utval av institusjonar og eit kulturtilbod av høg kvalitet nasjonalt og internasjonalt også i vår region.
2. Vestland fylkeskommune skal ha relevante verkemiddel overfor dei regionale aktørane
3. Samarbeidet mellom dei ulike nivåa i offentleg sektor og frivilligheit, profesjonelle og amatør kulturliv og innbyggjarar må styrkast. ein samhandlar med.
4. Alle kommunar i Vestland utviklar ein relevant politikk for kultur, idrett og frivilligheit som er tilpassa den enkelte kommune sine behov.

# 1. Kulturarv

## 1.1. Kulturarv som identitets- og verdiskapingsressurs

Tradisjonelt har kulturmiljøforvaltninga vore objektfokusert og lagt størst vekt på kulturminna sin eigenverdi. Frå 2000-skiftet har ein i aukande grad vektlagt kulturminne og kulturmiljø som ressurs i utviklinga av levande lokalsamfunn. I 2003 starta Riksantikvaren opp eit verdiskapingsprogram som nettopp skulle stimulere til lokal og regional verdiskaping. I den siste stortingsmeldinga om kulturmiljøpolitikken har verdiskaping også fått ein viktig plass. Der heiter det: *Kulturarven er en samfunnsressurs som i større grad bør brukes for å utvikle livskraftige lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling.*

Vestland har gjennom ei årrekke teke ein leiande posisjon i utvikling av regionale verdiskapingsprosjekt basert på kulturarvverdiar. Prosjekt som Kongevegen over Filefjell, Kystpilegrimsleia og Kraftturisme er døme på prosjekt som har mobilisert lokalsamfunna og gitt grunnlag for næringsutvikling. Vestland kan vidareutvikle denne rolla gjennom aktivt samarbeid på tvers av fylker, fag og sektorar og ta ein framoverretta posisjon når det gjeld kulturbasert samfunnsutvikling.

Vestland er fylket med flest regionalparkar i Noreg (Fjordkysten Regional- og Geopark, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nordhordland UNESCO Biosfære og Geopark Sunnhordland). Regionalparkar er interessante modellar for identitetsskapande utvikling, basert på FN sine berekraftsmål og Den europeiske landskapskonvensjonen. Regionalparkane må sikrast føreseilege rammer både til drift og vidare utvikling. Både stat, fylke, kommunar og frivillige organisasjonar må vere med i arbeidet med å forme og løfte regionalparkarbeidet i Vestland.

All verdiskaping på kulturmiljø i Vestland rettar seg etter WTO/FN sine prinsipp for utvikling av berekraftig næringsliv; bevaring av natur, kultur og miljø, styrking av sosiale verdiar, og økonomisk levedyktigheit.

Verdiskapingstiltak i lokalsamfunna handlar om medverknad og mobilisering, både aktørmobilisering og institusjonsmobilisering. Døme på slik mobilisering i Vestland er regionalparkane som bygger sitt arbeid på ivaretaking, utvikling og samarbeid gjennom "nedanfrå - og opp-prosessar".

Reiselivet i Vestland er den mest desentraliserte, og på nokre stader også den største, sysselsettaren. Vi ser i dag også endringar i nasjonale og internasjonale marknader i retning av at større marknadssegment etterspør kulturopplevelingar i tillegg til naturopplevelingar. Dette har også bidratt til ei perspektivutviding innan verkemiddelapparatet for reiselivsutvikling. I nye nasjonal reiselivsstrategi er det kome med eige program for nyskapande kulturopplevelingar.

I verdiskapingsarbeidet på kulturarvfeltet er det difor naturleg å ha tett samhandling med reiselivsaktørane og kople saman verkemiddelapparata som reiselivs- og kulturaktørane nytter seg av. Det er også behov for følgeforskning i verdiskapingsprosjekta for å få meir kunnskap om kva effektar slik samhandling har og korleis ein best kan innrette prosjekta

## 1.2. Arkiv

Arkivsektoren rommar både statlege og fylkeskommunale institusjonar, interkommunale samarbeid, stiftingar og private aktørar. Mange museum og bibliotek forvaltar arkiv som ein del av arbeidet sitt. Ansvaret desse aktørane forvaltar er djupt forankra i menneskerettane og Grunnlova, der dei varetak offentlegprinsippet i lovverket. Sektoren gir innbyggjarane tilgang til sin eigen kultur, slik at Linja dei skal kunne både vidareføre han og påverke han. Arbeidet i sektoren kan samanfattast i tre grunnleggande funksjonar. Arkiva er administrative ressursar, som er ein føresetnad for effektiv sakshandsaming. Arkiva er demokratiske ressursar som bidreg til openheit og etterprøving. Arkiva er kulturelle og forskingsmessige ressursar som forvaltar den samla samfunnsdokumentasjonen og kulturarven.

Arkivsektoren er den viktigaste premissleverandøren for eit ope og gjennomsynleg demokrati der alle kan ta del i sin eigen kultur og etterprøve styresmaktene i prosessar som handlar om og påverkar dei sjølve og samfunnet dei lever i. Dette gjeld både majoritets- og minoriteteskulturar, og uavhengig av kvar ein bur.

Vestland skal vere eit føredøme for open dokumentforvalting og tilgjengeleggjering av kulturhistoriske kjelder. Utvikling av gode løysingar for formidling og tilgjengeleggjering er difor ei kjerneutfordring for alle som forvaltar arkiv. Faglege og institusjonelle samarbeid er sentralt for å løyse dette.

Arkivinstitusjonane er nokre av dei fremste gratisaktørane i samfunnet. Slik fungerer sektoren utjamnande. Likeverd er ein viktig lenke til sosial berekraft. Å verte eksponert for kunst og kultur og den felles historia vår fremmer kritisk refleksjon og kreativitet, som er viktig for å løyse framtidas berekraftsutfordringar.

Kunnskapen om lokal historie og kulturminne er viktige ressursar som bidreg til lokal tilknyting og samkjensle. Samarbeid mellom arkivinstitusjonar og frivillig sektor er viktig for å utvikle ei kjensle av tilhørsle for alle. Samstundes er lokalt engasjement av uvurderleg verdi for arkiva, slik arkiva er viktig for verdiskapinga i den frivillige sektoren. Like fullt nyttar alle næringsvegar seg av krafta som ligg i kulturuttrykka våre. Autentisiteten i språk, tradisjonsuttrykk og kulturhistorisk medvit er ein viktig del av verdiskapinga også utanfor kultursektoren. Arkivsektoren skal vere ein viktig pådriver for utvikling av ny teknologi som lettar deling og bruk av dokumentasjonen sektoren forvaltar, i tillegg tilgjengeleggjering under frie lisensar.

- Arkivsektoren rommar statlege aktørar og mynde som Arkivverket, i tillegg til kommunale og private aktørar.
- Museum og bibliotek er døme på institusjonar som forvaltar arkiv som ein del av arbeidet sitt.
- Arkiva forvaltar arkiv frå kommunal og fylkeskommunal sektor, ofte i interkommunale samarbeid. I tillegg forvaltar arkiva privatarkiv etter privatpersonar, verksemder og organisasjonar, i tillegg til immaterielle kulturuttrykk og anna kulturhistorisk dokumentasjon frå privat sektor.
- Materialet aktørane forvaltar er skapt lokalt, men bruken er både lokal, regional og nasjonal.

Immaterielle kulturuttrykk er ein del av eit økosystem der dokumentering, bruk og utvikling er uløyseleg knytt saman. Dette økosystemet er ein sentral del av verdiskapinga innanfor den immaterielle kulturen. For at desse kulturuttrykkene skal kunne bli traderte, revitaliserte eller verte ein del av nye uttrykk, trengst der arkivinstitusjonar med spesialiserte samlingar og tilbod.

Den stadige utviklinga av kommunikasjonsformer og informasjonsdeling fører til eit utviklingsbehov for arkivsektoren. Dei fleste arkiva arkivinstitusjonane forvaltar i dag består av fysiske format. Sektoren skal bu seg på å ta inn stadig fleire digitalt skapte arkiv for å sikre samfunnsdokumentasjonen. Aktørane på arkivfeltet er avhengige av stabile rammer for å kunne utvikle nye løysingar og auke medvitet kring varetakinga av vår nære historie. Dette gjeld både ovanfor offentlege og private arkivskaparar.

I møte med bevaringsutfordringane er det avgjerande å jobbe kunnskapsbasert og sikre ein samordna og koordinert innsats på feltet.

- Mål:
1. Innbyggjarane i Vestland skal sikrast tilgjengeleg dokumentasjon som omfattar dei sjølve og kulturane dei er del av, i tråd med prinsippa i menneskerettane og Grunnlova.
  2. Vestland skal vere leiande på digital bevaring og formidling av arkiv.
  3. Vestland skal vere ein pådriver for kunnskapsdeling mellom aktørane på feltet
  4. Vestland skal vere kjenneteikna av tett samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar

## 1.3. Immateriell kulturarv, tradisjonshandverk og tradisjonsuttrykk

Immateriell kulturarv er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Kunnskapen vert praktisert i dag og ført videre gjennom kreative uttrykksmåtar, som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual, språklege uttrykk og munnlege forteljingar.

Vestland er ein region rik på immateriell kulturarv. Mange av landets fremste tradisjonshandverkarar finn vi i Vestland, der dei vidarefører handverkstradisjonane. Her tek vi vare på kunnskapen om båtbygging, vi finn felemakarar, bryggjekunst og tradisjonssaum. I tillegg står tradisjonsmusikken og – dansen sterkt i fylket, med fleire profesjonelle og frivillige aktørar, institusjonar og organisasjonar.

Ingen andre fylke i Noreg har så mange oppføringar på UNESCO si liste over verdsarven og immateriell kultur. Dette er ei anerkjenning av dei levande tradisjonane i fylket. Samstundes er det eit ansvar alle aktørar på feltet skal bere. Som leiande region vil Vestland stette initiativ for å ta vare på og vidareføre kunnskap og levende tradisjonar i Vestland.

Tradisjonshandverket er ein umisseleg del av vår kulturarv. Varetaking av dei levande handverkstradisjonane er ein sentral føresetnad for at vi skal kunne ta vare på den materielle kulturarven. Tradisjonelle handverksteknikkar er tufta på berekraftige prinsipp, der dugleik i bruk av handverktøy og kunnskap om foredling av stadeigne, naturlege materialressursar har vorte overførte over generasjonar. Industrialisering med større bruk av mekanisk verktøy, industriproduserte materialtypar og meir montasjearbeid gjør at dei tradisjonelle handverksfaga i dag er under sterkt press. Det grøne skiftet krev at vi går bort frå bruk-og-kast-samfunnet og nyttar ressursane våre på ein meir berekraftig måte. Tradisjonshandverket bidreg her med kunnskap om istandsetting, reparasjon og gjenbruk av kortreiste materialressursar. Slik kan kunnskapane i dei gamle teknikkane fungere som leiestjerne for det berekraftige samfunnet i framtida.

Å ha tilgang til kunnskap og dokumentasjon om eiga historie er ein grunnleggande demokratisk verdi for både enkeltindivid og grupper i samfunnet. Derfor trengst sterke fagmiljø innan arkiv, museum og andre institusjonar og grupper som varetek den immaterielle kulturarven. Historisk dokumentasjon av tradisjonane er og ein viktig føresetnad for vidareføring av tradisjonane. Samspelet mellom historisk dokumentasjon og vidareføring av tradisjonane må styrkast.

Tradisjonelle praksisar og uttrykksmåtar bidreg til både kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Den immaterielle kulturen tilbyr og eit uttrykk for autentisitet og tilhørsle som aukar verdien av liva våre og det vi produserer. Ved aktivt å ta i bruk immateriell kulturarv i verdiskapinga, styrker ein lokal økonomi, støtter sirkulær ressursutnytting og understøttar lokal identitet.

Menneske har møttest og utveksla erfaringar og kulturar i fleire tusen år. Det har kulturuttrykka utvikla seg på. Likevel er mange tradisjonsuttrykk sårbare overfor møte med globale kulturuttrykk og kommersialisering. I Vestland skal vi ta medvitne val om å ta vare på den immaterielle kulturen vår, slik at vi kan bidra til å utveksle sær preg òg i framtida.

Mål:

1. Vestland skal vere leiande på varetaking, dokumentasjon og formidling av den immaterielle kulturen
2. Vestland skal legge til rette for at den immaterielle kulturarven kan vere utgangspunkt for nyskaping
3. Vestland skal vere kjenneteikna av kunnskapsdeling mellom aktørar som arbeider med immateriell kultur

Noreg har slutta seg til UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven frå 2003. Konvensjonen har som føremål å auke respekten for og kunnskap om immateriell kulturarv, og stettar arbeidet landa gjer for å vidareføre kunnskap og levende tradisjonar til komande generasjonar. I Noreg er Kulturdepartementet fagorgan for feltet og Kulturrådet har ansvar for å implementere konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

## 1.4. Førreformatiske kulturminne

Vestland har om lag 11 000 førhistoriske kulturminne. Omfanget er stort både i mengd, kulturminnekategoriar og spenn i tid. Frå den eldste busetjinga i eldre steinalder, kan vi følge utviklinga i regionen gjennom busetjingsmönster, gravskikk, tru og religionsutøving, handel, migrasjonar, framvekst av demokratiet og kontakt med omverda. Det Vestland vi kjenner i dag vert til.

Det er fylkeskommunen som forvaltar dei førhistoriske eller automatisk freda kulturminna i Vestland i samarbeid med lokal forvaltning. Tett samarbeid og kunnskapsutveksling mellom forvalting, profesjonelle aktørar, grunneigarar, frivillige lag og organisasjonar er grunnlaget for at Vestland skal vere

leiande i god forvalting og verdiskaping kring vår felles førhistorie. Auka kunnskapsgrunnlag vil vere ein ressurs i både forvaltning og formidling av kulturminna våre.

Dei førreformatoriske kulturminna er viktige kjelder til oppleving av og forståinga av vår felles førhistorie. Dei inneheld ein ikkje-fornybar kunnskaps- og opplevingsverdi som skal forvaltast på ein god måte for framtidige generasjonar. Samtidas nedbygging av areal går på kostnad av kulturmiljøverdiar. Det årlege, vesentlege tapet av kulturminne av både nyare og eldre tid er ei utfordring. Ei berekraftig forvalting av vår felles førhistorie er grunnlaget for å ta i vare og utvikle kunnskapsgrunnlaget som ligg i dei førhistoriske kulturminna våre. Oppdatert og kartfesta kunnskap av regionale kulturmiljøverdiar er vesentleg som grunnlag for ei planstyrta utvikling. Ei berekraftig framtid vil krevje ei meir planstyrta og balansert areal- og kulturmiljøressursbruk.

Eit ledd i berekraftig forvalting er skjøtsel av utvalde kulturmiljø og kulturminne. Skjøtsel bidreg til å sikre ei god breidd i kulturmiljøa vi ønskjer å ta i vare. Sikring av viktige kulturmiljø vil igjen bidra til å bevare artsmangfald.


Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og ei berekraftig forvalting av førhistoriske kulturminne vil fylkeskommunen legge opp til:

- Auka deltaking, mangfald og inkludering gjennom å gjere tilgjengeleg kunnskap og kulturmiljødata.
- Synleggjere/tydeleggjere regional/lokalt identitet og mangfaldet i førhistoria.
- Legge opp til brei samhandling mellom forvalting og brukarar/interessegrupper og frivilligheita.
- Trekke fram og tydeleggjere Vestland si sentrale rolle i den tidlege demokratiutviklinga i Noreg.


Kulturminne har ein eigenverdi, med auka kunnskapsdeling og samarbeid kan denne verdien løftast fram og skape meirverdi. Verdiskaping som bygger på eller omfattar dei førhistoriske kulturminna våre må gjerast på ein god fagleg og berekraftig måte. Ein måte som bygger opp under og ikkje forringar kulturminneverdiane. Samarbeid på tvers vil bidra til å aktualisere kulturminneverdien i ulike samanhengar.

## FAKTARAMMME

Døme frå "Vestland - Statistikk og utviklingstrekk"



Figur 5.5.1: Registrerte kulturminner i Vestland, fordelt på kategori. Tal hentet ut november 2018. Kjelde: Askeladden-databasen, Riksantikvaren



Mål: Vestland bidreg til kunnskapsbasert forvaltning og verdiskaping for å ta i vare og formidle vår felles førhistorie

# 1.5. Nyare tids kulturminne

## 1.5.1. Bygningsvern og kulturlandskap

Den bygde kulturarven er viktige kjelder til kunnskap, oppleveling og bruk. God forvalting krev eit godt samarbeid mellom fleire aktørar og må vere basert på ei heilskapleg og tverrfagleg tilnærming.

Dei menneskeskapte omgjevnadene/fysiske omgjevnadane i Vestland omfattar bygningar og anlegg, utsjø og landskap, tettstader og byar som er varierte på bakgrunn av stadeigne kvalitetar og vekslande grad av menneskeleg påverknad. I vår region har kysten og sjøen spelt ei avgjerande rolle for busetnad, næringsliv og samferdsel. Variasjonen i naturtilhøva er store frå fjordområda med godt jordbruksland, fjellbeite og fossefall til dei meir skrinne kystområda med kort veg til ressursane i havet. Den bygde kulturarven i Vestland speglar ei lang utviklingshistorie, der gjeldande natur- og samfunnstilhøve, menneskeleg tilpassingsevne og innovasjon har resultert i det som vi i dag reknar som karakteristiske og identitetsskapande element.

Eit utprega spreidd busetnadsmønster har vore karakteristisk for vår region, men strukturelle endringar har ført til urbanisering og tettstadsvekst som i stadig større grad set sitt preg på omgjevnadane.

Konsekvensane av nedbygging, fråflytting og gjengroing byrjar å verte synlege i mange kommunar i Vestland. Kulturmiljøforvaltinga har ei viktig rolle i å balansere ulike interesser, oppretthalde mangfaldet i det fysiske miljøet samt sikre identitet og sær preg.

Bygningsarven og kulturlandskapet er eit felles gode og eit felles ansvar, der alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for ivaretakinga. I dagens byar og tettstadar er der spor etter vår historie og samfunnsutvikling i form av gatenett og eigedomssstruktur, bylandskap, bygningar og bygningsmiljø. Korleis vi forvaltar kulturarven har innverknad på folk sin livskvalitet og trivsel. Kulturmiljø gir folk ei oppleveling av kontinuitet, skapar sjølvforståing og identitet. Med eit klima i endring og auka press på areal som følge av ny infrastruktur, utbygging og kraftproduksjon er det naudsynt for Vestland å ha rette merksemd på istrondsetjing, rehabilitering og berekraftig bruk av naturen.

Handverkstradisjonar er omtalt under temadel om immaterielle kulturminne, men er sjølv sagt viktig innanfor denne temadelen.

Skal Vestland vere ein leiande region innanfor den bygde kulturarven må vi styrke samarbeidet mellom eigarar, det offentlege, privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar. Skal vi skape berekraftige byar og samfunn må vi styrke innsatsen for å verne om og sikre verdas kulturarv.

Det er eit nasjonalt mål å stimulere til utvikling av regionale rådgjevingstenester ved å støtte etablering av kunnskapsenter for kulturmiljø og bygningsvern. Kunnskapscentera skal både kunne støtte kommunane med kulturminnefaglege vurderingar i arbeid med planar og byggesaker, samt gi råd og rettleiing til eigarar og brukarar av bevaringsverdige bygg og kulturmiljø.

Rehabilitering av eksisterande bygg må bli enklare, men det er også viktig at kultursektoren som byggherre og forvaltar nyttar planverktøy som synleggjer klimarekneskapet ved å bygge nytt samanlikna med å bruke om att eksisterande bygningar.

Kulturlandskapa er viktige representantar for reell berekraft og har ein stor formidlingsverdi gjennom synleggjering av ein heilskapleg måte å bruke naturen på utan å utarme ressursgrunnlaget.

Skal vi nå milepælane for dei ulike klimamåla, nasjonalt og internasjonalt, må kulturmiljøforvaltinga spele ei viktig rolle. I overgangen til ein meir sirkulær økonomi vil mange av dei tilnærmingane som kulturmiljøforvaltinga forfektar, slik som gjenbruk av eksisterande bygningsmasse, måtte bli normalen.

- I Vestland er bygg frå primærnæringane, då særleg sjøbruket og jordbruket, under sterkt press. Kommunane har eit særleg ansvar når det gjeld å forvalte desse ressursane gjennom vedtaksmynne etter plan- og bygningslova. Kommunane må ha gode styringsverktøy som set langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvalting og verdiskaping. Kommunane må ha tilgang til oppdatert kunnskap når ulike interesser skal vektast for å kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder. Utfordring til kommunar om å ferdigstille arbeidet med kulturmiljøplanane. Desse er viktige for god og føreseileg forvaltning og planprosess.

Mål: Bygningsmiljø og kulturlandskap skal løftast fram som ein ressurs for kunnskap, oppleveling og bruk.

## 1.5.2. Fartøyvern og mobile kulturminne / historiske transportmiddel

Historiske transportmiddel er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar tar på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Fagområdet er eit samansett og gjeld alt frå tunge damplokomotiv til seglførande skuter, rullande snutebussar, fine ferjer og luftige kabrioletar. Vi deler kategorien i flytande og mobile kulturminne, då dei to felta har ulike rammeverk. Alle historiske og bevegelege transportmiddel kan søkje stønad gjennom Kulturminnefondet – men det er berre dei flytande kulturminna som er underlagt offentleg forvalting.

### Fartøyvern/ flytande kulturminne

Vestland er den regionen med flest verna og freda fartøy i landet. Dette kan sjåast som eit naturleg resultat av at regionen vår er og har vore sterkt prega av hav, fjord og kystkultur. Fartøya fortel historier om korleis liv vart levde, og korleis samfunn og teknologi har endra seg. Vestland er ein leiande region innan fartøyvern, både i omfang og infrastruktur. Fylket har ei rekke verft og båtbyggeri med antikvarisk kompetanse innan tre- og stålartfartøy. I ei særstilling står Hardanger fartøyvernsenter, som er eitt av tre nasjonale fartøyvernsenter. Fartøyvernsenteret har tatt ei viktig rolle i å vidareføre handverka knytt til trefartøy. Norsk Veteranmotor AS, Veteranlaget Wichmann-Wärtsila og Dåfjorden slip må også nemnast som sentrale kunnskapsberarar på feltet.

### Mobile kulturminne

Medan det offentlege har forvaltingsansvar og tilskotsordningar for fartøyvernfeltet er andre transporthistoriske tiltak ikkje under offentleg forvalting. I regionen finst det to prosjekt som går på skinner; Stiftelsen Bergen elektriske sporvei og Gamle Vossebanen. Begge har basert drift og vedlikehald på frivillig dugnadsarbeid. Her tek ein vare på originalt bevegeleg materiell, men også historiske ferdslærarar og faste kulturminne i form av stasjonsbygningar, bruer, trikkestallar m.m.

Rutebilhistorisk Forening har avdelingar i Sogn og Fjordane og Hordaland. I tillegg finst ei rekke veteranvognklubbar, med mål om å bevare og restaurere historiske køyretøy. Somme lag er dedikert til eit bilmerke, andre uavhengig av merke, type og alder.

Felles for dei transporthistoriske prosjekta til lands og til vanns, er at dei arrangerer treff og samlingar for interne og eksterne, baserer drift, istandsetjing og vedlikehald primært på eigeninnsats. Prosjekta vidarefører kunnskap som er på veg inn i gløyme boka saman med gårdagens teknologi. Vestland er ein leiande region på fartøyvernfeltet, både i tal verna fartøy men regionen er også i front når det gjem til handverkskunnskapen knytt til feltet. Satsinga Bergen Nasjonale Veteranskipshavn (BNV) skal gi betre tilrettelegging for den store flåten av veteranbåtar i og rundt Bergen, og skape eit samlande kraftsenter for dei flytande kulturminna. Det er viktig å få realisert BNV som regionalt og nasjonalt nav i planperioden. Gamle Vossebanen er einaste bevarte veteranjernbane på hovudlinje med damplokomotiv og teakovner.

Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturarven. Kulturmiljø er eit fells gode som vi har eit felles ansvar å forvalte. Som ein leiande region må vi legge til rette for at det skal vere enkelt å drive frivillig kulturvern i Vestland.

Dei bevegelege kulturminna representerer i mange tilfelle teknologi som no vert bytt ut grunna klimaomstilling. Det vert ei stor og viktig oppgåve for feltet å

finne sin plass i det grøne skiftet. Korleis skal vi ta vare på kunnskapen og dei fysiske kulturminna i tida framover, og korleis kan dette feltet bidra med kunnskap og perspektiv til eit samfunn i endring. I planperioden må ein arbeide for å ta vare på materiell og ikkje-materiell kulturminneverdi samstundes som ein møter nye krav og behov i klimaomstillinga.

Dei mobile kulturminna vert i stor grad tatt vare på av frivillige hender. Dei mange lag og organisasjonar som finst på feltet legg til rette for frivillig engasjement og har viktige funksjonar som møteplass for utveksling av handverkskunnskap og handlingsborene kompetanse. Feltet er prega av brei deltaking frå demografiske grupper som ofte elles ikkje deltek i organisert frivillig arbeid. Det er behov for ei utvikling mot større mangfold og meir inkludering på feltet. Tal frå 2009 syner at kvinner utgjorde under 20% av den frivillige innsatsen, medan störstedelen vert utretta av menn eldre enn 50 år. I Vestland har veteranbåtlaget samarbeidd med den vidaregåande skulen, for å vidareføra kunnskap - men også for å auka rekrutteringa til fartøyvernet.

Fartøyvern og dei mobile kulturminna er tufta på stor frivillig innsats. I følge Riksantikvaren bidreg den frivillige innsatsen i fartøyvernet med 1/3 av den samla verdiskapinga. Feltet har og potensial for å utvikle kulturbasert reiseliv. Eit godt døme på korleis frivillig kan samarbeide er "Bergen Heritage Tour", der veterandampskipet "Stord I", veterandamptoget "Gamle Vossebanen" og veteranbussar vert nytta i ei rundreise og selt som eit eige reiselivsprodukt i sommarmånadene. Initiativet Bergen Nasjonale Veteranskipshavn er eit anna døme på korleis ein kan få auka eigeninntening og tilgjengelegheit for publikum for veteranflåten.

Området er i dag prega av mange ulike lokallag. Samarbeidet mellom dei frivillige som er engasjert i mobile kulturminne bør styrkast. Vidare kan ein sterkare regional organisering med fylkesfemnande organisjonar bidra til å løfte felles utfordringar, styrke kompetansen og stimulere til utvikling. Eit kollektivtransporthistorisk råd bør etablerast. Det er behov for ei heilskapleg oversikt over verneverdig, mobile kulturminne i Vestland.

Det bør etablerast tilbod om høgare utdanning på universitets- og høgskulenivå innafor fartøyvern, samstundes må fagkompetanse og infrastruktur for handverksopplæring styrkast.

Mål: Eit mangfold av mobile kulturminne tas vare på og haldast i drift.

### Faktaramme

Fartøyvernet er eit relativt ung fagfelt innan kulturminnevernet. Sidan midt på 1980-talet har Riksantikvaren hatt forvaltingsansvaret for verneflåten. Frå 2020 overtok regionane desse oppgåvene. Per 2022 består verneflåten av kring 260 verna fartøy (1/5 av desse med heimehamn i Vestland) og 14 som er freda (1/3 av desse i Vestland). Målet er at eit representativt utval av fartøy skal takast vare på og haldast i drift, slik at øg komande generasjonar får oppleve fartøya. Vernefeltet legg vekt på ei kronologisk, teknisk og funksjonell breidde i verneflåten.

## 1.5.3. Verdsarv

Tre av Noreg sine åtte innskrivingar på verdsarvlista ligg i Vestland. Dette gjer Vestland til det fylket i Noreg som har flest verdsarvstadar. Urnes stavkyrkje og Bryggen i Bergen vart innskrive på verdsarvlista i 1979 som Noreg sine to første innskrivingar. I 2006 vart Vestnorsk fjordlandskap innskrive på verdsarvlista som Noreg si første naturområde-innskriving. I 2003 vedtok Unesco

konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven og i 2016 vart Oselvarverkstaden innskrive som "beste vernepraksis". I 2021 vart den nordiske tradisjonen med klinkbygde båtar skriven inn på lista over immateriell kulturarv. I tillegg er det sett i verk arbeid med å få ølbrygging med kveik inn på UNESCO si liste over immateriell kulturarv.

Dei tre verdsarvstadane Urnes, Bryggen og Vestnorsk Fjordlandskap representerer tre unike sider ved vår historie, og viser mellomalderens kyrkjebygging, dei lange handelstradisjonane med tørrfisk mellom Noreg og resten av verda, og kulturlandskapet i nokon av verda sine vakraste fjordar. Sjølv om Verdsarvstadane skil seg frå kvarandre både med tematikk og utstrekning, er fjorden og sjøen eit samlande element knyttt. Den immaterielle kulturarven med båtbygging og ølbrygging bidreg til fleire perspektiv på verdsarven.

I 1972 vart UNESCO sin verdsarvkonvensjon etablert. Dette som eit svar på det aukande presset mot kulturminne og naturområde i form av turisme, krig, naturkatastrofe, forfall og forureining. Føremålet med Verdsarvkonvensjonen er å identifisere, sikre, bevare og formidle verdsarv av framifrå universell verdi og overlevere denne til framtidige generasjonar. Lista over den unike kultur- og naturarven vart oppretta gjennom Konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv (World Heritage Convention). Lista er etablert på bakgrunn av at nokon av verdens byggverk og naturområde har ei så stor betydning at tapet av dei ville vere uerstattelege for menneskeheita. Dette er kultur- og naturarv som har ein så stor verdi at verda har eit felles ansvar for å ta vare på desse stadane.

Med tre innskrivingar på verdsarvlista har Vestland er eit godt utgangspunkt for å ta ei leiande rolle innan bevaring, kunnskapsdeling og verdiskaping.

Det er i dag stort fokus på lokalsamfunnet rundt verdsarven og verdsarven sett i frå i det lokale perspektivet. Framover er det behov for å løfte blikket ut over det lokale, sjá verdsarven i Vestland i ein regional, nasjonal og internasjonal samanheng og nytte Verdsarvkonvensjonen sitt føremål meir aktivt.

Konvensjonen sin artikkel 5 punkt 5 peikar på behovet for å opprette regionale sentre for å arbeide med verdsarven. Den statlege verdsarvpolitikken legg opp til at det skal opprettast eit autorisert verdsarvsenter ved alle landet sine verdsarvstadar. I Vestland er det berre Urnes stavkyrkje som har fått autorisert eit verdsarvsenter. Det er eit mål at alle dei tre verdsarvstadane i Vestland får etablert sitt autoriserte verdsarvsenter med dertil høvelege lokale til si verksemd. Det er også eit mål at verdsarvstadene i Vestland styrker samhandlinga seg imellom og prioriterer arbeidet med kunnskapsbygging og kunnskapsdeling.

Berekraft er eit nøkkelord for bevaring og utvikling av verdsarven i fylket. Berekraft kan knytast til bevaring og istransføring av verdsarvstadane, men må også sjåast i forhold til bruken av verdsarven og den verdiskapinga som skjer som fylje av verdsarvstatusen. Verdsarvstadane er svært populære reisemål og bidreg til stor verdiskaping både lokalt og regionalt. Ei utfordring her har vore at enkelte områder i verdsarven har fått for mykle besøk, noko som har vore utfordrande både for bevaringa av verdsarven og for opplevelinga til dei besøkjande. Det er difor behov for å arbeide for ein meir berekraftig bruk av verdsarven i turismesamanhang.

Verdsarven og etablering av autoriserte verdsarvscenter kan utviklast til eit reiskap for å fremme deltaking, demokrati og mangfold. Verdsarvkonvensjonen sitt føremål om å identifisere, sikre, bevare og formidle verdsarv av framifrå universell verdi og overlevere denne til framtidige generasjonar er eit godt utgangspunkt for deltaking frå ulike grupper og ulike nasjonar.

Verdsarven bidreg med ei stor økonomisk-, sosial- og kulturell verdiskaping i Vestland. Det er her viktig at framtidig verdiskaping er berekraftig og skjer på premissane til verdsarven slik at verdiskapinga ikkje fører til reduksjon av verdsarvverdiane. Det er her viktig at ein bruker verdsarven og ikkje forbruker den.

Kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling er viktige element for verdsarvkonvensjonen sitt føremål. For å oppnå gode resultat er det viktig med samhandling med lokalsamfunna, mellom verdsarvstadene og med ulike kunnskapsorganisasjonar som musea, høgskule og universitet. Verdsarvsentre vil her kunne fungere som møteplassar for kunnskaps utvikling, kunnskapsdeling og formidling.

Mål: Vestland tar vare på verdsarven og utvikle dei tre verdsarvstadene i fylket som døme på beste praksis innanfor natur- og kulturmiljøforvaltning.

## 1.6. Museum

Vestland er ein sterk museumsregion med eit stort mangfald av museum. Musea i Vestland er frie institusjonar som skal bidra i debatt, danning og fellesskap i eit ope og demokratisk samfunn.

Dei konsoliderte musea i Vestland skal fungere som viktige regionale kultur- og kunnskapsinstitusjonar. I samfunnsoppdraget ligg ivaretaking og formidling av dei materielle og immaterielle spora etter folk og samfunn.

Konsolidert museum i Vestland	Tal årsverk	Driftsinntekter	Gjenstandar	Bygningar
Baroniet i Rosendal	11,5	22 mill.	13 000	19
Bymuseet i Bergen	56	68 mill.	92 000	105
Hardanger og Voss Museum	57,9	62 mill.	52 000	133
KODE Kunstmuseer og komponisthjem	63, 2	146 mill.	51 000	19
Museum Vest	59,5	75 mill.	33 000	50
Museumssenteret i Hordaland	38,8	40 mill.	40 000	109
Kraftmuseet	15,8	18 mill.	12 000	27
Sunnhordland Museum	8,9	11 mill.	23 000	49
Musea i Sogn og Fjordane	56,5	72 mill.	126 000	176
Nynorsk kultursentrums (her inngår Olav H. Hauge-senteret i Ulvik)	25,4	33 mill.	7 300	5

Vestland har også mange lokale samlingar og bygdetun som ikkje er del av dei større konsoliderte musea. Storparten av desse vert drive av frivillige som legg ned stor innsats for å formidle kulturarven. Det skal vere enkelt for desse å halde fram og vidareutvikle sitt arbeid.

Skal Vestland bli ein leiande region på museumsfeltet må dei konsoliderte musea bli sette i stand til å løyse samfunnsoppdraget. I Vestland er det særlege behov og utfordringar knytt til bevaringstenester, fellesmagasin og til restaurering og vedlikehald av den store bygningsarven.

For å møte morgondagens utfordringar må musea i Vestland vurdere om dagens organisering er optimal eller om musea kan styrke seg gjennom nye konsolideringar og samarbeidsavtaler.

Både stat, fylke, kommunar og frivillig kulturvern må medverke i arbeidet med å forme og løfte museumsarbeidet i Vestland.

Musea har stor kunnskap om berekraftig bruk av naturen, skjøtsel av kulturlandskap og korleis ein bygger klimatilpassa. Musea må gjere denne kunnskapen relevant i dagens situasjon, bidra til å skape merksemd og debatt kring klimautfordringane, samt vise til kunnskapsbasert og berekraftig forvaltning av kultur- og naturressursane.

Musea skal vere aktive samfunnsinstitusjonar som legg til rette for mange stemmer, historier og perspektiv. Dei skal legge til rette for frivillig engasjement og samspel med lokalsamfunna og ta i vare ein viktig funksjon som møteplass for utveksling av kunnskap og praksis. Musea må halde fram sin aktive rolle som arena og møteplass for viktig samfunnsdebatt og gjennom dette bidra positivt til deltaking, mangfald og inkludering. Musea må legge særleg vekt på å nå fram til komande generasjonar og grupper av befolkninga som ikkje naturleg oppsøker musea.

Musea skaper store verdiar for samfunnet gjennom sitt arbeid med ivaretaking og formidling av kulturarven.

Gjennom kunnskapsbasert arbeid har musea stor tillit i samfunnet og potensialet for samskaping med frivillig sektor er stort.

Musea har også eit særleg potensiale til å bidra inn i eit berekraftig kulturbasert reiseliv. Musea må kople sine tenester med turistane sine ønske om kulturopplevelingar og inngå samarbeid med reiselivsaktørar. Musea må halde fram arbeidet med å bli meir attraktive for besök gjennom å legge til rette tilboda og bli meir synlege og lettare tilgjengelege fysisk og digitalt.

I Vestland, som elles i landet, er det eit stort behov for læringsarenaer for etter – og vidareutdanning innafor bygningsvern. For at Vestland skal styrke sin posisjon som ein attraktiv region for kompetansebygging i tradisjonshandverk, må musea samordne sin innsats på dette området og utvikle både fagkompetanse og tenester for bygningshandverksopplæring.

Musea i Vestland har behov for å styrke eigen forskingsaktivitet. Utover generell auka forskingsaktivitet og høgare forskingskompetanse ved musea, er det eit mål å styrke samarbeidet på tvers av museumsinstitusjonane og mellom musea og universitets- og høgskulesektoren.

Mål: Musea i Vestland er aktive og relevante kultur- og kunnskapsinstitusjonar med godt organiserte fellestjenester

# 2. Idrett, friluftsliv og e-sport

I Kultur og likestillingsdepartementet sin rettleiar for planarbeid innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, står det: "Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest mennesker i fritiden. Det krever aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta disse interessene i arealforvaltningen, og for å få til en fornuftig tilrettelegging og organisering av de ulike aktivitetene. For å oppnå dette blir det stadig viktigere å utvikle gode planer som politiske styringsredskaper for utviklingen innenfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planene skal området bli gjenstand for klare behovsvurderinger i forhold til samfunnmessige og idrettspolitiske mål."

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar og aktivitetar prega av leik. Idrett er aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikt på miljøforandring og naturoppleveling. Ulike aktivitetar utøvd i same anlegg/arena kan vere fysisk aktivitet, idrett eller friluftsliv, avhengig av intensitet eller motivasjon for aktiviteten. Døme på slike aktivitetar er å gå/springe, orientering, sykling, symjing, padling og klatring.

E-sport og gaming i Vestland er eit aktivt og veksande miljø som har etablert seg som satsingsområde både innan forsking, utdanning og fritidstilbod. Ein skil mellom sosial gaming, breidde e-sport og topp e-sport. I sosial gaming fokuserer ein på å ha det kjekt i fellesskap. I breidde e-sport er det strukturerte treningar, kampar og oppfølging frå trenarar, med fokus på å inkludere flest mogleg. I topp e-sport er hovudfokuset talentutvikling og prestasjon.

FN sine berekraftsmål gir viktige perspektiv og utfordringar i høve det å skape ei berekraftig aktivitets- og anleggsutvikling både økonomisk, sosialt og miljømessig.

## 2.1. Fysisk aktivitet

I Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029 står det: "Å være fysisk aktiv kan gi glede, mestring, opplevelser, tilhørighet, sosialt samvær, livskvalitet, frihet og mulighet til utfoldelse ut fra egne forutsetninger. I tillegg til bedre livskvalitet og helse for den enkelte, har dette betydning for samfunnets bærekraft. Fysisk aktivitet kan blant annet bidra til at vi kan stå lenger i arbeid, at vi kan være selvhjulpne lengst mulig og redusere behovet for helse- og omsorgstjenester".

Grunnlaget for god helse vert lagt tidleg i livet. Haldningar og aktivitetsmönster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som vaksen. Ulikskap i økonomi og helse fører til ei rekje negative konsekvensar som vi t.d. kan sjå i Ungdataundersøkingar, levekårsundersøkingar og folkehelseprofilane til kommunane. Døme på utfordringar er færre vener, fleire psykiske problem, mistrivnad på skulen, ikkje ete frukost, ikkje aktiv i organisert aktivitet og utrygge i eige nabolag. Hovudfokus er på befolningsretta tiltak som når mange. Det er avgjerande at dei aktive og sunne vala er enkle å velje, og såleis reduserer helseskilnaden mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

Det er eit aukande fråfall blant ungdom frå frivillige organisasjonar. Fleire og yngre ungdom nyttar tilbod i kommersielle treningsenter og for mange kan dette vere ei økonomisk barriere. Kroppspress er eit aukande problem, der særleg ungdom er utsette og det må vere eit mål å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom som eit av fleire tiltak som motvekt. Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet kan mellom anna gjerast gjennom innovativ bygging av nærmiljøanlegg, utlån av utstyr, tilbod om attraktiv treningsstid og gode område for aktivitet i tettstader og byrom. For å hindre

inaktivitet blant barn og ungdom bør det leggast til rette for aktivitetar som appellerer til desse gruppene. Eigenorganiserte aktivitetar med fokus på meistring og leik, treff gjerne ungdomar som ikkje finn seg til rette i meir organiserte formar for fysisk aktivitet.

Å sikre god tilgang på ulike typar anlegg kan vere med på å jamne ut ulikskap og utanforskap. For å lykkast med å auke kvarlags- og fritidsaktivitetar er det naudsynt med samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, stat, helseføretak, høgskular, universitet, private og frivillige aktørar. Idrett og friluftsliv er arenaer der det kan vere plass til alle, med eit stort mangfald av former for aktivitetar. Idretts- og friluftsorganisasjonane representerer eit lågterskelttilbod, og gir samstundes høve til utvikling og spesialisering. Dei er òg viktige arenaer for utvikling av inkluderande fellesskap og møtearenaer på tvers av generasjonar og sosiale og kulturelle skiljelinjer. Samarbeid på tvers i klynger og gjennom ulike samarbeidsprosjekt fører til gode modellar og målretta utvikling.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har ein eigenverdi som er knytt til oppleving av glede, meistring, fellesskap, ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse og ein samfunnsverdi ved m.a. å bidra til utvikling av gode lokalsamfunn.

- Mål: Innbyggjarar i Vestland skal kunne vere fysisk aktive etter ønske og føresetnader i deira nærmiljø.
1. Fleire barn, unge og vaksne i fysisk aktivitet kvar dag
  2. Gjere dei aktive vala enkle, med særleg fokus på barn og unge.
  3. Få dei inaktive aktive. Særleg tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, fleirkulturelle og eldre.

### 2.1.1. Idrett

Idrett spelar ei viktig rolle i samfunnet og er sterkt forankra i lokalmiljøa. Idrettslaget skaper sosiale fellesskap, trygge oppvekstmiljø og levande lokalsamfunn. Frivillig arbeid er berebjelken i idrettslaget si verksemd. Det er ei utfordring å stimulere til framhaldande sterkt frivillig innsats frå ulike aldersgrupper. Vestland idrettskrets er den største ungdomsorganisasjonen i Vestland.

Aktivitetstilbodet bør femne om dei som vil trenre ein gong i veka og dei som vil konkurrere på høgt nivå. Tilbod om nye idrettar bør vurderast der forholda ligg til rette for det. Gjerne i samarbeid mellom fleire idrettslag og kommunar. Idrettslag tek på seg eit utvida samfunnsansvar gjennom å tilby aktivitetar til fleire enn eigne medlemmer. Gjennom samarbeid med kommunar (t.d. skule/SFO, frisklivssentralar, treningskontaktar og institusjonar) kan inaktive, fleirkulturelle og personar innan psykisk helsevern få ein meir aktiv kvardag og vere ein del av eit idrettsmiljø. Det har ein meirverdi at aktivitetene finn stad i idrettslag med sosiale fellesskap og demokratisk organisering. Det å aktivisere nye grupper, som ikkje nødvendigvis er motiverte til aktivitet, krev kompetanse og kapasitet, som den frivillige idretten kanskje ikkje har. Kontinuerleg trenar- og leiarutvikling i idrettslaget er avgjerande for å kunne vere denne samfunnsaktøren. Idrettens hus er viktige service- og kompetansesenter for å støtte dei frivillige i deira arbeid. Alle kommunar med meir enn tre idrettslag skal ha idrettsråd, som skal målbere idretten sine ønske og behov lokalt. Idretten er ein viktig høyrings- og samarbeidspart på lokalt og regionalt nivå i høve planarbeid og utvikling av aktivitet og anlegg.

Idrettsutøvarar frå Vestland presterer godt i nasjonale og internasjonale meisterskap og set Vestland på kartet. Det er av stor verdi for Vestland å ha toppidrettsmiljø som skapar store opplevingar for innbyggjarane, og samstundes gir yngre idrettsutøvarar noko å identifisere seg med. Stipend til unge lovande utøvarar, samt markering av OL og VM medaljørar på seniornivå, er eit tiltak frå fylkeskommunen for å stimulere og inspirere til vidareutvikling. Fleire kommunar har også tilsvarande ordningar for å heidre utøvarane sine. Dette er verkemiddel som blir sett stor pris på av utøvarane.

Det krevst stadig utvikling for at Vestland framleis skal ha utøvarar på internasjonalt toppnivå. Olympiatoppen Vest (OLTV) er det regionale organet for toppidrett i Vestland. Kompetanseutvikling retta mot unge lovande utøvarar, toppidrettsutøvarar og trenarar er blant ansvarsoppgåvane til OLTV. Som ein har sett andre stadar i landet kan ein lette dette arbeidet ved å samle fleire miljø under same tak, og dermed få kortare avstand mellom dagens kunnskap og nytenkande forsking. Unge talent må sikrast eit heilskapleg tilbod, og dei beste må sikrast treningskvalitet på internasjonalt toppnivå. Unge utøvarar har høve til å kombinere idrettssatsing og utdanning ved fleire vidaregåande skular med tilrettelegging for idrett. OLTV medverkar til kompetanseheving i desse tilboda. Utvikling av utøvarar og trenarar i vidaregåande skular vil auke kunnskapsnivået, samstundes som det vil gi fleire utøvarar, trenarar og leiarar inn i toppidretten på sikt. Toppidrett er også eit samarbeidsområde for Idrettsklyngene Vest. Viktige tema som blir teke opp i idrettsklynga er FoU-arbeid, kurs, testing, studietilbod, anleggssituasjon og liknande.

Nasjonal arrangementsstrategi 2020 - 2030 set fokus på Noreg som berekraftig og innovativt arrangørland. Strategien skal bidra til at Noreg og norske aktørar får maksimalt igjen for å vere vertskap for ulike festivalar, meisterskap og andre arrangement i heile landet. Den skal også gjere Noreg og norske aktørar meir attraktive som vertskap internasjonalt, i kampen om å tiltrekke seg større internasjonale arrangement. Idrettsarrangement kan vere ein nyttig og viktig rekrutterings- og samlingsstad for idretten. Nasjonale og internasjonale idrettsarrangement spelar ei viktig rolle for å synne breidda og engasjementet som idretten skapar. Det er også viktige arenaer for å profilere både idrettane, idrettslagene, regionane og fylket generelt. For at Vestland skal vere ein attraktiv verksapsregion for berekraftige arrangement er det avgjerande at idretten saman med det offentlege og private aktørar legg til rette for/utviklar nettverk, kompetanse, anlegg og føreseielege tilskotsordningar. Smarte løysingar for transport, meir bruk av digitale møteplassar, resirkulering av utstyr og forbruksvarer, eit bevisst forhold til klimaavtrykk av mat på arrangement, er alle mogelege innsatsområde for å skape meir berekraftige idrettsarrangement. Det finnast ei rekke ulike sertifiseringsordningar knytt til miljø og berekraft for bedrifter og organisasjonar. Felles for desse er at dei ofte er kostbare. Å utvikle slike ordningar som kan gjennomførast både økonomisk og praktisk for frivilligheita generelt og idretten spesielt kan vere viktig for å påverke idrettsarrangement til å bli meir berekraftige.

Betre rammevilkår for jente- og kvinneidretten, samt auke delen av kvinnelege leiarar er noko Noregs idrettsforbund har hatt særleg fokus på dei seinare åra. Dette blant anna gjennom samarbeid med særforbunda og «Like Mogleheiter». Målet er å inspirere idretten til å styrke likestillingsarbeidet, og at dette er starten på ein nasjonal dugnad for både breidde- og toppidretten. Vestland fylkeskommune har eit særleg fokus på likestilling mellom kjønna når det kjem til å utvikle anlegg for jenter, samt ved fordeling av stipend til unge lovande utøvarar.

Visjonen "fysisk aktiv kvar dag" er ei rettesnor for all tilrettelegging og det utfordrar anleggseigarar og idrettslag å differensierte idrettstilbodet slik at flest mogleg vert med. Det er eit aukande fråfall blant ungdom frå frivillige organisasjonar. Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet kan mellom anna gjerast gjennom innovativ bygging av nærmiljøanlegg, utlån av utstyr, tilbod om attraktiv treningstid og gode område for leik i tettstadar og byrom. Visjonen for Noregs idrettsforbund er «Idrettsglede for alle». Målet er å skape opne, inkluderande og varige aktivitetstilbod i idrettslagene, med særleg fokus på barn og ungdom.

Gjennom eit tett samarbeid på tvers av fag og organisasjonar vil vi fjerne barrierar som kan gjer at eit menneske med nedsett funksjonsevne ikkje finn sin veg til idrett og fysisk aktivitet. Gjennom å utvikle og implementere modellar og konkrete planar, jobbe for betre rekruttering, utprøving, meistring og opplæring. Knutepunktsmodellen er ein av modellane i Idrettsklyngene Vest, der barn og unge med særskilte behov (synlege eller usynlege) skal få lyst til å vere fysisk aktive, trivast på trening og oppleve fellesskap med kvarandre.

«Aktiv saman» er eit samarbeid mellom fleire frivillige organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen og del av regional satsing på integrering gjennom idrett og friluftsliv. Hovudmålet med satsinga er å få fleire fleirkulturelle barn og unge meir fysisk aktive kvar dag, med særleg fokus på dei som er lite fysisk aktive eller inaktive. Gjennom dette samarbeidet har vi etablert møteplassar og nettverk der ein jobbar på tvers mellom idrett, friluftsliv og det offentlege. Det er stor breidd i satsinga og stadig fleire aktørar vert involverte.

Det å utvikle tilbod til barn og ungdom si fritid er i seg sjølv verdiskaping og vi ser tydeleg at idretten har ei stor rolle og eit samfunnsoppdrag som blir tatt på alvor. Verdiarbeid er ein kontinuerleg prosess som idretten har stort fokus på. Organisasjonen arbeider aktivt for å skape eit breitt og variert tilbod til barn og ungdom, motarbeide topping av lag i barneidretten, likestilling, trakassering, juks og eksklusjering. Idrettens hus bør vidareutviklast som regionale kompetanseeininger for tilrettelegging av organisert idrett.

Mål:	Innbyggjarar i Vestland skal kunne vere fysisk aktive etter ønske og føresetnader i deira nærmiljø.
1.	Folk i alle aldrar og personar med særskilde behov skal få eit variert aktivitets- og idrettstilbod.
2.	Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar skal få utvikle seg i lokalmiljøa/regionen.
3.	Legge til rette for at idretten i fylket kan arrangere større nasjonale og internasjonale idrettsarrangement.

## 2.1.2. Friluftsliv

Friluftsliv er eit av dei områda som har klart størst deltaking blant innbyggjarane. Heile 97% av alle nordmenn over 16 år deltok i 2021 på ein friluftslivsaktivitet, og nesten halvparten svarar at dei går på tur i nærmiljøet fleire gonger i veka. Samstundes ønsker mange å vere meir ute i naturen og friluftslivet speler ei viktig rolle for å nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet i befolkninga. Turgåing og andre formar for enkelt friluftsliv krev lite planlegging og utstyr og er for dei fleste ei form for fysisk aktivitet der terskelen for deltaking er låg. Det å vere ute i naturen har også positiv innverknad på den psykiske helsa.

Moglegheita for å drive med friluftsliv har ein stor eigenverdi for mange. Det er ulike måtar å måle verdien av slike naturopplevingar på, t.d. ved å sjå på helseeffektar, bustadprisar og undersøkingar av kor mykje folk er villige til betale for å ta del i ulike aktivitetar/oppblevingar. Berre det å ha utsyn til natur frå der dei bur og oppheld seg er ein kvalitet mange set høgt. I eit samfunnsøkonomisk perspektiv utgjer helseeffektane av friluftsliv store verdiar.

Allemannsretten og friluftslova er grunnleggande føresetnader for friluftslivet, og gir m.a. rett til fri ferdsel i utmark og på sjøen. Gjennom å betre kunnskapen om friluftslova i befolkninga blir folk meir bevisst på kva rettar og pliktar som gjeld nå dei ferdast i naturen.

I arealsamanheng er det viktig å unngå planar og tiltak som set allemannsretten til side og gjer ferdsel i naturen vanskeleg. Dei fleste kommunar i Vestland har gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde og mange kommunar er i gang med å lage planar for friluftslivets ferdselsårer. Dette gir eit viktig kunnskapsgrunnlag som kan nyttast til å ta i vare friluftsområda i kommunen. Ein plan for friluftslivets ferdselsårer er dessutan eit viktig verktøy for kommunane for å forvalte og vidareutvikle stiar, turvegar og løypenett.

Det er ønskeleg å legge til rette for eit breitt, inkluderande og variert aktivitetstilbod. Ulike prosjekt og satsingar bidreg til å gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for fleire brukarar. Gjennom kartlegging av universell utforming på turvegar og i friområde, får kommunar og friluftsråd betre oversikt over kor

tilgjengeleg friluftsområda dei forvaltar er for folk med nedsett funksjonsevne. Riktig tilrettelegging er og viktig for at fleire brukarar skal kunne ta del i friluftslivet. Ved å legge til rette for friluftsliv der folk bur, oppnår ein at innbyggjarane får gode høve til friluftsliv i nærmiljøet. Slike nærfrialuftsområde senkar terskelen for å drive med friluftsliv og reduserast behovet for å transport i samband med friluftslivsaktivitetar.

Ei utfordring i samfunnet i dag er å hindre for mykje stillesitting blant barn og unge. I følge FHI er det t.d. berre rundt halvparten av 15-åringar som oppfyller målet om 60 minuttars fysisk aktivitet kvar dag. Også her spelar friluftslivet ei viktig rolle. Ved å bidra til utviklinga av t.d. nyskapande aktivitetsanlegg og stiar og anlegg for sykling, ønsker fylkeskommunen å skape eigenorganiserte aktivitetstilbod som særleg appeller til barn og ungdom.

Som elles i samfunnet er berekraft og eit tema når det gjeld friluftsliv. Eit berekraftig friluftsliv handlar om å ta vare på dei naturgitte føresetnadane for friluftslivet og at friluftslivsaktivitetane i minst mogleg grad skal belaste natur og miljø. All tilrettelegging bør gjerast så skånsamt som mogleg utan unødige inngrep i terrenget og landskapet. Auka ferdsel og meir ekstremvær bidreg til eit auka behov for å tenke berekraftig tilrettelegging. Mange plassar må stiar og turvegar tolke høg bruk og periodar med kraftig nedbør.

Statleg sikring av friluftsområde er ein hensiktsmessig måte å sikre at attraktive område for friluftsliv får eit vern mot utbygging og kan forvaltast i eit langsiktig perspektiv.

- Mål: Innbyggjarar i Vestland skal kunne vere fysisk aktive etter ønske og føresetnader i deira nærmiljø.
1. Fleire, særleg barn og ungdom og menneske med særlege behov, skal delta i friluftsliv på jamleg og varig basis.
  2. Ta i vare moglegheitene for å utøve allemannsretten gjennom m.a. å sikre areal, og legge til rette for eit variert og inkluderande friluftsliv.
  3. Sikre tilstrekkeleg kunnskap om friluftsliv og friluftsområde, slik at alle får moglegheit til å drive med friluftsliv i nærmiljøet.
  4. Friluftslivet skal vere berekraftig og framtidsretta.

## 2.2. Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Gode anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skaper gode rammer for aktivitet i nærmiljø og der folk bur og er. Attraktive nærmiljø som appellerer til aktivitet og rørsleglede vil vere med på å gi barn og unge gode rammer for ein god og aktiv oppvekst. Samtidig vil det rekruttere til meir aktivitet, både organisert og eigenorganisert, i breidde og topp.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det området som engasjerer flest menneske i fritida.

Anleggsutvikling er eit viktig verkemiddel for å nå visjonen «fysisk aktiv kvar dag». Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med brei medverknad frå innbyggjarane er viktig for å kunne møte framtidas behov. Tverrsektoriell samhandling er avgjeraende for ei heilsakleg forvaltning og ei utvikling som går i rett retning.

Bruken av offentlege idrettsanlegg bør vere gratis for barn og ungdom. Målretta tilrettelegging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet skal bygge på gode behovsvurderingar. Dette bidreg til å realisere nasjonale mål innan idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og betre folkehelse. Vestland ønsker å vere eit føregangsfylke

innan universell utforming ved å skape eit samfunn der alle vert inkludert i alle livsfasar. Anleggseigarar pliktar å etablere og rehabilitera anlegg slik at dei tilfredsstiller krav til universell utforming.

Spelemiddelordninga, overskot frå Norsk Tipping, er ei viktig finansieringsordning for anlegg. Fylkeskommunane har fullmakt til å fordele spelemidlane som kvart år vert stilt til disposisjon. Kulturdepartementet viser til "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet" utgitt kvart år. Dei krev at fylkeskommunane og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk med prioriteringsliste over søknadar. Søkarar er ansvarleg for å fremme søknad og få offentlege godkjenningar. Fylkeskommunen bidreg med rådgiving frå søker har ein ide til ferdig bygd anlegg og utbetaling av spelemidlar.

I følge rapport "Spilemidlar til idrettsanlegg 2020" utgitt av Kultur og likestillingsdepartementet og Norges Idrettsforbund, er det Vestland fylke som har lengst ventetid på utbetaling av spelemidlar i heile landet. I planperioden vil det bli jobba med å påverke dei statlege føringane, for å redusere etterslepet på spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Vestland. Samstundes vil det vere hensiktsmessig å jobbe vidare med å oppdatere både oversikt over strategisk viktige anlegg i fylket, og det generelle anleggsregisteret. På denne måten vil ein få eit kunnskapsgrunnlag for å sikre målretta utvikling av anlegg i Vestland.

Vestland fylkeskommune ønsker å satse på innovativ og berekraftig utvikling av anlegg, der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Gjennom prosjektet Nyskapande aktivitetسانlegg utviklar ein berekraftige modellanlegg som er nyskapande og inspirerande på tvers av aktivitetar og idrettar. Desse anlegga skal dekke lokale behov, men samstundes ha nasjonal relevans. Prosjektet omhandlar både nærmiljøanlegg, idretts- og aktivitetshallar, og er eit samarbeid med m.a. Lokale og Anlægsfonden i Danmark, Tverga, KS og Vestland idrettskrets. Dette er ein modell som skal skape berekraftige anlegg som skal vere relevant og attraktiv for mange - og med eit langsigkt perspektiv – både økonomisk, miljømessig og sosialt. Eit døme på ein arena for allsidig og fleksibel eigenorganisert aktivitet er Fysak-hus i Bergen.

Samordning av aktivitet og meir sambruk av anlegg vil t.d. skape sosiale møteplassar og redusere transportbehov. Andre måtar å tenkje berekraft på dette område kan vere auka medvit kring deling og gjenbruk av utstyr og å rehabilitera og forbete eksisterande anlegg. Kva som er dei beste, mest føremålstenlege og framtidsretta løysingane må ein komme fram til i samarbeid med aktørar, som t.d. idretten. Vestland fylkeskommune etablerte i 2021 ei samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets knytt til berekraftig anleggsutvikling. Gjennom denne avtala kan ein skape ein arena der ein i samarbeid arbeider fram dei gode løysingane for heile Vestland.

Det kan vere ein utfordrande balansegang med god tilgang til anlegg, samtidig som anleggsutbygginga bør rettast inn mot der det er befolningsgrunnlag for det. Samlokalisering bør prioriterast for å styrke idretten som sosial møteplass i lokalsamfunnet. Dette sparar også både areal og tid. Det kan t.d. vurderast både bibliotek og kafé knytt til klubbhus, idrettsparkar og idrettshallar.

Etablering av spesialanlegg som skyteanlegg, golfanlegg, motorsportanlegg og skianlegg er døme på anlegg som bør vurderast nøye med omsyn til plassering og rehabilitering. Samfunnet står overfor klimaendringar og må truleg i større grad ta omsyn til økonomi i framtidas anleggsutbygging i høve materialval osv. Ras, flaum og orkan stiller strengare krav til plassering og forsvarleg byggjeteknikk.

Mål:	Innbyggjarar i Vestland skal kunne vere fysisk aktive etter ønske og føresetnader i deira nærmiljø.
1.	Varierte anleggstypar for idrett og fysisk aktivitet bør vere tilgjengelege i lokalsamfunnet som t.d. ved skular og i anleggsparkar.
2.	Utvikle anlegg som tilfredsstiller sær-idrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap.

## 2.3. E-sport og gaming i Vestland

E-sport og gaming i Vestland er eit aktivt og veksande miljø som har etablert seg som satsingsområde både innan forsking, utdanning og fritidstilbod. Ettersom e-sport og gaming er ein viktig fritidsaktivitet for barn og unge, er det eit behov for organiserte tilbod og arena med fokus på inkludering og fellesskap, samt motverke negative folkehelseutfall. Det er i dag eit felles mål og ønske på tvers av ulike miljø at ein får organiserte rammer for e-sport og gaming som kan betre koplinga til sosiale fysiske møteplassar i interaksjon med trening, fysisk aktivitet og kosthald. 86 prosent av 9–18-åringar spelar dataspel: 96 prosent av gutane og 76 prosent av jentene.

Fylkestinget vedtok i september 2021 strategi for e-sport og gaming i Vestland, som det første fylket i landet. Samarbeidet med Idrettsklynge Vest og Vestland E-sport har vore sentralt. Dette er eit felt som går på tvers av både geografi, fag og forvaltningsnivå, og eit tverrfagleg systematisk arbeid vil legge gode rammer for den vidare utviklinga. Det gode arbeidet i Vestland har allereie hatt ringverknader både regionalt og nasjonalt, og dette vil utvikle seg vidare i planperioden.

Økonomi kan vere ein barriere for deltaking. Det bør utviklast gode løysingar både for sambruk av utstyr og lokale. Ulike tilskotsordningar lokalt og regionalt bør innrettast slik at det er mogleg å søkje om tilskot til å utvikle gode tilbod lokalt.

Den sosiale berekrafta er viktig i alt utviklingsarbeid knytt til barn og ungdom. Det sosiale i det digitale er eit spennande og utfordrande område, og ein del av strategien og arbeidet med e-sport og gaming i Vestland, er å styrke kompetansen på dette området.

Rapporten Møteplass datakultur og strategien Spillerom – Dataspillstrategi 2019–2023 viser til at e-sport tilbod bør etablerast i eksisterande møteplassar som t.d. lokala til idrettslag, fritidsklubbar, i idrettshallar, bibliotek eller hos treningsenter. Ved oppgradering eller bygging av idrettshallar og andre kommunale lokale bør ein legge praktisk til rette for eigna areal som potensielt kan vere lokale for noverande og framtidige klubbar for e-sport og gaming.

Satsing på e-sport og gaming kan vere ein felles arena for inkludering, fellesskap og moglegheiter for å delta uavhengig av sosial bakgrunn, inntekt og utdanning. Det kan vere inkludering på tvers av kjønn og inkludering uavhengig av sosial og etnisk bakgrunn samt inkludering av personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg kan det vere breiare inkludering og rekruttering til idrettslag, frivillige organisasjonar, ungdomsklubbar og andre arenaer for organisert aktivitet innan kultur, idrett og frivilligkeit.

Samarbeid gir verdiskaping på tvers av aktørar og organisasjonar. Verdiar i form av t.d. kunnskap og deling av ressursar. E-sport og gaming har i tillegg ein klar eigenverdi som aktivitet og verdi som fritidstilbod, meistringsarena og gjennom deltaking. I tillegg vil det truleg bli langt fleire små og store arrangement knytt til tema i planperioden, noko som vil ha potensiell verdiskaping både lokalt, regionalt, nasjonalt og kanskje også internasjonalt.

Vestlandet E-sport, Idrettsklynge Vest og miljøet for e-sport og gaming i Vestland har allereie teke ei rolle nasjonalt i arbeidet med å utvikle dette området. I planperioden vil den nasjonale rolla bli vidareutvikla.

Mål: Vestland fylkeskommune skal vere ein tilretteleggjar og kunnskapsressurs for e-sport og gaming i Vestland, med utgangspunkt i prinsippet om ei armelengds avstand.



# 3. Frivillig sektor

## 3.1. Frivilligheita i Vestland

Det frivillige engasjementet står svært sterkt i Vestland, og utgjer basisen i det lokale kulturlivet. Frivillig sektor er stor og mangfaldig, med breie interesseområde, stor deltaking og høg organisasjonsgrad. Å vere frivillig har ein sterk eigenverdi og frivilligheita skaper store verdiar for samfunnet. Frivillig sektor er sjølvstendig og skal sette eigne mål. Det offentlege verdset og bygger opp under det frivillige kultur- og idrettsliv og syte for gode og føreseielege rammevilkår. Særleg må det offentlege legge til rette for gode arenaer og møteplassar til å utøve, øving, produksjon og framsyning.

Frivillig sektor inneholder mange typar engasjement som er viktig i samfunnet, og fremmer deltaking, engasjement, demokrati, inkludering, betre folkehelse, velferd og lokalsamfunnsutvikling. Det skal vere enkelt å vere frivillig og kunne delta. Derfor må vi styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet, redusere barrierane for deltaking og møte samfunnssendringane vi står ovanfor. Dei frivillige organisasjonane og det offentlege må i lag bidra til dette.

Denne planen omhandlar i hovudsak frivilligkeit knytt til kultur. Det er frivillig innsats og engasjement innan dei fleste deler av kultur- og idrettslivet, og grensa mellom profesjonell og amatør er ikkje alltid klar. Institusjonar og tiltak er i varierande grad samansett av begge kategoriar, noko som gir ein god dynamikk. Sjølv om det profesjonelle og frivillige kultur- og idrettsliv er samanvevd er det eit skilje i kva verkemiddel og reiskapar dei treng for å for å vere levedyktige, få utvikling og vekst.

Vestland har mange tradisjonelle, etablerte frivillige organisasjonar, og i tillegg er det ein stor frivillig innsats som er meir tiltaksbasert ofte knytt til tidsavgrensa arrangement. Vestland er t.d. eit sterkt festivalfylke, og frivillig innsats er heilt sentral for dei aller fleste festivalane. Festivalane er også eit godt eksempel på møte mellom frivillig engasjement og profesjonell kunst, kultur og idrett. Koplinga mellom profesjonelle og amatørar bør utviklast på fleire felt då dette kan vere med på å utvikle og inspirere begge partar, ikkje minst når det gjeld barn og unge.

Eigenaktivitet er grunnlaget for det frivillige kultur- og idrettsliv, som skapar fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet både for vaksne og barn. Gleda ved kultur og idrett – det å synge i kor, spele gitar, spele tennis eller fotball utan at ein er best, gir livsinnhald til enkeltmenneske og samfunnet. Ei eit samfunn der psykisk uhelse er ein av dei største trugslane for folkehelse, er eigenaktivitet og frivillig engasjement svært viktig. Frivilligheita kan tilby trygge sosiale miljø og bidra til at folk kan leve aktive liv, meistre og lære. Frivillig sektor bidrar i svært stor grad til den sosiale dimensjonen av berekraftsmåla, og kan vidareutvikle og styrke denne dimensjonen. Det frivillige kultur- og idrettsliv er basisen og ei viktig drivkraft i gode, berekraftige lokalsamfunn med stabile sosiale strukturar.

Tillit er omtalt som «det nordiske gullet». Her spelar sivilsamfunnet sine organisasjonar og frivilligheita ei sentral rolle. Frivilligheita må vere opne for nye former for organisering og nye måtar å engasjere seg som frivillig. Det må leggast til rette for aktivitet og engasjement som kjem «nedanfrå og opp». Frivilligheita må senke barrierane for deltaking, slik at alle kan vere med – uavhengig av kulturbakgrunn, legning, funksjonsnivå eller sosioøkonomisk bakgrunn.

Ein del frivillig engasjement er grunnlagt på klimainteresse, og dette engasjementet brer seg også ut til fleire deler av det frivillige kultur- og idrettslivet. Berekraftig utvikling i Vestland føreset kunnskap, engasjement og medverknad frå det breie lag av samfunnet i heile regionen, og her kan det frivillige kultur- og idrettsliv spele ei stor rolle.

Frivillig sektor skaper store verdiar for samfunnet og demokratiet. Den må endre seg i takt med andre samfunnssendringar, m.a. endra demografi. Vi blir fleire eldre, færre vel å bu i distrikta og samfunnet blir meir mangfaldig. Frivilligheita må utvikle lokalsamfunna og bidra til nyskaping og nytenking.

Mål: Frivillig innsats og deltaking skal vere ei sterk kraft i sine lokalmiljø og bidra til å styrke berekraftige og inkluderande samfunn.

# 4. Kunst og kultur

## 4.1. Arenaer og møteplassar

Arenaene og møteplassane våre skal vere opne for alle og fremme aktivitet, læring, samhandling og opplevingar. Små og store kulturbygg og kulturhus, kyrkje og kyrkjelydshus, anlegg for fysisk aktivitet, møteplassane i friluft og offentlege bygg og byrom må møte framtidas arenabehov. Det må vere rom for å både tenke sambruk og spesialiserte arenaer.

Skal kultur i Vestland vekse, utvikle seg og femne om alle er moderne, funksjonelle og universelt tilrettelagde arenaer avgjerande. Musea, kulturhus og kulturbygg, idrettsarenaer, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg, biblioteka og alle dei andre fellesarenaene skal styrke Vestland som ein leiande kulturregion. Gode arenaer for sosial aktivitet skaper attraktive lokalsamfunn der folk vil bu og leve.

Vi må legge til rette for fleirbruk og arenaer for både frivillige og profesjonelle, og utvikle dei eksisterande arenaene. Samtidig må vi ha spesialiserte arenaer for profesjonell kunst, kultur og idrett. Staten har gjennom spelemidlane ansvar for finansiering av kulturbygg og anlegg for fysisk aktivitet, og må sørge for at vi tar igjen det store etterslepet.

Arenaklynger med både næringsliv, frivillig kultur- og idrettsliv og profesjonelle kulturaktørar kan gi grunnlag for samskaping og utvikling av gode samarbeidsmodellar. Det er behov for kunnskapsutvikling og å utvikle nye og betre modellar for sambruk og fleirbruk for frivillige og profesjonell, og mellom kultur og idrett.

Kultur grip inn i alle berekraftdimensjonane. Møteplassar for kultur, idrett og frivillighet skal fremme deltaking og fellesskap. Dei skal også vere arenaer der profesjonelle kunst- kulturarbeidarar og idrettsutøvarar kan skape seg eit levebrød. Slik skal møteplassane og arenaene bidra til eit sosialt og økonomisk berekraftig samfunn.

Eigarane av arenaer må tenke nytt for å bidra til reduksjon av klimagassar, mindre forbruk og ta vare på naturmangfaldet. Det offentlege og private må rehabilitera eksisterande bygningar og anlegg, framfor å bygge nytt. Kommunane må planlegge for å redusere behov for transport til arenaer og stille krav om universell utforming. Vi må heile tida vurdere kva arenaer det er behov for i fylket, innandørs og utandørs, og kvar dei skal vere lokalisert.

Kulturarenaene skal vere stadar for meiningsbryting og demokratilæring der det er mogleg for alle å delta og ytre seg. Dei mindre kulturbygga, dei større kulturhusa og biblioteka skal inkludere fleire og få fleire til å ta del i debattane om og utviklinga av samfunnet.

Eit mangfold av fritidstilbod der alle kan finne sin plass og delta krev arenaer som senkar barrierane og inviterer alle inn. Universell utforming av arenaene skal gjere det lett for alle å kunne delta, uavhengig av funksjonsnivå og alder. Gode møteplassar og arenaer er ei solid investering i folkehelse. Å opne opp og gjere bygga meir tilgjengelege, spesielt for frivillige organisasjonar og å utvikle arenaer for eigenorganisert aktivitet er særleg viktig.

Vestland må bygge vidare eit desentralisert kulturliv som ressurs for skaping, oppleveling og innovasjon, og ha arenaer som fremmer dette. Vi må styrke samspelet mellom offentleg og privat finansiering av arenaer om vi skal møte framtidas utfordringar og behov.

Arenaene og møteplassane styrker lokalsamfunna og senterstrukturane på større og mindre plassar, og bidrar til attraktive nærmiljø der folk vil leve, utvikle seg og skape.

- Mål:
1. Vestland skal ha gode, inkluderande arenaer og møtestader for å skaping, oppleving og deltaking.
  2. Vestland skal ha arenaer for profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet.

## 4.2. Bibliotek

### 4.2.1. Bibliotek - Møtestad og arena for samtale og debatt

Folkebiblioteklova slår fast (§1) at biblioteket skal vere ein uavhengig møtestad og arena for offentleg samtale og debatt. I eit digitalt samfunn er det behov for sosiale møtestader, og for at biblioteka bidrar til å løyse utfordringar knytt til demokrati og offentlegheit.

Møtestaden skal både styrke eksisterande nettverk og skape nye møte på tvers av grupperingar i lokalsamfunnet. Debattarenaen skal legge til rette for refleksjon, dialog og ytringsfridom og styrke demokratiet. Rolla som møtestad og debattarena blir forma i samspel med lokalsamfunnet, der eit mangfold av stemmer skal bli hørde.



Biblioteka i Vestland skal vere synlege sosiale møtestader og debattarenaer med breidde og kvalitet på arrangement og aktivitetar. Samarbeid, felles ressursutnytting og infrastruktur skal bidra til eit kvalitativt godt tilbod til alle innbyggjarane i fylket.

Gode tenester og tilbod skal løftast fram som døme til etterfølging, samstundes som alle biblioteka skal ha ressursar og kompetanse til å kunne tilby gode møtestader og debattarenaer. Bibliotekloala skal vere moderne og attraktive og gi rom for sosial interaksjon og arrangement.

Gjennom å vere møtestader og debattarenaer skal biblioteka bidra til å skape gode og berekraftige lokalsamfunn og fremme danning, god helse og livskvalitet. Dei skal vere arenaer der ein kan lufte usemje og skape dialog, som speglar samfunnsutviklinga. Biblioteka medverkar til inkludering av ulike grupper i fellesskapet og motverkar sosial ulikskap.

Deltaking, demokrati og mangfold ligg i kjernen av biblioteket sitt samfunnsoppdrag. Ulike arrangement og debattar legg til rette for sosial og demokratisk deltaking. Rolla som offentleg arena blir styrka av at biblioteket er ikkje-kommersielt og har låg terskel for bruk. Biblioteket er ein kommunal institusjon, men skal ha ei fri og uavhengig rolle. Slik sikrar ein retten til ei mangfaldig, open og opplyst offentleg samtale.

Bibliotekleiaren skal ha ei uavhengig redaktørrolle. Det digitale samfunnet gir nye mogleger for tilgang og deltaking. Samstundes blir offentlegheita utfordra gjennom t.d. ekkokammer, falske nyhende og auka overvaking. Biblioteket skal vere ei motvekt til dei negative digitale konsekvensane. Det er eit offentleg rom der folk kan bli eksponerte for verdiar og interesser ulike deira eigne, og der marginaliserte grupper kan bli høyrde.

Som møtestader og debattarenaer har biblioteka ein demokratisk verdi. Folkebiblioteka har høg tillit, og dei kan også bidra til å danne tillit ved at folk treffest på tvers av ulike verdiar og sosial tilhørsle, livssyn eller politisk overtyding. Den sosiale og demokratiske rolla blir i stor grad spelt ut gjennom arrangement og aktivitetar i bibliotekrommet. Kulturopplevingar har verdi både for individ og lokalsamfunn. Biblioteka skal bidra til identitet og samhald, og til læring, oppleving og danning. Utstrekta samarbeid med frivillige organisasjonar og lokale eldsjeler kan gi auka deltaking, og kan løfte og synleggjere lokalsamfunnet og frivillig sektor.

<b>Mål:</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Innbyggjarar i fylket skal ha tilgang til eit kvalitativt godt bibliotektilbod gjennom samarbeid, samordning, felles ressursutnytting og infrastruktur .</li><li>2. Folkebiblioteka skal vere synlege og uavhengige møtestader og debattarenaer som legg til rette for sosial og demokratisk deltaking i lokalsamfunnet .</li><li>3. Folkebiblioteka skal bidra til identitet og samhald, læring, oppleving og danning</li></ol>
-------------	---

#### **4.2.2. Bibliotek - Arena for kultur, litteratur, og lesing**

Folkebiblioteklova slår fast (§1) at biblioteka har i oppgåve å fremme kulturell verksemd gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet.

Folkebiblioteka er lokale arenaer for kultur og litteratur. Dei har eit breitt nedslagsfelt med varierte målgrupper og fremmar både smale og populære kulturuttrykk. Biblioteka sikrar tilgang til alle media-typar med vekt på kvalitet, allsidigkeit og aktualitet.

Med utgangspunkt i relevant kompetanse og samlingar av digitalt og fysisk materiale formidlar biblioteket kulturopplevingar til alle innbyggjarar. Formidlinga skjer ein til ein og ein til mange, i fellesskap, visuelt og digitalt, i og utanfor bibliotekrommet.



Folkebiblioteka i Vestland spelar ei leiande rolla i å gi tilgang til og formidle nynorsk litteratur, særskilt til målgruppa barn og unge. Dei driv aktiv og utovervend litteratur- og kulturformidling i og utanfor

bibliotekromma. Biblioteka skal vidareutviklast til endå viktigare kulturarenaer i lokalsamfunna, til dømes i samarbeid med ressurspersonar, institusjonar, lag og organisasjonar.

Folkebiblioteka fremmer berekraft ved å jobbar aktivt for å gi barn, unge, vaksne og eldre lyst til å lese, og for å øve opp og halde lesedugleik ved like. Biblioteka skal fremme kunnskap og kulturopplevingar på tvers av profesjonar gjennom samarbeid med skular, barnehagar og helseinstitusjonar. Biblioteka sitt tilbod av litteratur, media- og kulturuttrykk bidrar til digital inkludering og mindre ulikskap.

Folkebiblioteket kan skape ein kultur for å delta i kulturelle aktivitetar og bidrar til inkludering og auka kompetanse i befolkninga. Terskelen for å delta er låg, det er gratis og tilboda når ut til brukargrupper med ulike bakgrunnar og interesser. Tilgang til og formidling av litteratur og kulturuttrykk styrker evna til refleksjon. Bredde i innhald, uttrykk og språk sikrar representasjon og mangfald. Lese- og språkstimulering i eit livslangt perspektiv gir grunnlag for forståing, læring og deltaking i eit demokratisk samfunn.

Folkebiblioteket har ein viktig verdi i lokalsamfunnet. Felles oppleveringar opnar opp for sosiale møte mellom menneske, og gir samhald, identitet, og tilhørsle. Gjennom eigne aktivitetar og samarbeid med andre kan folkebiblioteket stimulere det lokale kulturlivet og skape regionale synergieffektar. Slike positive ringverknader, som òg gir auka livskvalitet, er avhengige av god kompetanse og fagleg ekspertise i biblioteket.

Mål: Biblioteka skal vere lokale arenaer for kultur og litteratur som gjennom aktiv formidling og deltaking fremmar individuelle og felles opplevelingar

#### 4.2.3. Bibliotek - Kunnskaps- og læringsarena

Folkebiblioteklova slår fast (§ 1) at biblioteka har i oppgåve å fremme opplysning og utdanning gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteket er tufta på ideen om folkeopplysning, danning og delingsøkonomi. Det er ein open og tilgjengeleg institusjon som fremmar individuell læring og kunnskapsutvikling, og der ein kan møte andre med felles interesser for å lære. Folkebiblioteket er eit lågterskelt tilbod, som bidrar til inkludering og sosial utjamning og er eit av dei mest nytta kulturtildoda i Noreg.

Kulturmeldinga slår fast at eit demokratisk samfunn føreset at menneska har kunnskap om og forståing for samfunnet dei er del av. Informasjonssamfunnet vårt stiller krav til kritisk sans og utvida forståingshorisont, for å kunne vurdere kjelder, kva som er sant og usant og gjere sjølvstendige val. I denne samanhengen er biblioteka svært viktige og relevante lokale kunnskapsinstitusjonar, også knytte til digital tilgang og kompetanse.

Biblioteka er del av den bærande infrastrukturen i samfunnet vårt. Biblioteksektoren har ei brei samfunnsrolle og stort potensial som kunnskaps- og læringsarena i Vestland.

Det skal stillast høge krav til breidde og kvalitet i tilbodet. Der det er små personalressursar og låge budsjett, bør biblioteka i større grad velje kva dei vil satse på ut frå lokale føresetnader og behov. Fagmiljøa kan styrkast gjennom nettverk og samarbeid på tvers av kommunar. Internasjonale impulsar og samarbeid på tvers av landegrenser bidrar til oppdatert kompetanse hos dei som arbeider i sektoren.

Biblioteka sitt arbeid er synleg i alle FNs berekraftsmål, til dømes når det gjeld livslang læring og tilgang til offentleg informasjon og teknologi. Biblioteka er arenaer der alle, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn, kan ta i bruk læringsressursar og studieplassar og få hjelp til å innhente og vurdere kunnskap.

Ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon, bidrar biblioteka til delingsøkonomi. Dei kan bidra til brei kunnskaps- og kompetansedeling i samarbeid med ulike aktørar i lokalsamfunnet.

Lokalsamfunna treng opne, uavhengige og tilgjengelege kunnskaps- og læringsarenaer, som ulike målgrupper kan nyte etter behov. Biblioteka kan tilby eit mangfold av gratis og kvalitetssikra kunnskapsressursar, arrangement og kurs, som legg til rette for at alle innbyggjarane kan delta i demokrati og lokalsamfunn.

Biblioteka bidrar til samfunnsverdi ved å legge grunnlag for opplyste borgarar, og ved å motverke digitale skilje i befolkninga. Bibliotek kan gi menneske rom for å utvikle evner, kunnskap og kompetanse i takt med den teknologiske utviklinga. Auka kunnskap vil bidra til økonomisk berekraft og verdiskaping, ved å legge til rette for deltaking og lokal samfunnsutvikling. Tilgang til studieplassar, møterom og læringsressursar kan bidra til formell og uformell læring i eit livslangt perspektiv.

Mål: Folkebiblioteka i Vestland skal vere uavhengige, opne og tilgjengelege institusjonar som fremmar læring, kunnskapsutvikling og inkludering og legg grunnlag for opplyste borgarar.

#### 4.2.4. Folkebibliotek

Kulturutgreiinga 2014 peiker på at kommunane sine utgifter til det utvalet kallar den kulturelle grunnmuren, som bibliotek, kulturskular og fritidsklubar har stagnert med bibliotek som den klaraste budsjett-taparen gjennom mange år. Utvalet bak utgreiinga meinte det ville vere behov for å vurdere øyremerking av statlege midlar til lokale kulturløft i ei tidsavgrensa periode. Staten har løyst dette ved at ein gjennom nasjonale bibliotekstrategiar gir tilskot til prosjekt- og arenautvikling. Fylkeskommunen støttar folkebiblioteka ved å delfinansiere innkjøp av e-bøker, ei nasjonal transportordning og ulike tilskotsordningar.

Det er stort behov for at dei noverande ordningane held fram og for å styrke lokal finansiering av biblioteka.

Mål : Styrka ressursar til biblioteka.

### 4.3. Kunst og kulturformidling til born og unge

#### 4.3.1. Den kulturelle skulesekken

Gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) får alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte profesjonell kunst og kultur. Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge har det nasjonale ansvaret. Fylkeskommunen og kommunane gjennomfører DKS på regionalt og lokalt nivå.

Seks kulturuttrykk skal vere representert i DKS: musikk, scenekunst, litteratur, visuell kunst, film og kulturarv. DKS skal vere eit tilbod til alle barn og unge, uavhengig av kulturell, språkleg eller sosio-økonomisk bakgrunn, den enkelte sitt funksjonsnivå eller kor ein bur i landet.

Dei nasjonale måla for DKS er at tilboden skal vere profesjonelt og av høg kvalitet, vere tilbydd jamleg, gi elevane forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk og bidra til barn og unge si danning og utdanning jf. læreplanane. Tilboden skal vere relevant og mangfoldig og ein skal utvikle dette i eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren. DKS-tilboden skal bidra til å styrke norsk språk, samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Det er rom for at DKS kan gi

kunst- og kulturtildelning til barnehagebarn. Eit viktig signal er at ein skal legge til rette for at barn og unge medverkar i utforminga av DKS.

Det er ulike måtar å sikre kvalitet, variasjon og mangfald i DKS-programmet, samt å styrke samarbeid og medverknad. I Vestland fylkeskommune er det etablert samarbeid mellom kultur og opplæring der òg elevane er representerte. Lærarar i grunnskulen og eit eige ungdomsprogramråd bidreg i programmeringa. Eksterne fagpersonar deltek i vurderinga av føreslegne produksjonar.

Eit fagleg råd skal sette retning for DKS-arbeidet og sikre at programmet vert utvikla i kontakt med brukargruppene og i samsvar med ny kunnskap på feltet. I rådet er kunstfagleg, formidlingsfagleg og skulefagleg kompetanse representert. Fylkeskommunen og kommunane sine opplegg for medverknad, samarbeid og kvalitetssikring må utviklast vidare i samarbeid med aktuelle fagmiljø, organisasjonar og institusjonar.

Fylkeskommunen har ei koordinerande og rådgjevande rolle der tett dialog mellom kommunane og fylkeskommunen er avgjerande for å utvikle DKS. Kommunane får løyvd midlar til DKS gjennom fylkeskommunen, og rapporterer via fylkeskommunen. Kommunane er nærest elevane og skulane, men fylkeskommunen har eit overblikk som gir høve til å planlegge og samarbeide på tvers i regionen, og til å nytte ut felles ressursar best mogleg. Bergen er direktekommune i DKS, og organiserer sjølv heile DKS-tilbodet til grunnskulen. Direktekommuneordninga er under revisjon. Mål for DKS i Vestland er eit likeverdig tilbod for alle elevane i fylket.

Vestland har eit særleg ansvar for å ta vare på og utvikle nynorsk språk, også i DKS. Fylkeskommunen har på prosjektbasis arbeidd for å få fram fleire nynorske DKS-produksjonar. Dette bør vere ei permanent satsing der fylkeskommunen og kommunane bidreg til nyproduksjonar i DKS. Med utviklingsmidlar frå Kulturtanken der fylkeskommunen og kommunane kan følge opp gjennom fagleg og økonomisk støtte. Ved nyproduksjonar kan ein oppnå større variasjon og mangfald i DKS-programmet, m.a. auke tilbodet til barn og unge med nedsett funksjonsevne, legge til rette for barn og unge med minoritetsbakgrunn og å få fram fleire produksjonar på ulike norske språk. Produksjonar som når ut til barnehagebarn med DKS-tilbod eller som legg til rette for samarbeid mellom institusjonar er også aktuelle.

Ei rekke utøvarar er på turné i løpet av skuleåret, DKS fører til ei betydeleg reiseverksemnd. Dei siste åra har ein vore oppteken av å nytte mest mogleg miljøvenlege reisealternativ, og dette må ha høg prioritet framover. Samstundes er DKS miljøeffektiv formidling av kunst og kultur sidan tilbodet kjem til elevane på skulen – der dei allereie er. DKS når ut til alle elevar, uavhengig av bakgrunn, og bidreg slik til sosiale og økonomiske berekraftsmål. Gjennom DKS får barn og unge kunnskap om utfordringar og verdiar i samfunnet, og dei får øve opp evne til kritisk refleksjon og debatt. DKS er ein unik arena for deltaking og demokratilæring.

DKS bidreg til verdiskaping i form av kunstproduksjon, formidling og opplæring, og er ein stor arbeidsplass for kunstnarar. Fylkeskommunane og kommunane må aktivt følge opp utøvarane i DKS i samsvar med gjeldande lovverk og avtalar, og det skal vere føreseielege og opne prosessar ved handsaming av programforslag til DKS. Som arena for formidling av kunst og kultur for barn og unge er DKS med på å utvikle det profesjonelle kunst- og kulturlivet i Vestland. Vi må etablere gode møteplassar for dialog mellom det offentlege, utøvarane og institusjonane. Fylkeskommunen skal utvikle ein plan for DKS i Vestland der vi legg vekt på brei medverknad. Vestland har som mål å utvikle DKS til ei ordning der alle partar kjenner eigarskap til, og der ein i fellesskap bidreg til ei kunst- og kulturformidling som har høg kvalitet, er relevant, aktuell og profesjonell i innhald og formidling.

**Mål:** Den kulturelle skulesekken i Vestland skal formidle kunst og kultur av høg kvalitet til barn og unge. Tilbodet skal vere profesjonelt, breitt og mangfoldig samansett.

### 4.3.2. Kulturskulen

Kulturskulane vart i Kulturutredningen 2014 definert som del av den kulturelle grunnmuren i kommunane. Alle kommunar skal anten åleine, eller saman med andre kommunar ha eit kulturskuletilbod til barn og unge. Kulturskulen skal tilby eit breitt tilbod av høg kvalitet, som samstundes gir høve til fordjuping og talentutvikling. Kulturskulane er forankra i opplæringslova, men kommunane har stort handlingsrom til å utforme og tilpasse tilbodet.

I ulike rapportar kjem det fram at trass i kulturskulen skal vere for alle som ønskjer det, når ikkje tilbodet ut til alle i dag. Deltaking er m.a. avhengig av kulturell og sosio-økonomisk bakgrunn, og det er klart fleire jenter enn gutter som nyttar seg av kulturskuletilbodet. Det er eit mål i barne- og ungdomskulturmeldinga at kommunane skal arbeide aktivt for å nå breiare ut med kulturskuletilbodet. Ei styrking av kulturskulen vil vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med berekraft, inkludering og mangfald – i tråd med måla i meldinga.

Kulturskulerapporten frå 2019 og innspel til meldingsarbeidet peiker på at det er nødvendig å samordne behovet kulturskulane har for kompetanseutvikling og å samarbeide med universiteta og høgskulane.

Det er òg nødvendig å samarbeide om fordjupingstilboda og talentutviklinga på regionalt nivå. Regionalt/interkommunalt samarbeid kan gi fleire barn og unge tilgang til undervisning på smalare sjangrar og meir spissa talentutvikling. Til dømes kan nokre kulturskular i kvart fylke få ei særskild rolle for talentutvikling, med nedslagsfelt utover eigne kommunegrenser. Slik kan vi bygge opp desentralisert talenttilbod utanfor dei store byane. Fylkeskommunen kan vere ein samarbeidspart og utviklingsaktør for å få dette til. Det bør vurderast om fylkeskommunen skal ha ei lovfesta rådgjevande rolle overfor kommunane i spørsmål som gjeld kulturskulane.

Gode formidlings-, øvings- og produksjonsarenaer må vere tilgjengelege for å utvikle kulturskulane vidare. Regjeringa vurderer å utvide kulturlova med planføresegner etter same modell som folkehelselova. Slike føresegner vil kunne forplikte fylkeskommunane og kommunane til å registrere status og behov på kulturfeltet, også når det gjeld kulturskulen.

Med Norsk kulturskoleråd sitt pilotprosjekt *Kulturskole 3.0.* der totalt 16 kommunar over heile landet er med ønsker ein å skape framtidas kulturskule i tråd med det etter kvart etablerte omgrepene *Kommune 3.0* der samskaping og samarbeid på tvers står sentralt. Målet er at kulturskulen òg skal vere ein aktør i utviklinga av lokalmiljøet i kommunen saman med andre aktørar. Slike aktørar kan vere frivillige lag og organisasjonar som kor og korps, eller bibliotek og lokale kulturhus.

Kulturskulen er først og fremst eit tilbod for barn og unge. Difor vil det vere naturleg å sjå på samskaping med elevar og skular. Dette gjeld både grunnskular og vidaregåande opplæring, og er såleis relevant for både kommunen og fylkeskommunen. Kulturskulelærarar jobbar ofte deltid, gjerne i fleire kulturskular, i tillegg til å vere utøvarar. Mange har fleire år med høgare utdanning innan sitt eige kunstfelt og held eit høgt kunstfagleg nivå. Ved å legge til rette for at kulturskulelærarar òg kan undervise i grunnskulen og i vidaregåande skule vil kommunen og fylkeskommunen kunne utnytte lærarar sin unike spisskompetanse i større grad.

Forutan undervisning kan kulturskulen samarbeide med kulturformidlingstilbod til innbyggjarar i alle aldrar. Særleg aktuelt er samarbeid med Den kulturelle skulesekken (DKS) og Den kulturelle spaserstokken (DKSS). For DKSS kan ein og sjå på samskaping saman med mellom anna helsesektoren, sjukeheimar og dagsenter for eldre. Summen av dette vil gi ei utvikling og vere verdiskapande for lokalt kulturliv. Kulturskulen blir eit ressurscenter for inkludering, mangfald og livslang læring.

Mål: Kulturskulen skal gi eit breitt tilbod av høg kvalitet, som samstundes gir høve til fordjuping og talentutvikling

### **4.3.3. UKM**

UKM står for ung kultur møtest, og har som mål å vere den viktigaste møteplassen for ung kultur. UKM var i 1986 Norsk kulturråd si første satsing retta mot barn og unge. Ungdom under 20 år deltek med eit breitt spekter av uttrykk; musikk, dans, litteratur, kunst og unge arrangørar bak scena både som scene-, lyd- og lysteknikarar, artistvertar, i medieredaksjon m.m. UKM ønsker å vere ein trygg møteplass, og ein motsats til prestasjonskulturen ungdom er utsette for i andre aktivitetar og i kvardagen elles.

Strukturen har vore årlege lokale arrangement (kommunane), regionalt (fylkesfestival) og nasjonalt nivå (landsfestival). Frå 2014 er det vedteke ein ny strategiplan for UKM Norgemed ambisjon om å utvikle UKM til ein heilårleg aktør på alle forvaltningsnivå.

UKM er under stadig utvikling for å møte notidas utfordringar og satsingar innan ung kultur. UKM som heilårleg aktør tilbyr ungdom arrangement, kurs, workshops og andre opplevingar. UKM bygger på breie samarbeid i kommunane, og inkluderer nye aktørar og uttrykk, m.a. e-sport og gaming. UKM si eiga e-sport-satsing Norcup har vore organisert i fleire år, og arbeidet med denne bidreg til å utvikle spelkultur nasjonalt, regionalt og lokalt.

UKM sin viktigaste funksjon er å skape møteplassar for ungdom. Målet er at deltakarane skal få utforske eigne uttrykk saman med andre med same eller andre uttrykk. UKM skal stimulere og synleggjere kulturell aktivitet hos ungdom. Sosial berekraft er her eit viktig aspekt.

Medverknad er heilt sentralt i UKM. Ungdom er med i arbeidet med planlegging og gjennomføring arrangement, workshops og festivalar.

I arbeidet med handlingsplan for 2022-2024 for UKM Norge er det organisert eigne ungdomssamlingar i fylka for å medverke til innhaldet i planen. Ungdom er difor aktivt inkludert i ein demokratisk prosess om kva UKM skal vere framover.

**Mål:**      Ung kultur møtest (UKM) skal vere ein arena der ungdom får delta på eigne premissar, lære av kvarandre og få inspirasjon til vidareutvikling.

## 4.4. Det profesjonelle kunstfeltet

Det profesjonelle kunstfeltet er mangfaldig, men har også ei felles rolle og nokon felles utfordringar uavhengig av kunstart. Både innan musikk, litteratur, scenekunst, visuell kunst og musikk har vi i Vestland både sterke institusjonar, eit vitalt, fritt felt av enkeltkunstnarar, grupper og mindre kunstnarstyrede tiltak. Dette er ein viktig grunn til at vi i dag kan kalle Vestland for et leiande kulturfylke.

Ytringsfridom er ein grunnleggande føresetnad for demokrati, og kunst er essensielt i dette. Kunsten si største oppgåve er å bidra til refleksjon og erkjenning både for enkeltmenneske og samfunn. Den kan sjå andre strukturar, stille spørsmål og stimulere til tenking og samtale. Det er difor viktig at den er fri, og ikkje underlagt t.d. politiske retningar og mål. Kulturpolitikken kan legge føringar og rammer, men ikkje påverke innhaldet. Kunst kan på sitt beste treffe oss og gi oss innsikt og forståing som vi ikkje kan oppnå på andre måtar. Kunst kan bidra til å forsterke identitet og samhald, men òg til å utfordre, utvide, og skape større mangfald. Kunsten kan overskride og «sprenge» grenser. Den offentlege kunstpolitikken skal sikre variasjon, mangfald og gi høve til å ta risiko for å utvikle enkeltmennesket, kunsten og samfunnet.

I ein kulturplan skal ein legge vekt på den kunstnarlege eigenverdien som nett er omtalt, den skaper store verdiar i samfunnet. I tillegg kan deler av kunstlivet også bidra til økonomisk verdiskaping.

Den offentlege kulturpolitikken skal vere med å sikre eit mangfald og variasjon i kunstfeltet. Særleg i eit lite land som Noreg treng ein offentlege midlar som spelar saman med kommersielle krefter for å oppnå dette.

Ein må sjå til at den enkelte kunstart har ein infrastruktur og komplett verdikjede som tek i vare kunstens levekår, utvikling og ny rekruttering på dei premissane som er best for kunsten, slik at dei kan oppfylle si samfunnsrolle.

Det kan vere ei utfordring for det offentlege å både ta i vare behovet for gode, føreseielege økonomiske rammer for dei etablerte institusjonane og samtidig gi rom for nye initiativ. Ein må jobbe for både ein god kunstpolitikk og kunstnarpolitikk. Ein må legge til rette for skaping, produksjon, distribusjon og formidling i heile fylket.

Ein må sjå på grunnopplæring, høgare utdanning og det frivillige kulturlivet i samanheng med den profesjonelle kunsten, som ein del av ein større heilskap. Vi må styrke moglegheitene for å kunne utdanne seg og leve av kunst i Vestland, og få til eit betre samspel mellom dei profesjonelle kunstmiljøa i fylket.

Vestland er og skal vere eit leiande tyngdepunkt for profesjonell kunst i Noreg. Bergen er i ei særstilling som senter for heile Vestland. Bergen må vere ein viktig motor for fylket, byen er ein samlingsstad for den profesjonelle kunsten og kunstnarane.

Kunstfeltet har hatt ei god utvikling dei siste åra og mange profesjonelle enkeltkunstnarar, grupper og institusjonar innan dei fleste kunstartar og sjangrar oppfyller det nasjonale kulturpolitiske målet om å skape kunst av ypparste kvalitet. Desse markerer seg tydeleg både nasjonalt og internasjonalt.

Vi må legge til rette for ei langsiktig utvikling, der ein lyttar til behov og ambisjonar aktørane sjølv har. Det ei eit samspel mellom kunst- og næringsaspekt for dei fleste som driv med profesjonell kunst.

Vestland har vore eit føregangsfylke når det gjeld å utvikle regionale kompetansesenter, nettverk og fellesskap innan det profesjonelle, frie kunstfeltet, t.d. Kulturhuset USF, PreForm, VISP, Proscen og Brak. Slike senter, nettverk, produksjons- og kontorfellesskap er viktig for å ha eit leiande kunstliv. Desse kan vere eit godt grunnlag for vidare utvikling av modeller for produksjon og formidling til større deler av fylket.

Mål : Det profesjonelle kunstfeltet skal vere ei fri kraft som bidreg til eit reflekterande, demokratisk samfunn.

#### 4.4.1. Film og medium

Vestland er ein mangfaldig og sjølvstendig filmregion. Bransjen her har både strukturane og føresetnadene for å vere eit kraftsenter for film i Noreg, både når det gjeld produksjon og formidling. Filmaktørane i Vestland har både kompetanse og styrke til å bere store prosjekt og produksjonar.

Vestnorsk filmsenter (VF) eit viktig offentleg instrument for fagleg styrking og profesjonalisering av filmbransjen i fylket. VF si kjerneverksemr er å bidra til utviklinga av filmbransjen på Vestlandet, der dei dekker både Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. VF tek ansvar for kompetansehevande tiltak for bransjen og talentutvikling. Dei skal bidra til utvikling av kortfilm og dokumentarfilm, m.a. gjennom å forvalte tilskot, og fremme utvikling av nye manus til spelefilm/tv-seriar. Vestnorsk filmkommisjon (arbeider for lokalisering av filmminnspeling) og Filmvekthuset BAKOM er også ein del av Vestnorsk filmsenter.

Det regionale filmfondet Zefyr spelar også ei viktig rolle for å bygge filmbransjen der fonda støtter opp under film- og medieproduksjon. VF er særleg viktig når det gjeld kulturoppdraget, medan Filmkommisjonen og Mediefondet Zefyr har ein klårare næringspolitisk funksjon.

Aktørar som Bergen Internasjonale Filmfestival er viktig for filmformidlinga, saman med kinoane rundt om i fylket. Det er ei utfordring korleis den digitale utviklinga, m.a. strøymetenester, vil påverke visningsstadene.

Det norske filmfeltet er i ferd med å få ein internasjonal posisjon. Filmproduksjon er eit felt som krev mykje av både økonomi og kompetanse, og må vere av ein viss storleik for å i det heile tatt vere levedyktig. Det meste av midlane til spelefilmproduksjon vert fordelt av Norsk Filminstitutt i Oslo (NFI), og det kan vere ei utfordring for bransjen her på Vestlandet. Vestlandet er det einaste alternativet som kan representera ein sterkt filmregion nummer 2 i Noreg. I Vestland har vi også utvikla eit sterkt miljø på spelutvikling.

Film kan gi kunnskap og innsikt i mange tema og kan vere viktig for å få eit meir berekraftig samfunn. Filmar som omhandlar klima- og miljøspørsmål har vore t.d. vore ei viktig satsing for Bergen Internasjonale filmfestival, m.a. gjennom Klimafestivalen, der ein i meir enn ti år har presentert klima- og miljøfilmar frå ulike deler av verda.

Film er blant dei kulturuttrykk som når ut til flest menneske. Film kan gi verdifull innsikt i andre sitt liv og andre samfunn, og gi grunnlag for bevisstgjering og demokrati. Fleire tyngdepunkt for filmproduksjon utanfor Oslo vil gi eit større mangfald, vidare perspektiv og fleire stemmer og blikk .

Filmbransjen skapar store verdiar for samfunnet. Bransjen genererer både arbeidsplassar samtidig som den skaper store opplevelingar hos publikum. Med ei sterkare filmbransje på Vestland vil ein naturleg konsekvens vere auke i kreative arbeidsplassar i Vestland. Arbeidet som filmkommisjonane gjer med å legge til rette for at lokalsamfunn kan vere lokasjonar for filmminnspelingar, kan bidra til utvikling av fleire lokalsamfunn rundt om i fylket. Det kan også gi merksemd for ein stad som kan nyttast i t.d. reiselivssatsing.

Mål : Det skal produserast film i Vestland som speglar og utfordrar samfunnet.

#### 4.4.2. Musikk

Musikklivet i Vestland har stor breidde og mangfald både når det gjeld innhald, utforming og aktørar. Mange aktørar i det profesjonelle musikkmiljøet i fylket jobbar på eit internasjonalt nivå. Det er

eitt stort og breitt engasjement i det frivillige musikklivet med kor og korps. Ein må både bygge grunnmur og fyrtaårn, og jobbe langsiktig. Enkeltmennesket si glede ved å utøve musikk, både åleine og i fellesskap er ei stor verdi.

Vi ønsker både produksjon og formidling av musikk i heile fylket. Ulike geografiske forhold og kommunestrukturar krev ulike grep for å oppnå dette. Institusjonar, organisasjonar og det offentlege må saman sjå på korleis ein styrkar og legg til rette for å skape, utøve og distribuere musikk i heile fylket.

Distriktsmusikarordninga, eit samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, er ei reiskap for å støtte opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikarar. Bruk av frilansmusikarar og distriktsmusikarar vil utfylle kvarandre slik at regionale produksjonsmiljø får utvida kapasitet og gjennomføringskraft. Ordninga har m.a. ført til fleire nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Dette skal styrke bevaring, utvikling og formidling av folkemusikken.

Rekruttering og talentutvikling er viktig om ein skal vere leiande innan eit felt. Det frivillige kulturlivet og utdanningstilbod innan musikk, i grunnskule, kulturskule og vidaregåande opplæring innan estetiske fag er alle viktige deler av det musikalske økosystemet. Griegakademiet og Ole Bull Akademiet er viktige utdanningsinstitusjonar og har gode samarbeid med musikklivet elles i fylket.

Fleire av dei store kunstinstitusjonane har tatt stort ansvar for heilsaken og jobbar med heile forløpet frå barn til voksen, profesjonell kunstnar. Samarbeid og nettverk kan også her føre til god vidare utvikling.

Vestland er leiande innan musikk, gjennom både etablerte institusjonar som Bergen Filharmoniske orkester, Opera Nordfjord og mange grupper, kunstnarar og artistar i den frie delen av feltet.

Det er viktig å erkjenne at kompetente og nyskapande institusjonar krev betydelege økonomiske ressursar for å ta i vare og vidareutvikle kvalitet og ry som leiande. Dialog og samhandling mellom forvaltningsnivå er særleg viktig når det gjeld finansiering av dei store institusjonane.

Det frie, profesjonelle feltet er sårbart og har særskilt sårbar økonomi, og det må sjåast på korleis ein betre kan ta i vare dette.

Vestland har mange musikkfestivalar med ulikt fokus og ulike mål. Nisjefestivalar, som er produserande er viktige for utvikling av sin sjanger. Det offentlege har særleg ansvar for å gi desse høve til å gjøre dette. Andre festivalar har eit breiare musikalsk fokus og er i større grad ein meir allmenn arena. Desse har større moglegheit til å finansiering gjennom billettsal og kommersielle inntekter. Begge typar festivalar er viktige for musikklivet i fylket, og ein må greie ut vidare ansvar for desse. Her må stat, kommune, fylkeskommune og private aktørar delta.

Det frivillige musikklivet er stort i heile fylke. Dei er med på å sikre publikumsgrunnlaget for det profesjonelle musikklivet, med tangeringspunkt mellom større profesjonelle aktørar og utøvarar og t.d. lokale og regionale kor, korps, spelemannslag og orkester.

Fylket har ein rik folkemusikktradisjon ein må bygge vidare på for å sikre rekruttering og formidling. Folkemusikk og -dans er både bevaring av immateriell kulturarv og eit grunnlag for kunstnarleg nyskaping.

Det er viktig å støtte opp under skaping av ny musikk. Det er små, men gode miljø, for samtidsmusikken som har utvikla seg godt og som treng offentleg støtte for å kunne forsette denne utviklinga. Jazz og liknande sjangrar improviserande musikk står sterkt i fylket. Komponistar og utøvarar av pop, rock and anna populärmusikk har gjort seg sterkt gjeldande i heile landet og utlandet.

Fleire aktørar jobbar for meir berekraftige kulturarenaer, turnear og festivalar ved gjenbruk av utstyr o.l., og mange er no klimasertifiserte. Dette kan utviklast vidare og utvidast gjennom ulike nettverk og liknande. T.d. gjennom BRAK. Det må verte enklare å skaffe seg oppdatert kunnskap om korleis ein skal

drive verksemd mest mogleg berekraftig. Omstilling er krevjande både tidsbruk og økonomi, for mange små aktørar.

Deltaking er grunnsteinen i eit demokratisk samfunn, og musikkfeltet bidreg til mange ulike gode arenaer for deltaking. Musikklivet skal vere ein arena for demokratibygging, medverknad og ytringsfridom. Det kan bidra til større aksept for mangfald og ulikskap

Musikk og scenekunst bidreg til stor verdiskaping i fylket, både materielt, for den enkelte si utvikling og for sosial samhandling. Sjølv om kunst og kultur kan skaffe inntekt, må kulturpolitikken gi rom for det kunstnarlege innhaldet og mangfaldet.

Den store digitale utviklinga har store konsekvensar også for musikkfeltet. Dette vil påverke skapingsprosessar, publikum og formidling. I kulturpolitikken må det vere merksemd i kulturpolitikken om korleis musikkarar og komponistar vil påverkast av dette både kunstnarleg og økonomisk.

- |       |  |
|-------|--|
| Mål : | 1. Musikklivet skal vere ein arena for fellesskap, deltaking og ytringsfridom i lokalsamfunnet.<br>2. Vestland skal ha eit profesjonelt musikkliv av høg kvalitet. |
|-------|--|

#### 4.4.3. Scenekunst

Scenekunsten i Vestland har stor breidde og mangfald både når det gjeld innhald, utforming og aktørar.

Vestland har sterke aktørar innan scenekunst, og fleire av desse er på eit internasjonalt, høgt nivå. Vi har det nasjonale kompaniet for samtidsdans Carte Blanche og mange grupper, kunstnarar og artistar i den frie delen av feltet.

Kompetente og nyskapande institusjonar krev betydelege økonomiske ressursar for å ta i vare og vidareutvikle kvalitet og ry som leiande. Dialog og samhandling mellom forvaltningsnivå er særleg viktig når det gjeld finansiering av dei store institusjonane.

Ein må arbeide spesialisert samstundes som ein legg til rette for tverrfaglegheit og samarbeid. Det frie feltet er blitt ein større del av det profesjonelle scenekunstfeltet, og det trengs fleire gode samarbeid mellom desse og institusjonane.

Strukturane i scenekunstfeltet har forandra seg dei siste ti åra, m.a. har det frie feltet blitt større, men er framleis sårbart og har særslig sårbar økonomi. Vi må sjå på korleis ein betre kan ta i vare dette.

Dansefeltet har vore ekstra sårbart, men ein ser no ein vekst som bør stimulerast vidare. I Vestland og på Vestlandet er vi gode på å etablere samarbeid, gode nettverk og klynger, også på scenekunstfeltet. Her spelar regionale kompetansesenter og nettverksorganisasjonar ei viktig rolle.

Vi ønsker både produksjon og formidling av scenekunst i heile fylket. Institusjonar, organisasjonar og det offentlege må saman sjå på korleis ein i større grad kan legge til rette for at både produksjon og distribusjon av scenekunst kan styrkast i heile fylket.

Rekruttering og talentutvikling er viktig om ein skal vere leiande. Utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag er alle viktige deler av økosystemet. Innan utøvande scenekunst manglar Vestland eit utdanningstilbod på universitets-/høgskulenivå. Ein bør sjå på kva som manglar i fylket og kva behov som dekkast i ein større, nasjonal eller internasjonal kontekst. Institusjonane har eit ansvar for å bidra til talentutvikling gjennom å sleppe til nye og unge krefter.

Det skal utviklast ny dramatikk på Vestland. Her spelar Teater Vestland og Det Vestnorske teateret ei viktig rolle, særleg når det gjeld dramatikk på nynorsk og dialekt. Samarbeid mellom institusjonsteater, frie grupper og forfattarmiljøet i fylket gir nye stemmer på scena.

Fleire aktørar jobbar for å få meir berekraftige kulturarenaer, turnear, gjenbruk av utstyr/kostymar og scenografi ol. Dette kan utviklast vidare og utvidast gjennom nettverk ol. Det må vere enkelt å skaffe seg kunnskap om korleis ein skal drive på ein mest mogleg berekraftig måte. Omstilling er krevjande både gjennom tidsbruk og økonomi.

Mange av aktørane innan scenekunst bidreg til kunnskap, merksemd, refleksjon og debatt som støttar opp under berekraftsmåla. Scenekunsten har ei kraft i seg til å bevege, utfordre og provosere.

Scenekunsten skal vere ein arena for demokratibygging, medverknad og ytringsfridom, protest. Det kan bidra til større aksept for mangfald og ulikskap. Ein må heile tida vere bevisst på mangfald og spørje seg om feltet speglar dei ulike delane av dagens samfunn og har rom for menneske med ulik bakgrunn og ulik ståstad. Korleis legge til rette for at vi får høyre fleire stemmer er ei pågåande utfordring for scenekunstfeltet.

**Mål :** Det skal vere gode vilkår for både produksjon og framføring av scenekunst i heile fylket.

#### 4.4.4. Språk og litteratur

Språk og litteratur er viktig for den enkelte og for samfunnet. Det gir rom for refleksjon og innsikt, forståing av seg sjølv, andre og samfunnet, både lokalt og globalt. Det gir også rom for å uttrykke seg og dele med andre.

Litteraturfeltet er viktig i Vestland. Litteratur kan vere både ein innadvent kunstform i skaping og i bruk – og utoverretta. Vi har gode forfattarar og eit aukande tal aktørar som driv litteraturformidling. Vestland speler ei viktig rolle nasjonalt på litteraturfeltet, ikkje minst den skapande delen.

Litteraturfeltet har vore prega av etablerte strukturar. Dette er i ferd med å forandre seg, særleg gjennom den digitale utviklinga. Det er no rom for at nye stemmer vert hørt gjennom mange ulike kanalar, som i stor grad vert styrt av brukarane sjølv. Det er sett i gang gode initiativ for samarbeid og kompetansedeling innan litteraturfeltet, ikkje minst på formidlingssida.

Det er nokre, viktige forlag i fylket, men det er framleis slik at dei fleste av forfattarane i fylket gir ut sine bøker på forlag i Oslo.

Det ligg til rette for auka samarbeid særleg mellom formidlingsaktørane som til dømes litteraturhusa i Bergen og Odda, det mobile litteraturhuset Rom for Ord, biblioteka, litteraturfestivalane og aktørar som Jakob Sande-senter for forteljekunst i Fjaler og Nynorsk kultursentrums/Haugesenteret i Ulvik. Vestland er ein av dei få fylka i landet som har forfattarutdanning. Skrivekunstakademiet har gitt eit godt grunnlag for og høve til utvikling av mange forfattarskap som er viktige både nasjonalt og internasjonalt.

Dramatikk er ein del av litteraturfeltet, og kontakt mellom scenekunstmiljøet og litterarmiljøet er viktig for å få fram nye forteljingar og stemmer. Nokre av våre beste forfattarar er også dramatikkar som vert spelt på scener i heile Noreg og i utlandet.

Både skjønlitteratur og faglitteratur er viktig for demokrati, deltaking og mangfald. Det er viktig at ein også har fokus på litteraturkritikk.

Gratis tilgang til litteratur gjennom biblioteka er ein rett og viktig basis i den offentlege kulturpolitikken.

Litteraturen tilbyr eit mangfold av stemmer og er eit utgangspunkt for refleksjon og erkjenning og ein god og opplyst offentleg samtale og debatt.

I tillegg til den sosiale og kulturelle verdiskapinga som er omtalt over bidreg litteraturfeltet til økonomisk verdiskaping gjennom sysselsetting i forlag og formidlingsverksemder og forfattarar.

Mål : Vestland skal ha eit sterkt fritt, skapande litteraturmiljø som bidreg til refleksjon, debatt og eit sunt, demokratisk samfunn.

#### 4.4.5. Visuell kunst

Det visuelle kunstfeltet er breitt – frå biletkunst, design, kunsthåndverk, fotografi, lyd- og lyskunst, installasjonar, konseptbasert kunst, til performance. I Vestland er det busett mange kunstnarar som arbeider innan det visuelle kunstfeltet. Omlag 80% er busett i Bergen.

Vestland har mange aktørar i dette feltet, frå relativt tunge institusjonar til mindre, ofte temporære kunstnardrivne tiltak og initiativ. Dei er aktive deltagarar i det offentlege ordskiftet og set fokus på utfordringar og problemstillingar i samfunnet både lokalt og globalt.

Det er viktig at det er rom for både produksjon og visning av kunst i heile fylket. Den største utfordringa er å både gi dei institusjonelle aktørane gode og føreseielege rammer og vilkår og samtidig gi rom og høve for nye aktørar og initiativ. Vestland har ein nokså komplett verdikjede for den visuelle kunsten og ei utdanning på Universitetsnivå med godt internasjonalt renommé. Dette gjer at særleg Bergen har mange unge, aktive kunstnarar som ønsker å bli etter utdanning. Det er ei utfording - som innan fleire andre kunstformer – å legge til rette slik at ein kan arbeide og bu i alle deler av fylket. Det offentlege bidreg til at kunstnarane har leve- og arbeidsvilkår som gjer det mogleg å produsere god og nyskapande kunst. Dette kan skje gjennom t.d. tilrettelegging for arbeidsfellesskap og visning samt kunstprosjekt i offentleg rom. Det er viktig å jobbe vidare med utfordringane knytt til honorar og vederlag. Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge er viktige stemmer i offentlegheita. Dei er nettverk for den enkelte kunstnar og speler ei viktig rolle for kontakten mellom kunstnarane og det offentlege.

Det visuelle kunstlivet i Bergen er ei mektig kulturell kraft, med ei verdiskaping byen er avhengig av. Å utvikle dette vidare er ein suksessfaktor for fylket. Likeins skjer ei stor kulturell verdiskaping i lokalsamfunna rundt i fylket, og her finst uforløyst potensial for auka verdiskaping.

Kunsten si oppgåve har alltid vore å føre kritikk og gi refleksjon av samfunnet. Klimakrise og sosial urett har vore satt på dagsordenen av kunstnarar og bidreg til auka kunnskap og refleksjon omkring tematikken.

Kunst er ein viktig kvalitet i samfunnsutviklinga og kunstopplevelingar er til glede og gagn både for enkeltmenneske og allmenta. Det er viktig å bygge ned barrierar for å oppleve kunsten. M.a. er arbeidet med kunst i offentlege rom viktig for at allmenta får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket. Tilgang til å oppleve kunst bør vere eit lågterskeltilbod. Med slike verkemidlar kan og kunsten fungere som sosialt utjamnande. Staten, fleire fylkeskommunar inkludert Vestland, og nokre kommunar har vedtektsfesta avsettingar av midlar til kunst når dei er byggherre for nye bygg. Dette er ei viktig satsing, og det bør vere eit mål at fleire kommunar innfører dette.

Det er eit viktig prinsipp at kunstnaren og kunsten skal vere fri. Kunstnarens oppgåve er m.a. å skape refleksjon av samfunnet og spegle det. Kritikken og spørsmåla kunsten formidlar kan både rive ned og bygge opp tankar og idear. Kunsten kan både glede og provosere, og slik skape ein naudsynt refleksjon i samfunnet og offentlegheita.

Kunsten kan også spegle og uttrykke verkelegheita men for deler av befolkninga som ikkje er like synleg og såleis gi stemme til grupper i samfunnet som ikkje opplever å bli hørt.

Kunst- og kulturuttrykk kan hjelpe oss å forstå og utfordre oss sjølv og samfunnet vi lever i, og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Menneska i eit kvart samfunn treng livsinnhald, refleksjon og forståing av seg sjølv og andre. Dei treng gode opplevelingar, og dei treng utfordringar. Dette er viktige samfunnsverdiar, og døme på kulturell og sosial verdiskaping.

Mål : Vestland skal ha eit aktivt og relevant kunstliv med eit mangfald av aktørar i heile fylket.

## 4.5. Kulturell og kreativ næring

Næringsaspektet i kultur- og idrettslivet er vesentleg, og kan gi monalege økonomiske ringverknader. Størstedelen av det profesjonelle kunst-, kultur- og idrettslivet har – i ulik grad potensiale for dette, men kulturelle satsingar skal ikkje ha sin einaste grunngjevnad i økonomi.

Kulturell og kreativ næring har mange samfunnseffektar, m.a. verdiskaping og sysselsetting. Kulturell og kreativ næring dekker eit breitt spekter av bransjar der det kommersielle potensialet har stor variasjon. Kulturrådet definerer: «Kulturell og kreativ næring er ei samla nemning på næringsverksemder som produserer kulturelle uttrykk. Desse vert primært kommunisert gjennom estetiske verkemidlar som symbol, teikn, bilet, fargar, rørsler, formar, lydar og forteljingar. I nemninga kulturell og kreativ næring inngår visuell kunst, utøvande kunst, musikk, litteratur, film, dataspel, TV og radio, trykte medium, arkitektur, design og reklame.»

Det har vore ei auke i dei kulturelle og kreative næringane, og dei utgjer no ein viktig del av næringslivet i fylket. Dei fleste kulturverksemndene har både eit kulturelt og eit næringsmessig aspekt. Kulturnæringane er ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturnæringane skal ha tilgang til næringsspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringar. Det er viktig med gode bransjeorganisasjonar som jobbar for felta, slik at den enkelte kunstnar og aktør i større grad kan konsentrere seg om å utvikle innhaldet i sin kunst og sitt kulturprodukt.

Ei stadig sterkare globalisering fører til nye strukturar, utfordringar og moglegheiter for kulturnæringane. Den digitale utviklinga er ein viktig faktor i dette. Det gir nye og større marknader for aktørane, men sterke internasjonale aktørar kan også styre kunstnarane og kulturaktørane i ei retning som ikkje alltid er positiv, utviklinga kring rettigheiter kan illustrere dette.

Vestland har sterke kulturelle og kreative næringar. Ei rekke nettverksaktørar/organisasjonar jobbar med å utvikle kulturnæringane i Vestland, både kompetanse, profesjonalisering, talentutvikling, rekruttering, m.m. Desse bygger samarbeid mellom aktørane, og sørger for ei stemme frå Vestland både nasjonalt og internasjonalt. Dei er viktige for verdiskapinga i næringane, og vil vere avhengige av føreseieleg regional støtte i planperioden. Døme på slike aktørar er Vestnorsk Filmsenter, Visp (visuelt kunstfelt) og Brak (musikk). Innan spelnæringa er det nasjonale nettverket Noneda lokalisert i Bergen.

Inkubatorar, coworkinghus og kontorfellesskap er viktig for å ha ei leiande kulturell og kreativ næring. Bergen er i ei særstilling med fleire slik, m.a. huser Kulturhuset USF mange aktørar. PreForm er eit anna døme på tilrettelegging i eit lokalsamfunn.

Kulturell og kreativ næring er ei grøn og berekraftig bransje og fungerer såleis som ei framtidsnæring. Den har potensial til å bidra til nye og innovative løysingar på mange utfordringar som ligg føre i samfunnet. Det er difor ei målsetting i Vestland å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland.

Mål: Kulturbasert næringsutvikling skal styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, og auke attraktivitet og bulyst

## 4.5.1. Opplevingsnærings og reiseliv

Vestland har ein unik natur og særmerkte tradisjonar og kulturminne, som er ei kjelde til verdiskaping, rikdom og opplevingar for både folk busett i det aktuelle lokalmiljøet, i fylket, i landet og i utlandet. Å utvikle eit meir berekraftig reiseliv som også gagnar lokalmiljøa vert viktig.

I denne planen må kjernen i det vi snakkar om når det gjeld opplevingsnærings og turisme vere i kultur, idrett og frivilligkeit, og ein kan så sjå på skjeringspunkt med andre sektorar. Det skal vere rom for både børs og katedral, og ulike grader av kommersialisering gjer seg gjeldande. Eit trekk ved verdiskapinga på kulturområdet er likevel at økonomi er eit verkemiddel eller effekt, enn eit mål i seg sjølv.

Vestland med fjordlandskapet har fleire stader med småskala turisme som har ein attraktiv autentisitet. Plan for innovasjon og næring i Vestland setter opp «Verdas vakraste fjordar og fjell» som eit av dei viktigaste konkurransesfortrinna i fylket.

Vestland er eit av landets største museumsfylke, og det er viktig at ein ser på kulturminna som finst i det enkelte område og på korleis dei kan synleggjera. Vestland har tre oppføringer på Unesco si verdsarvliste – flest i Noreg. Dette er ei internasjonal anerkjenning og kan vere ein basis i fjordlandskapet og for ei sterkare satsing på kulturturisme.

Vestland sitt landskap er ein formidabel arena for friluftsliv, og både bygd, kyst og fjell er aktivitets- og rekreasjonsområde for alle aldersgrupper.

Vestland er også det fylket i landet som har flest regionalparkar, med to UNESCO-godkjende, Nærøyfjorden verdsarvpark og Nordhordland UNESCO biosfæreområde. Desse parkane, saman med lokal- og nasjonalparkar, fått ein status, som har med seg både verneomsyn og satsingar. Dei har ein posisjon til å samle ulike aktørar innan kultur- og næringsliv i felles verdiskaping.

Dei fleste former for turisme har konsekvensar for miljø og klima, særleg cruiseturisme og gruppeturisme frå utlandet. Dette kan m.a. føre til skade på kulturminne og natur. Turisme og besøksmål kan gi store opplevingar og inntekter, men også slitasje på kulturarv og naturarv.

Den viktigaste turisten i framtida vil vere kulturturisten som kjem for å oppleve kultur, mat og natur. Det er denne turisten som er mest berekraftig og gir meir tilbake lokalt. Det ligg eit stort potensiale for betre samarbeid mellom reiseliv og kultur, viktig også for å kunne kommunisere kultur internasjonalt. Det må også vere godt samarbeid og kontakt mellom Bergen og destinasjonane elles i fylket.

Nærturisme har utvikla seg til å verte ein viktig marknad. Norske turistar i sitt eige land besøkjer andre ting og brukar pengar på andre måtar enn utanlandske. Fleire kulturtilbod er relevante for norske enn for utanlandske turistar.

Allemandsretten er eit gratis fellesgode og ein del av den norske kulturarven. Samstundes legg friluftslova òg vekt på allemandspliktane og sporlaus ferdsel. Innan kulturarv kan det vere motstrid mellom turisme, næringsinteresser og verneinteresser. Eit vedteke vern er ein attest på at noko har ein særskilt verdi, og dermed også potensial for utvikling og vidare verdiskaping.

Stoltheit over staden ein bur og å vise den fram for andre kan vere viktig for å bygge fellesskap i lokalsamfunn. Festivalar og andre arrangement er viktig for å trekke turistar til regionen og bygger ei merkevare.

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Det er ei overordna målsetting at ein skal ta i bruk heile fylket, og at alle skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga. Får ein til gode, autentiske lokalsamfunn med ein berekraftig form for turisme vil dette vere til gagn for alle.

Eit berekraftig og balansert reiseliv med besøkande som er interessert i det særmerkte staden dei vitjar har å by på kan vere viktig for å halde liv og utvikle mindre lokalsamfunn. Grunnlaget for verdiskaping ligg i første ledet i verdikjeda: kulturminnet, skaparane, landskapet, kunstnarane.

Småskala næringsverksemd, m.a. innan mat, drikke og kunst og handverk kan vere ein viktig del av dette. Ei felles, heilskapleg satsing på dette kan gagne produsentane, lokalsamfunna og turismen. Det må vere høg kvalitet dette og på opplevelingar innan kunst og kultur.

Mål: Vestland skal ha eit berekraftig, kulturbasert reiseliv

## 4.6. Nynorsk språk og språkpolitikk

Vestland er fylket med flest brukarar av nynorsk. Gjennom språkpolitikken må vi ta eit særleg ansvar for å fremme nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket. Språk er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk er under press. Det offentlege må difor ha ei målretta satsing på nynorsk, særleg ovanfor barn og unge.

Vestland sin posisjon som den fremste og viktigaste regionen for nynorsk må styrkast. Vestland skal halde fram arbeidet med å ta nasjonalt ansvar for å utvikle nynorsk som skriftspråk, kunstspråk og kulturberar.

Det er mange koplingar mellom språk og andre felt, slik som litteratur, film og scenekunst. Desse koplingane må styrkast. Nynorsk må få ein sterkare posisjon innan kunst og kultur, men også som kvardagsspråk, mediespråk og språk i skulen. Det offentlege har stort ansvar her, men også media, næringslivet, kulturinstitusjonane og frivilligheita.

Språkpolitikk er knytt til demokratiske prinsipp og menneske sine rettar til å kunne ytre seg og delta i sivilsamfunnet. I eit demokratisk samfunn må vi vere medvitne om språket som del av ytringsfridomen. Det offentlege har eit særskilt ansvar for å nytte eit klart språk som alle kan forstå.

Det språklege mangfaldet må styrkast ved å løfte dialektane og minoritetsspråka. Nynorsk er under press frå bokmål. Det norske skriftspråket er under press av det engelske språket som følge av digitalisering og globalisering. Det offentlege, næringslivet og sivilsamfunnet kan motverke dette som forbrukarar og ved verne om og styrke verdiane knytt til språkleg mangfold. Det manglar nynorskspråkleg digital infrastruktur i skulen, akademia, arbeidslivet og på fritidsarenaene.

Vestland er kjerneområdet for nynorsk språk og litteratur med sterke forfattarar på internasjonalt nivå og eit omfattande breiddearbeid. Mange Vestlands-forfattarar har jamt utgjevingar som plasserer nynorskbøker øvst på den litterære hylla. Nynorsk står elles også fram som ei sterk kulturell kraft i Vestland gjennom mellom anna song, forteljarkunst og scenekunst. Ei rekke kulturinstitusjonar og festivalar bidrar til dette. DKS i Vestland tek nasjonalt ansvar for nynorskproduksjonar i DKS.

Mål : Meir bruk av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk

## 4.7. Eit internasjonalt kultur- og idrettsliv i Vestland

Vestland har gjennom historia hatt tette kontaktar med utlandet, og det pregar også dagens kultur- og idrettsliv. Dialogen med verda utanfor Noreg er kjenneteiknande for regionen – både historisk og i dagens samfunn. Å sette seg inn i ein større samanheng, og å vere open for impulsar og menneske frå andre stader og kulturar er viktig for å ha, og vidareutvikle eit godt, inkluderande og framtidsretta fylke. Den digitale utviklinga og globaliseringa har gjort at dette har blitt styrkt. Internasjonalt samarbeid og relasjoner gir tilgang til ny kunnskap, impulsar og erfaringar. Det gir oss moglegheit til å påverke rammevilkåra for Vestland og til å vere ein aktør i det internasjonale samfunnet.

Vestland er, og skal fortsette å vere, eit leiande tyngdepunkt for profesjonell kultur. Mange i det profesjonelle kunstlivet har eit internasjonalt fagleg nettverk. Det same gjeld innanfor idrett og friluftsliv. Mange enkeltkunstarar, -utøvarar, grupper og institusjonar har ein betydeleg marknad og publikum i utlandet. Det internasjonale perspektivet og nettverket er ein naudsynt og integrert del av deira arbeid og utvikling.

Skal Vestland vere ein leiande region må internasjonalt samarbeid og kontaktnett for kultur- og idrettslivet bli verdsett, lagt til rette for, og styrkt. Det er viktig å innrette offentlege verkemiddel til å støtte institusjonane og det frie feltet i dei internasjonale samarbeida dei sjølv finn fagleg interessante, relevante og viktige.

Eit berekraftig kultur- og idrettsliv i framtida må vere internasjonalt. Det internasjonale samarbeidet skal forsterke samfunnsoppdraaga våre og skal vere eit verkemiddel til å nå utviklingsmåla for fylket.

Utviklingsplanen for Vestland er fundert på FN sine berekraftsmål. Evna til å samarbeide om felles mål og etablere nye, sterke partnarskap er avgjeraande for kor godt vi lykkast med ei berekraftig samfunnsutvikling. Mange av dei store samfunnsutfordringane, som til dømes klimakrisa, kjenner ingen landegrenser. Det gjer heller ikkje løysingane. Det skjer mykje internasjonalt, ikkje minst innan EU, kring satsinga på FN sine berekraftsmål. Kultur- og idrettslivet i Vestland skal vere til stades og ta del i dette.

Korleis vi kan ta i vare dei internasjonale kontaktane, samarbeidet og marknaden på ein mest mogleg berekraftig måte må ein arbeide vidare med..

Eit internasjonalt kulturliv er naudsynt i eit ope, inkluderande samfunn. Eit internasjonalt perspektiv er viktig for samfunnet og den enkelte. Internasjonalt samarbeid er eit godt og viktig verktøy for å bidra til interkulturell kompetanse og medansvar særleg hos ungdommar. Kultur, idrett og frivilligheit i Vestland kan også bidra til å fremme t.d. demokrati gjennom samarbeid med kunstnarar, utøvarar, organisasjonar ol i land som har ein pressa situasjon når det gjeld demokrati.

Kunst-, kulturliv og kreativ næring er viktige regionale verdiskaparar. Kultur treng stimulans og støtte til å kunne utvikle og oppfylle internasjonale moglegheiter for organisasjonar, institusjonar og for den enkelte aktør.

Vi konsumerer kultur meir og meir uavhengig av landegrenser, både ved at vi reiser meir og på grunn av ny teknologi. Mekanismane for dette er svært forandra på få år og vil fortsette og føre til forandringar for kultur. Dette fører til større konkurransen frå store globale aktørar, men også store moglegheiter. Ein del av dette skjer digitalt, men får også direkte effektar i fylket. M.a. er det fleire turistar som etterspør kulturopplevelingar, og fleire kjem til Vestland i stor grad på grunnlag av dei kjenner til kunst og kunstnarar, kulturminne og naturopplevelingar i fylket gjennom t.d. digital informasjon og formidling.

Kreative næringar representerer eit økonomisk vekstpotensial. Internasjonalisering kan gi økonomisk verdiskaping gjennom auka eksport og import.

Mål : Vestland skal vere ein open og utoverretta kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt.

# 5. Inkludering og integrering

## 5.1. Inkludering og integrering

Vestland buset innvandrar frå alle verdsdelar, også innvandrarar og flyktingar med særskilte behov. I dag utgjer innvandrarar frå både vestlege og ikkje-vestlege land nesten 15% av den totale befolkninga i fylket. Dette fordeler seg rimeleg likt mellom dei to gruppene Europa/USA/Australia og Asia/Afrika/Oseania.

Å jobbe mot eit inkluderande samfunn er ein lang, målretta, og steg-for steg prosess. For å sikre eit mangfaldig samfunn må ein planleggje og jobbe systematisk. For å lykkast må ein arbeide kontinuerleg på individnivå og på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Arbeidet med mangfald, integrering og inkludering må bygge på ei meir heilskapleg forståing av kva som er rettferdig og lønnsamt for samfunnet, arbeidsmarknaden, kunst- og kulturlivet og ikkje minst for det enkelte mennesket det gjeld. Ein kan jobbe mykje med integrering på arbeidsplassar, utdanning og sivilsamfunnet, men om ein ikkje opplever å bli ein del av lokalsamfunnet der ein bur, er det

Å inkludere stammer frå latin og betyr å «lukke inn». Ordet betyr i dag å ta del i eit fellesskap. Det er å delta på like vilkår i sosiale fellesskap, ha like moglegheiter for å lykkast, og reell innverknad på reglane i fellesskapet og korleis samfunnet verkar. Å inkludere har eit breiare perspektiv enn å integrere.

Å integrere stammer frå latin og betyr å «gjere heil». Ordet betyr i dag å føye deler til ein heilskap. Integreringsomgrepet handlar om individ eller minoritetar som skal integrerast i majoritetssamfunnet gjennom busetting, utdanning og arbeid.

vanskeleg å få tilhørsle og eit godt liv. Det gjeld alle, både tilflyttarar, majoritet og minoritet. Gjennom samarbeid på tvers av nivå og sektor kan ein i Vestland auke mangfald, integrering og inkludering. Det er møtet mellom menneske som er viktigast når det gjeld mangfald, integrering og inkluderingsarbeid. Eit av hovudprinsippa i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast. Difor må dei mest utsette personane prioriterast i mangfald, integrering og inkluderingsarbeid slik at dei kan ta eigne val i ulike sosiale settingar, kunst og kulturelle, idrett, fritids- og friluftsaktivitetar.

### Arbeid og kvalifisering

Det er viktig å skape inkluderande og opne lokalsamfunn, med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv. Å nå målet om å få fleire innvandrarar i arbeid krev eit tett samarbeid mellom introduksjonsprogram, NAV, voksenopplæring, dei vidaregåande skulane og næringsliv lokalt. Kommunane bør konkretisere i kommuneplanen sin samfunnssdel, eller anna planarbeid, korleis dei kan løyse desse utfordringane.


Kommunane, saman med fylkeskommune, sivilsamfunn, næringsaktørar og utdanningsaktørar skal bidra til at flyktingar og innvandrarar blir kvalifisert til å møte regionale behov for arbeidskraft og etablere tilhørsle til lokalsamfunnet.

Marginaliserte grupper er høgt representerte blant dei som framleis manglar formelle kvalifikasjoner. Dette kan auke risikoen for negativ sosial kontroll, fattigdom, arbeidsløyse og underrepresentasjon i utdanning og kvalifisering.

### Mangfaldsarbeid

Mangfaldsarbeid handlar om å sjå alle innbyggjarar som enkeltindivid – med ulike behov, kompetanse og bakgrunn. Mangel på fysisk tilrettelegging, barrierar (sosiale, kulturelle og religiøse) og språkhindringer skaper uvisse hos både tenesteytarar og mottakarar. Arbeidet for betre integrering og inkludering av minoritetar av ulike årsaker er viktigare i dag enn nokosinne. Kultur, næringsliv, frivilligkeit, skule og utdanning er arenaer for samhandling og utvikling av ny kunnskap.

Mangfold er òg viktig på individnivå. At enkeltmennesket får brukt kompetansen og kunnskapen sin gir auka livskvalitet som ikkje berre vil ha ein positiv effekt på enkeltindividet, men på familien og heile samfunnet.



Kva land kjem innvandrarane frå?

Mangfold er ei styrke for samfunn og kan gi verdifulle fortrinn m.a. for innovasjon og auka verdiskaping. Bedrifter med variasjon i tilsette og leiing, både kjønn, kulturbakgrunn og etnisitet, konkurrerer ut andre verksemder på lønsemeld og verdiskaping. Funn viser likevel at få verksemder har ein aktiv strategi for korleis mangfold i arbeidsmarknaden kan nyttast.

- |      |   |
|------|---|
| Mål: | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ingen skal utelatast.</li> <li>2. Mangfold, integrering og inkludering er eit samfunnsoppdrag med mål om å førebygge utanforsk og skape betre levekår for alle innbyggjarar.</li> <li>3. Integreringspolitikken skal føre til at fleire innvandrarar kjem i jobb, kan forsørge seg sjølv og sine, og har moglegheit til å delta i norsk kultur og samfunnsliv.</li> </ol> |
|------|---|

## 5.2. Folkehelse

Godt folkehelsearbeid sikrar både økonomisk, miljømessig og sosial berekraftig samfunn handlar om samfunn prega av tillit, tryggleik, tilhørsle og tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planprosessane kan det offentlege legge til rette for ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling. Utjamning av sosiale skilje, bygge ned barrierar for deltaking, tilrettelegging for gode og trygge nærmiljø, gode fritidstilbod og tilgjengelege tenester er noko av det viktigaste folkehelsearbeid inneberer.

Regionale samarbeid og klynger er viktig i arbeidet med folkehelse. Utviklingsarbeid innan t.d. bibliotek, fysisk aktivitet og kulturformidling har gode resultat og modellar frå samarbeid på denne måten. Denne måten å jobbe på vil vere avgjerande for gode resultat og utvikling i planperioden. Det er fleire gode døme på denne type samspel i Vestland. Kunnskapsklynga POLYFON arbeider for at musikkterapi skal vere tilgjengeleg for alle som ønsker og trenger det, og for å styrke det tverrfaglege samarbeidet om musikk som folkehelseressurs. Klynga består av kommunar, helseføretak og kompetanse- og forskingsmiljø. Idrettsklyngje Vest er ein katalysator for samhandling på tvers av åtte store aktørar i

Faktaboks frå Folkehelseundersøkinga:

Vestland fylkeskommune er ein av mange aktørar som jobbar med analyse av kunnskap på folkehelse. I tillegg til eigne data, er det mange gode kjelder til kunnskap på dette feltet, som stadig er i utvikling.

Vestland, innanfor idrett, fysisk aktivitet og folkehelse. Klynga legg til rette for møteplassar som sikrar kontinuerleg informasjonsutveksling, kunnskapsformidling- og utvikling på tvers av fagfelt og organisasjonar.

Eit viktig arbeid i planperioden er oppfølging av regionale strategiar for e-sport og frivilligheit. Dette er område som er knytt tett til arbeidet med folkehelse, både i frivillige lag og organisasjonar, kommunar og på regionalt nivå. Det tverrsektorielle er også her ein vesentleg faktor.

Livsmeistring er eit omgrep som tek føre seg utfordringar som barn og unge møter i sin oppvekst. Det kan vere knytt til psykisk helse, eteforstyrningar, likestilling, toxicity, ukultur blant ungdom, doping m.m. Det er viktig å sette barn og ungdom i fokus, og jobbe på tvers av samfunnsutfordringane for å sikre gode og trygge lokalsamfunn.

Faktaboks: folkehelseforum – eit tverrfagleg forum for folkehelsearbeid i Vestland

Det er mange ulike barrierar for deltaking, og arbeidet med å bygge ned desse barrierane er viktig for inkludering og deltaking. Det kan vere økonomi, alder, funksjon eller andre faktorar som hindrar folk i å vere ein del av kultur, idrett og frivilligheit.

God folkehelse har også økonomisk verdiskaping i form av t.d. redusert sjukefråvær og mindre utgifter til behandling av både psykisk og somatisk sjukdom.

Mål: Kultur, idrett og frivilligheit skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, livsmeistring og som utjamnar sosiale helseskilnader.

## 5.3. Kultur og helse

Forsking viser at kultur er helsefremmande, førebygger og rehabiliterer på ulike vis. Gjennom deltaking i kulturaktivitet, idrett og friluftsliv kan ein utvikle både fysisk form og psykisk helse, oppleve fellesskap og knyte sosiale band. Kulturopplevelingar og deltaking kan gi menneske ei kjensle av samanheng og reiskap til å møte utfordringar.

Kultur og helse-arbeidet har som mål å motverke inaktivitet og utanforskning, og å bidra til sosial berekraft. Fagområdet kultur og helse bygger på forsking lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Offentleg sektor er eit bindeledd mellom praksis og forsking, dvs. å utvikle og formidle ny kunnskap i praksisfeltet, å bringe erfaringar frå praksis til forsking, og å bidra til at resultat frå ny forsking vert tilgjengeleg for dei som arbeider i institusjonane og kommunane.

Å utvikle ein regional politikk for kultur og helse med relevante tiltak og verkemiddel er eit ansvar for fylkeskommunen. Nasjonale, regionale og lokale mål og føringer, forsking, erfarringsdeling og kunnskapsproduksjon dannar grunnlag for utvikling av politikken. Inkludering, universell tilrettelegging og antirasisme er grunnleggande føresetnader for arbeidet med kultur og helse. Fylkeskommunen arbeider for å auke kompetansen på fagområdet gjennom nettverksarbeid, prosjekt, kurs og konferansar, og vil også fremme kultur- og helseperspektivet i offentleg planleggingsarbeid.

Kultur og helse-arbeidet må ha heile befolkninga som mål, men med vekt på grupper som har særlege utfordringar. Fylkeskommunen og kommunane bør samarbeide om tiltak som kan bidra til å styrke psykisk helse for gruppa barn og unge mellom 13 og 20 år t.d. vert Ung kultur møtest (UKM) utvikla som heilårstilbod, og kan vere ein førebyggande arena.

Arbeidet må òg bygge på intensjonane i kvalitetsreforma i St.m. 15 *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*. Målet er auka livskvalitet og tryggleik i kvardagen og at eldre meistrar livet lenger. For å kunne nå desse måla må kommunane og fylkeskommunen utvikle kultur og helse-arbeidet i samsvar med intensjonen om tilpassa kulturaktivitetar.

Som del av Vestland fylkeskommune sitt samla arbeid med kultur og helse driv ein i dag arbeid for musikkterapi på systemnivå. Målet er å styrke tilbodet av musikkterapi i kommunane, og å bidra til utvikling av fagfeltet gjennom samarbeid med spesialiserte fagmiljø. Deltaking i Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi gjer at fylkeskommunen betre kan kvalitetssikre eiga rådgjeving, formidling og utviklingsarbeid. Ved kunnskapsdeling og prosjektsamarbeid i Polyfon har partane styrkt kvarandre og bidrege til utvikling på fagområdet. Fagleg samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, fag- og forskingsmiljø og institusjonar vil bidra til tenesteutviklinga innan kultur og helse.

Arbeidet for å synleggjere og fremme samanhengen mellom kultur og helse har lang tradisjon både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Vestland fylke har såleis eit godt utgangspunkt for å vere ein aktiv bidragsytar i vidare kunnskapsutvikling på feltet.

Mål: Utvikle og synleggjere samanhengen mellom kultur og helse og gjennom det motverke inaktivitet og utanforskap.

## 5.4. Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å legge til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Frå 2014 har fylkeskommunane hatt ansvar for å forvalte ordninga og skal tildelast kommunane etter søknad. Tilskotsordninga gjeld i Vestland personar over 67 år. Tilbodet i DKSS skal utformast i samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren.

Utvikling av DKSS krev tett samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Det er kommunane som har ansvaret for satsingar lokalt. Tiltak vert ofte planlagde og gjennomførte i samarbeid mellom institusjonar og frivillige organisasjonar. Fylkeskommunen står for kunnskapsspreiing, rådgjeving og koordinering. Det må leggast til rette for effektiv deling av idear og erfaringar mellom kommunane.

Gode ordningar for skyss til arrangement er viktig for at DKSS skal vere eit reelt alternativ for alle.

Gruppa eldre aukar i befolkninga, og det bør undersøkast meir korleis DKSS kan utviklast for i aukande grad å bidra til aktivitet og deltaking for eldre.

DKSS gir kunstopplevelingar for eldre heimebuande og personar på helseinstitusjonar der tilgang til kulturdeltaking er avgrensa samanlikna med samfunnet elles. Ordninga er såleis eit verkemiddel i arbeidet for sosial berekraft.

Det er behov for å systematisere erfaringane med DKSS i kommunane og å sette kunnskapen i samanheng med forsking på kultur og helse generelt.

Mål: Kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet til eldre i eit samarbeid mellom helse- og omsorgssektoren og kultursektoren.

